

Arbeidsrapport nr. 145

Ingun Klepp

Trivsel og integrasjon blant etniske minoriteter

Ein kvalitativ studie av afghanske og somaliske flyktingar
i to kommunar på Nord-Vestlandet



HØGSKULEN I VOLDA



2003

Prosjekt: Etniske minoritetar i Møre og Romsdal
Prosjektansvarlege: Møreforsking Volda og Høgskulen i Volda
Prosjektleiar: Johann Roppen
Finansiering: Møre og Romsdal fylkeskommune v/fylkesplanavdelinga
Ansvarlege utgivarar: Møreforsking Volda og Høgskulen i Volda
ISBN: 82-7692-203-1
ISBN: 82-7661-186-9
ISSN: 805-6609
Opplag: 150
Trykk: Egset Trykk AS, 6100 Volda
Distribusjon: Haugen Bok, 6100 Volda
Tlf. (ISDN): 70 07 45 00. Faks: 70 07 45 50
E-post: ekspress@haugenbok.no
Gnist Møre Volda, P.b. 278, 6101 Volda
Tlf. (ISDN): 70 07 53 85. Faks 70 07 53 86
E-post: sfsbok@hivolda.no

Om arbeidsrapportserien:

Arbeidsrapportar er faglege og vitakaplege arbeid som ikkje fullt ut stettar krava til forskingsrapportar. Det kan vere delrapportar innenfor større prosjekt, eller læremateriell knytt til undervisningsføremål. Arbeidsrapportane skal vere godkjende av anten dekanus, gruppeleiar, prosjektleiar, (for IAAI: instituttleiar) eller ein annan fagperson dei har utpeika og forskingskoordinator ved HVO/MFV. Kvalitetssikringa skal utførast av ein annan enn forfattar.

FORORD

Denne arbeidsrapporten er utarbeidd med tanke på å gje ein brei presentasjon og dokumentasjon av prosjektet "*Trivsel og integrasjon blant etniske minoritetar i Møre og Romsdal*". Den er hovudsakleg ein dokumentasjonsrapport for Møre og Romsdal fylkeskommune, og skal fungere som eit underlag for vidare arbeid med problemstillingar som rapporten reiser. Arbeidet med dette prosjektet vil òg ligge til grunn for vidare arbeid i form av artikkelskriving og eventuelt anna fagleg produksjon. Det ligg òg føre ein kortversjon frå prosjektet. Begge rapportane er tilgjengelege på Møreforsking Volda sine nettsider.

Prosjektet "*Trivsel og integrasjon blant etniske minoritetar i Møre og Romsdal*" er finansiert av Møre og Romsdal fylkeskommune, og det er planavdelinga som har vore oppdragsgivar.

Underteikna er høgskulelektor/cand. polit i sosialantropologi, har vore den utførande forskaren i prosjektet og står også ansvarleg for denne rapporten. Vesentlege delar av prosjektarbeidet har vore gjennomført innanfor stillinga som høgskulelektor ved Institutt for sosialfag ved Høgskulen i Volda.

Forskningsleiar dr. polit Johann Roppen ved Møreforsking Volda har vore prosjektleiar, og står som medforfattar i ein kortversjon av denne rapporten. Fagleg sett har han hovudsakleg hatt ei administrativ og formidlande rolle undervegs i prosjektet.

Masterstudent Nina Kvalen har også vore med i prosjektgruppa i delar av datainnsamlingsfasen i kommunane. Masteroppgåva hennar (Kvalen, 2003) har vore eit viktig bidrag i prosjektet.

Eg vil her nytte høvet til å takke alle som har teke del i arbeidet med prosjektet, og vore viktige informantar eller stilt opp på andre måtar. I særleg grad vil eg takke representantane i minoritetsgruppene og flyktningkonsulentane i begge kommunane for stor velvilje og hjelp undervegs.

Volda, desember 2003

Ingun Klepp

INNHOLD:

FORORD	3
DEL 1 BAKGRUNN OG PERSPEKTIV	7
1.1 INNLEIING	7
1.1.1 "Kunnskap om mangfold gir vekst – etniske minoriteter"	7
1.1.2 Problemstilling	8
1.2 TEORETISK TILNÆRMING	8
1.2.1 Funksjonell og kulturell integrering	8
1.2.2 Integrering – likskap eller likeverd?	9
1.3 UTVAL OG ARENA FOR FELTARBEID	12
1.3.1 Majoritetsperspektiv	12
1.3.2 Minoritetsperspektiv	12
1.3.3 Bykommunen	13
1.3.4 Bygdekommunen	14
1.4 INFORMANTANE SIN SOSIOKULTURELLE BAKGRUNN – UTVALDE TREKK	15
1.4.1 Kommentarar til figur 1	16
1.5 METODE	17
1.5.1 Kvalitative intervju og observerande deltaking	17
1.5.2 Familiare som informantar	17
1.5.3 Einslege og ugifte som informantar	18
1.5.4 Analyse	18
1.5.5 Forskingsetiske refleksjonar	20
DEL 2 LOKALE INTEGRASJONSPROSESSAR	21
2.1 INNLEIING	21
2.2 SAMHANDLING I LUKKA ROM	22
2.2.1 Familiare	22
2.2.2 Slektkap og klansfellesskap	33
2.2.3 Vennskap og naboskap	35
2.3 SAMHANDLING I OPNE ROM	39
2.3.1 Arbeid	39
2.3.2 Utdanning	46
2.3.3 Skule og barnehage	48
2.3.4 Fritid	51
2.4 OPPSUMMERING	55
DEL 3 SAMANLIKNING MELLOM BYGDE- OG BYKommUNE	57
3.1 INNLEIING	57
3.2 MAJORITETSPERSPEKTIV PÅ BUSETJINGA AV FLYKTNINGAR I UTVALSKOMMUNANE	57
3.3 SOSIAL ORGANISERING OG DELTAKING I LOKALMILJØ; BYGD OG BY	58
3.3.1 Sosial kontroll, framandleik og ambivalens	59
3.3.2 Ingen stader å stikke seg bort	61
3.3.4 "Ghettoisering" eller fornuftig bustadkonsentrasjon?	61
3.4 AVSLUTNING	62
DEL 4 TILTAK	64
4.1. INTEGRERINGSTILTAK PÅ SENTRALE ARENAER	66
VEDLEGG 1: SOSIOKULTURELLE FORHOLD I AFGHANISTAN OG SOMALIA	67
VEDLEGG 2: INTERVJUGUIDE	72
KJELDER OG LITTERATUR	75

DEL 1 BAKGRUNN OG PERSPEKTIV

1.1 Innleiing

1.1.1 "Kunnskap om mangfold gir vekst – etniske minoritetar"

Bakgrunnen for denne rapporten er å auke kunnskapen om korleis distriktskommunane kan legge til rette for attraktive miljø for busetting og integrering av flyktningar. I samband med evalueringa av fylkesdelplan for likestilling 2000- 2003, "Likestilling og mangfold", blei det avdekkja at ein generelt har mangel på kunnskap om innvandrurar og flyktningar i Møre og Romsdal. Det vart på bakgrunn av dette utarbeidd følgjande tiltak: "...*Det bør engasjerast eit forskingsmiljø som kan undersøke innvandrurar og flyktningar sin livssituasjon i fylket.*" (Årsrapport 2002, Likestillingsutvalet i M & R fylkeskommune). Møreforsking Volda vart engasjert for å gjennomføre dette arbeidet.

Den 29. november 2002 kalla difor Møre og Romsdal fylkeskommune inn til eit idémyldringsmøte i Molde. Nøkkelpersonar frå ei bykommune og ei bygdecommune var inviterte til møtet, i tillegg til to forskrarar frå Møreforsking Volda. Formålet med møtet var å utveksle røynsler frå dei to distrikta og å løfte fram idear og relevante problemstillingar som Møreforsking kunne dra vekslar på i eit forskingsoppdrag.

I undersøkinga har ein lagt vekt på å få fram minoritetane sitt syn på eigen livssituasjon og kva dei ser på som viktige faktorar i ein integrasjonsprosess. Dette er grupper som i mange samanhengar kan ha vanskar med å kome til orde, ikkje minst i ein offentleg diskusjon om integrering, samstundes som mange andre grupper, som kommunalt tilsette, politikarar og media kan ha sterke oppfatningar om korleis situasjonen deira er – og bør vere.

Bygdecommunen er valt med bakgrunn i at dette er ein kommune med typiske distriktsutfordringar når det gjeld næringsgrunnlag og busetting. Det er også ein kommune som gjennom offentlege tiltak og prioriteringar har satsa nokså omfattande på integrering av etniske minoritetar.¹ Bykommunen er valt fordi det er ein småby som gjerne får tilflytting (sekundærtilflytting) av flyktningar frå nærliggande landområde, og der ein kan sjå tendensar av gettofisering av etniske minoritetar i visse delar av byen.

Bykommunen sine representantar ønskte å få undersøkt kvifor etniske minoritetar er fråverande på viktige arenaer i samfunnet, som til dømes i politikken og i lokale lag og organisasjonar. Det vart også peika på eit behov for å nyansere integrasjonsomgrepet; ikkje minst med utgangspunkt i kva mening djup og varig integrasjon kan ha, og kva verdi det kan ha ikkje berre *om*, men *kvar* flyktningane er integrert – i minoritetskulturen eller i majoritetskulturen?

Bygdecommunen sine representantar var opptekne av korleis det kan skapast eit attraktivt lokalmiljø, slik at etniske minoritetar skal få lyst til å bli buande i kommunen. Det var m.a. ønske om å undersøke utestengingsmekanismar i lokalt arbeids- og organisasjonsliv. Spørsmålet om småby og distrikt kan ha ulike utfordringar som krev andre (eller forskjellige) handlingar og/eller prioriteringar, vart også trekt fram som interessant for undersøkinga.

¹Les meir om dette i Kvalen, 2003

Det er ikkje gjort undersøkingar innan det lokale arbeids- og næringslivet. Synet på arbeid som trivselsfaktor og integrasjonsarena blant informantane, har likevel ein sentral plass i undersøkinga. Dette er også perspektiv som kan vere interessante i ei eventuell vidareføring av prosjektet.

1.1.2 Problemstilling

Endeleg problemstilling for forskingsprosjektet er utvikla gjennom kontakta med informantane, både i minoritetsgruppene og i majoritetsgruppa under dei første feltarbeida i kommunane. Problemstillinga har fått følgjande todeling:

- Kva kjenneteiknar informantane sin livssituasjon i kommunen, og kva meiner dei er viktige føresetnadar for trivsel og integrasjon lokalt?
- Er det forskjellar mellom bygd og småby med innverknad på integrasjonsprosessen?

1.2 Teoretisk tilnærming

1.2.1 Funksjonell og kulturell integrering

Når omgrepet integrering vert nytta i faglitteraturen og i offentlege dokument, dreier det seg ofte om ”noko som skjer” (dvs. sosiale prosessar) i spennet mellom ytterpunkt assimilering og segregering. Assimilering tyder at innvandrarar gir avkall på eigen kultur og etterkvart blir så like den norske at dei ikkje kan skiljast ut som eiga gruppe lenger (Djuve og Hagen, 1995). Segregering tyder at innvandrarar lever isolert, med liten eller ingen kontakt med den norske majoriteten. Andre igjen (Sam, 1995) brukar omgrepet marginalisering for å forklare sosiale prosessar i situasjonar der flyktningar opplever å verte isolerte både frå eiga etnisk gruppe og frå ein majoritet.

Sett frå informantane i denne undersøkinga sin ståstad, kan det vere fruktbart å skilje mellom det å vere ein norsk borgar med formelle, offentlege rettar og plikter i Noreg, og det å ”bli norsk” i tydinga av å vere ein norsk kulturerbar. Det kan difor vere nyttig å tale om ei *kulturell* og ei *funksjonell* forståing av omgrepet, slik m.a. Hagen og Djuve (1995) nyttar omgrepet.

Ei kulturforståing av omgrepet legg vekt på i kva grad minoritetsgrupper tek del i samfunnet sine felles institusjonar gjennom t.d. arbeid og utdanning, samstundes som dei held vedlike eigen (etniske) identitet og kulturelle sær preg. Ein legg såleis avgjerande vekt på innvandrarane sin rett til å vere forskjellige, samstundes som det vert stilt krav til dei om ein viss konformitet med majoritetsbefolkninga. Med andre ord har omgrepet i denne tydinga eit normativt innhald, ved at det indikerer at ein kan vere forskjellig, berre det ikkje er på kollisjonskurs med norsk lov. Marianne Gullestad (1989, 2002) er mellom dei som i forskinga si har peika på *likskapsideologien* som eit dominant trekk i den etnisk norske befolkninga. Likeverd vert gjerne oppfatta synonymt med likskap, hevdar ho. I lys av dette kan det nok i mange situasjonar synest å vere ein lav terskel for kva som vert oppfatta som ubehageleg forskjellig i inter-etniske relasjonar.

I ei funksjonell forståing av omgrepene, vert *praktiske forhold* tillagt størst meinings i ein integrasjonsprosess. T.d. ser ein på om flyktningane maktar å tilpasse seg institusjonar, normer, språk og kultur i majoritetssamfunnet, i den grad det er naudsynt for å fungere normalt. Kva som er normalt kan sjølv sagt vere så mangt, og kan diskuterast i kvart tilfelle. Må personen t.d. vere i arbeid eller under utdanning for å vere integrert? Er det ”normalt” å vere arbeidsledig og sosialklient? Er det nok at personen fungerer i arbeid og elles held seg til sine nærmeste på fritida?

1.2.2 Integrering – likskap eller likeverd?

I intervju og samtalar med offentleg tilsette i kommunane, kom det fram at mange meiner flyktningane i for liten grad er deltakande på viktige lokale arenaer. Døme på slike arenaer er ulike private lag og organisasjonar, arrangert og initiert av majoritetsgruppa. Som det kunne bli uttrykt: *Dei (flyktningane) er ikkje med på det som skjer lokalt; og held seg berre til sine eigne.* Det vart i liten grad stilt spørsmål ved kvifor nordmenn så sjeldan er med på *det som skjer* der flyktningane sjølv oppheld seg. Og kvifor vi held oss (stort sett) berre til våre eigne?

Spørsmåla leiar til mange refleksjonar, ikkje minst i høve til korleis partane i relasjonane tenkjer om kategoriane ”oss” og ”dei”. Kven skal og bør integrerast? Er det ”vi” eller ”dei”? Eller er det alle partar i relasjonen? Og må nødvendigvis integrering tyde viktige identitetsmessige *endringar* for at individua skal kunne samhandle og fungere saman?

Sjølv om det i rapporten blir lagt vinn på å presentere minoritetsgruppene sine perspektiv, er det uråd, og dessutan lite fruktbart, å ikkje samstundes ha eit sideblikk til majoriteten. Dette er ikkje minst viktig fordi det dreiar seg om sosiale prosessar som overlappar og nærast føreset kvarandre.

Integreringsomgrepet er mangetydig og kontekstavhengig, det er nytta i ulike samanhengar og til ulike formål. I offentlege dokument og retningslinjer vert omgrepet m.a. definert slik:

Inkludering av individ eller grupper (som minoritetar) på like vilkår i samfunnet, i ein organisasjon eller på ulike samfunnsmiljø (som utdanningssystemet, arbeidslivet eller bustadmarknaden). I omgrepet ligg det at det må vere ei gjensidig tilpassing mellom gruppene i samfunnet (St.melding 17 (2000-2001):7).

Dette er sentrale flyktningpolitiske målsetjingar og ideal, innretta mot ulike administrative nivå (stat, fylke, kommune). Definisjonen er prega av egalitær retorikk, basert på ein føresetnad om likeverd. Nemninga ”på like vilkår” vil likevel stadig vere gjenstand for tolkingar, på same måte som ”gjensidig tilpassing mellom gruppene” vil vere eit stadig tilbakevendande tema mellom ulikt posisjonerte grupper og interesser av ulike styrkeforhold (majoritet – minoritet).

Ein kan stille spørsmål ved slike ideelle målformuleringar i offentlege dokument: Kva lokale uttrykk får dei? Og kan dei t.d. vere med på å dekke over det *asymmetriske* forholdet som fleire (m.a. Tord Larsen, 1999) hevdar karakteriserer nettopp forholdet mellom minoritet og majoritet?² Også Long Litt Woon (1992) er oppteken av dette. Ho peikar på at makt-

² Larsen siktar her til forholdet mellom ikke-europeiske innvandrargrupper og majoriteten

forskjellar gir majoritet og minoritet ulike muligheiter til å skape eit meiningsfylt liv slik dei sjølv definerer det, fordi den eine parten er i ein posisjon der det er mogleg å definere den andre sine sjansar og stilling i samfunnet.

Tyder så dette at ein ikkje bør ha ideelle målsettingar og nettopp ta høgde for ideal om ”like vilkår”? Sjølv om formuleringar som i St. meld. 17 er vase, vil dei likevel vere viktige insitament i ein politisk prosess som avgjer kva status minoritetane bør ha i ein majoritet – minoritetsrelasjon. Det er likevel ingen gode grunnar for ikkje å stille spørsmål ved *måten* ein formulerar slike ideelle mål på, og korleis denne måten, som kan karakteriserast som vag (jamfør også Djuve og Hagen, 1995), kan verke inn på lokale praksisar.

I ein artikkel om ”den norske væremåten” hevda Julian Kramer i 1984 at det knapt finst eit politisk dokument som kan gi noko klar utgreiing om korleis ein kan oppnå den ønska etniske pluralismen.³ Kramer skriv at ”...hvis man går nærmere inn på disse dokumentene, som ellers er positive til kulturell balanse mellom grupper, så forutsetter de at kompromissene i realiteten skal gjøres fra den ene part.” I dag, snart 20 år etter at artikkelen vart skriven, kan ein spørje om ein er kome særleg lenger i høve til ei konkretisering av temaet. Handlar det i praksis framleis om korleis minoritetane kan få høve til å tilpassa seg det norske samfunnet, og *endre* seg, slik at dei skaper minst mogleg kulturelle problem? Og er det slik at det norske samfunnet oftast vert teke for gitt, som noko stabilt, harmonisk og uforanderleg?

Om hjelparane si hjelpeøyse

Eg vil trekke vekslar på nokre tankar eg gjorde meg i ein tidlegare studie av relasjonar mellom somaliske foreldre og det kommunale hjelpeapparatet i ein bygdeby på Sunnmøre (Klepp, 2002). Eg omtalar her det krysspresset mange i det offentlege systemet opplevde, når dei gode, velmeinande tiltaka for integrering av flyktningar ikkje var like ønska frå målgruppa si side.

Informantar i det lokale offentlege hjelpeapparatet i bygdebyen Berg gav uttrykk for ei oppfatning om at det var plikta deira, i tråd med nasjonale flyktningpolitiske føringar, å sette i verk ulike tiltak.⁴ Målet var å fremje integrering av flyktningane i lokalsamfunnet, *spesielt* i høve somaliarane, fordi, som tilsette ved flyktningkontoret sa det: ”Dei er den flyktninggruppa som har hatt størst problem med å innrette seg etter norsk skule- og barnehagesystem”.

Det høyrer med til historia her at ingen av dei i alt åtte somaliske familiane som budde i kommunen på denne tida, var sosialhjelpsklientar. Alle familiane hadde minst ei arbeidsinntekt, og hadde skaffa seg både arbeid og bustad utan å gå vegen om det offentlege hjelpeapparatet først.

Tilsette i kommunen sa likevel dei kjende seg ”litt hjelpeause” når somaliske foreldre responderte med å halde seg borte frå, eller takka nei til gode og velmeinande tiltak frå det offentlege. Slike tiltak kunne til dømes vere barnehageplass til dei minste barna slik at mødrene kunne få høve til skulegang/utdanning, og barna lære betre norsk språk og kultur (t.d. norske leikekodar). Eller det kunne vere knytt til typiske aktivitetar og pedagogiske

³ ”Norsk identitet – et produkt av underutvikling og stammetilhørighet” i Klaussen (1984)

⁴ Jamfør ”Kommunane har eit særskilt ansvar for å legge til rette forholda slik at flyktningar kan delta i samfunnet på lik linje med befolkninga elles” (St.meld. 17: 82)

opplegg i grunnskulen, som gymnastikk, symjing og KRL-faget (Kristendom, religion og livssynsundervisning).

Strategiar frå foreldra si side for å få gjennomslag for visse endringar av ”det norske” til ei meir tilpassa ”somalisk” form, vart gjerne oppfatta som problematisk, ikkje veldig problematisk, men ”litt problematisk”.⁵ Det representerte i verste fall eit ubehag og ei underliggjande uro for framtida; korleis skal det gå dersom alle flyktningar skal få viljen sin til endring av norske tradisjonar? Under eitt av dei tverretatlege samarbeidsmøta i kommunen sa ein av dei som var til stades: ”Viss vi berre får grep om problema før dei utviklar seg og kjem ut av kontroll; så kan dette gå bra.”

Slik informantar innan hjelpeapparatet i Berg tolka omgrepet integrering, var det først og fremst i tydinga ”ei tilpassing til det norske”, framfor ”ei tilpassing til det somaliske”. Dette kan synest naturleg nok, ”vi bur då i Noreg”, vil mange hevde. Det som er poenget her er likevel ikkje om den eine eller andre tilnærminga er ”rett” eller ”feil”. Det dreiar seg meir om *måten* hjelpeapparatet vender seg til flyktningane på. I ein del situasjonar vil det kanskje vere meir naturleg å bygge opp eit tillitsforhold til nokre av minoritetsgruppa sine talspersonar, og bruke desse til betre å forstå kva som rører seg i miljøet.

Dei somaliske familiane som budde i sentrumsområdet bygde tette, nære etniske fellesskap og ”heldt seg stort sett til sine eigne”, som majoritetsbefolkninga uttrykte det. I familiære konfliktar vart deira eigne eldste og klansmedlemer rekrutterte som meklarar framfor å sokje hjelp frå ein offentleg hjelpeinstans. Dette kunne tolkast som ein motstand mot å bli assimilert i det norske.

Somaliarane vart gjerne samanlikna med dei bosniske flyktningane som budde i same bygdeby. Bosniske flyktningar i kommunen var også muslimar som somaliarane, men som nokre av dei etnisk norske informantane sa: ”Dei er meir muslimar slik som vi er kristne”. Bosniske flyktningar vart oppfatta som meir ”tilpassingsdyktige” enn somaliarane, fordi det kunne synast som dei hadde innretta seg meir etter lokale praksisar. Kanskje var det òg fordi dei av utsjånad ikkje stakk seg ut som ”annleis”? Av den grunn var bosniarane ikkje fullt så synlege der dei ikkje ”burde” vere synlege (som t.d. gåande i gatene fleire saman eller på kafè i ”beste arbeidstid”), og dei var heller ikkje så usynlege der dei ”burde” vere synlege (som på dugnadar, foreldremøte, offentlege arrangement i ulike lag og organisasjonar).

At fleire innan hjelpeapparatet i dette lokalsamfunnet sa dei kjende seg litt ”hjelpelause” (meir i tydinga rádlause) i forholdet til dei somaliske familiane, har truleg mange forklaringar. Det kan likevel vere grunn til å sjå dette i tilknyting til det eg kallar for eit krysspress. På den eine sida opplevde offentleg tilsette i kommunen å vere bundne til moralske, juridiske og profesjonelle forpliktingar til å utøve eit mandat, hovudsakleg oppfatta som *endring* frå somalisk kultur og tradisjon til norsk kultur og tradisjon. På den andre sida opplevde dei å mislukkast i ei implementering av dette mandatet fordi målgruppa sette seg imot dette. Dei responderte annleis på tiltaka enn det andre flyktninggrupper i kommunen hadde gjort. I lys av dette kan ein spørje i kva grad flyktningar må vise vilje til *endring* av eigne kulturelle særtrekk for å bli oppfatta frå majoriteten som integrerte. Forventar majoriteten at flyktningar skal assimilerast i det norske og bli mest mogleg like oss?

⁵ Forhandling med lærarar /skulekontor om endring av rutinar for dusjing i samband med gym /symjing, eller om fritak for barna i KRL (Kristendom, religion og livssynsundervisning) timane.

1.3 Utval og arena for feltarbeid

1.3.1 Majoritetsperspektiv

Tilsette innan ulike kommunale etatar og verksemder er intervjuer i begge kommunane. Her kan nemnast flyktningkonsulentane og andre tilsette ved flyktningkontoret, lærarar og rektor ved eit utval barne- og ungdomsskular, Vaksenopplæringa, psykososialt team (bygdekommunen), tilsette ved asylmottak (bygdekommunen), biblioteka og ordførar (bygdekommunen).

Fleire av desse intervjuer vart gjennomført saman med masterstudent Nina Kvalen. Kvalen fullførte masteroppgåve i samfunnsplanlegging ved Høgskulen i Volda våren 2003. Oppgåva, som har tittelen *Bosetting og integrering i en by- og bygdecommune. Samarbeid, erfaringer og tiltak*, fokuserer på majoritetsperspektivet (kommunale instansar) i integreringa av flyktningar i dei to kommunane.

1.3.2 Minoritetsperspektiv

Utvalet i begge kommunane er etniske minoritetar som har fått godkjent opphaldsløyve i Noreg, og er busette i dei to kommunane. Ytterlegare avgrensing vart i all hovudsak gjort til *somaliske* og *afghanske* flyktningar i begge kommunane.⁶ I alt 34 informantar over 18 år har teke del i undersøkinga. Av desse er 19 kvinner og 15 menn. 18 av informantane er busette i bykommunen og 16 i bygdekommunen. Til saman 11 familiar (av desse er 4 fleirgenerasjonshushald) inngår i undersøkinga. 5 av informantane er ugifte og 2 gifte, med ektefelle og barn i heimlandet.

I begge kommunane utgjorde afghanske flyktningar den største flyktninggruppa busett pr. 2003. Somaliske flyktningar utgjorde neststørste gruppe busette i bykommunen, medan dei var tredje største gruppe i bygdekommunen.

På nasjonalt nivå utgjer den afghanske befolkninga i Noreg i alt 2.092 personar, medan den somaliske befolkninga utgjer i alt 11.130 personar (Statistisk sentralbyrå).

I 2003 har tilstrøyminga av asylsøkjarar til Noreg vore dominert av fire nasjonalitetar (Serbia, Somalia, Russland og Afghanistan). Av dei ti største nasjonalitetane utgjer desse fire ca. 50 prosent av den totale tilstrøyminga. Somaliarane utgjer den nest største søkjargruppa, medan afghanarane utgjer den fjerde største gruppa (ibid).

Både afghanske og somaliske flyktningar representerer særskilde utfordringar for distriktskommunane, ikkje minst med bakgrunn i at det innanfor nemnde grupper er registrert stor arbeidsløyse og analfabetisme. I tillegg representerar overgangen frå både det somaliske og afghanske kvardagslivet til det norske kvardagslivet, ekstreme sosiale, økonomiske og

⁶ I bykommunen vart også to bosniske informantar med familiar intervjuer. Desse kom til kommunen 1993. I bygdekommunen vart også kosovo-albanske flyktningar intervjuer. Til saman har desse gitt eit meir nyansert bilet på korleis faktorar som *tid og livslaup*, samt *kulturell nærliek/avstand* kan verke inn på integrasjonsprosessen.

kulturelle forskjellar (sjå figur 1). Det har difor vore viktig å undersøke korleis informantane opplever desse forskjellane i møte med majoritetsamfunnet, og kva tilnærming informantane opplever at kommunen (primært det offentlege, men også det lokale naboskapet og ”mannen og kvinnen i gata”) har til dei.

1.3.3 Bykommunen

Bykommunen er ein av tre byar i fylket der innbyggjartalet er over 20.000. Av desse er det over 1000 innvandrarar, frå meir enn 90 nasjonalitetar.

Innbyggjarane i bykommunen er stort sett sysselsette innan tenesteytande næringar i offentleg verksemd, varehandel, hotell- og restaurantbransjen. I tillegg utgjer fiskeri og maritime industribedrifter viktige økonomiske grunnlag for folk.

Til liks med ein del andre kommunar i fylket har bykommunen teke imot flyktningar sidan slutten av 1980-talet. Dei første som kom var flyktningar frå Vietnam. Seinare kom større grupper frå Sri Lanka og Bosnia. Dei første flyktningane frå Somalia kom som sekundærflyktningar⁷ tidleg på 90-talet. Seinare utover nittitalet har kommunen også busett primærflyktningar frå Somalia. Frå 2001 har kommunen busett flyktningar frå Afghanistan. I perioden 1999 – 2002 vart det i alt busett ca. 80 flyktningar i bykommunen.

Bykommunen er som byar flest på denne storleiken delt i fleire bydelar. Bydelane skil seg fra kvarandre utifrå eit sosioøkonomisk perspektiv, og ein kan tale om ein viss klassedeling. På folkemunne finnast kategoriar som ”byens betre strøk ” og ”byens dårligare strøk”. Det som er særleg interessant her er at dei etniske minoritetane i byen, i all hovudsak er busett i den eller dei bydelane med høgst bukonsentrasjon av vanskelegstilte og til dels ressurssvake grupper (økonomisk, sosialt). I desse bydelane kan ein tale om ein delvis forslumming av bygningsmassen, samt sterkt trafikk der det er få eller ingen friareal eller parkanlegg i nærleiken.

Byen har ei rekke offentlege møtestadar som pubar, restaurantar og diskotek. Dei fleste av desse møtestadane er dominert av majoritetsbefolkinga, men byen har etterkvart også fått eit fargerikt preg over seg ved at ei rekke restaurantar, kafear og butikkar er drivne av innvandrarar frå ulike etniske grupper

Som *småby* har bykommunen visse likskapar med bygdesamfunnet sin sosiale dynamikk og struktur; og som arena for utforming og vedlikehald av sosiale nettverk (Høgmo, 1998). Småbyen kan gjerne vere ein stad der ein dagleg treff venner og slektingar. I motsetnad til bygdekommunen kan ein likevel tale om ein relativt liten sosial kontroll utanfor folk sine familie, venne- og slektsnettverk. Småbyen har heller ikkje bygdesamfunnet sin moralske struktur, der alle er meir eller mindre deltarar. I staden har småbyen meir til felles med storbyen, i den forstand at folk stort sett korkje føler seg forplikta til, eller er i ein posisjon, der dei kan handheve moralsk struktur (ibid). Ein møter folk på gata som ein nok har sett før, men som ein ikkje har nokon relasjon til utover det. Ein treng verken helse eller gi seg nærmare til kjenne.

⁷ Flyktningar som i utgangspunktet var busett i andre norske kommunar før dei flytte til bykommunen på eige initiativ.

1.3.4 Bygdekommunen

Det bur i dag under 5000 innbyggjarar i bygdekommunen. Vel 1000 av desse bur i sjølve kommunenesenteret, og av desse igjen er 160 innvandrarar. I perioden 1999 – 2002 busette bygdekommunen i alt ca.70 flyktningar. Dvs. berre 10 færre enn bykommunen i same periode. Det kan vere grunn til å tru at dette signaliserer ein langt større politisk vilje til mottak av flyktningar i bygdekommunen, enn i bykommunen.

Våren 2003, då denne undersøkinga vart gjennomført, budde ca. 60 av desse framleis i kommunen, fordelte på 16 hushald. Dei resterande 10 hadde flytta til meir urbane kommunar.

Eit asylmottak er òg lokalisert i nærområdet, der det er plass til ca. 160 asylsøkjarar. Desse blir ikkje registrerte som del av kommunens innbyggjartal før dei har fått godkjent opphaldsløyve.

Halvparten av dei yrkesaktive i bygdekommunen er sysselsette innan offentleg og privat tenesteyting, med kommunen som største arbeidsgivar. Resten er sysselsette innan industri, handverk, jordbruk, skogbruk og fiske. Ein del av innbyggjarane har arbeidsplassen sin i nabokommunane og baserer seg på dagpendling.

I eit bygdesamfunn som dette er det ein langt sterkare sosial kontroll blant befolkninga enn det som gjerne kjenneteiknar den meir urbane og lett kaotiske livsstilen i småbyen. Majoritetsbefolkninga er knytt til kvarandre gjennom mange og sterke familie- slekts- og venneband. Ofte er desse familiene knytt til jord og stadnamn med lange tradisjonar. Men bygda er også prega av modernitetens flyktige og omskiftande livsstil, og folk er også her ”travelt opptekne med sitt”. Naboskap er ikkje nødvendigvis lenger det ein gong var; nemleg eit sosialt rom der det var vanleg at ein berre kunne stikke innom for å låne ein kopp sukker og samstundes dele daglegdagse gleder og sorger. Folk flyttar ut av bygda og andre inn, gjennom giftarmål eller av andre grunnar. ”Naboen” kan like gjerne vere 30 mil unna, m.a. også fordi telefon og Internett har brote ned geografiske avstandar.

Trass i moderniseringss prosessar og urbane livsstilar er sosial organisering og integrasjon i bygdekommunen framleis dominert av sterke moralske fellesskap og tilknyting til *staden*. Det kjem mellom anna til uttrykk gjennom at ”nokre er i slekt med kvarandre” og at ”nokre er meir herifrå enn andre” (Klepp, 2002). Dette er kategoriar som gjerne vert oppfatta som grensemarkeringar mellom ”oss” og ”dei”, ofte formulert i termar som ”dei som er herifrå” og ”innflyttarane”.

1.4 Informantane sin sosiokulturelle bakgrunn – utvalde trekk

Figur 1 Sosiokulturell bakgrunn – nokre utvalde trekk			
	Majoriteten	Minoritetsgruppene	
Nasjonalitet/ Etnisitet	Norsk Delt langs fylke/regionar. Eks. Møre og Romsdal, <i>Sunnmøringer</i> , <i>Romsdalingar</i> , <i>Nordmøringer</i> osv.	Afghansk Delt langs fire store etniske divisjonar/grupper. Eks. <i>Pashtun, Tajik, Hazara, Uzbek</i> I tillegg ei rekje mindre grupper	Somalisk Delt langs seks store klans- familiær. Knytt til avgrensa landområde. Eks. <i>Darood, Isaaq, Hawiye, Dir, Digil, Rahanwayn</i> . Samt under- grupper av desse igjen. Diasporasamfunn ⁸
Slektskap (genealogi)	Kognatisk avstammingsystem. Dvs. gruppemedlemskap vert overført gjennom begge slekttslinjene (bilateralt). Ein ser likevel fortsett tendensar til patrilinear tenking i høve arv og rettar. T.d. monarkiet, jordbruksamfunn m.m.	Patriarkalsk avstammingsystem. Dvs. gruppemedlemskap og ressursar skjer unilineært gjennom farslinja. Urbane livsstilar samt praktiske, geografiske, økonomiske, politiske forhold påverkar i retning av ei meir pragmatisk tenking, der slektningar på begge sider kan vere likestilte.	Patriarkalsk avstammingsystem. Dvs. gruppemedlemskap og ressursar skjer unilineært gjennom farslinja. Også her kan slektningar på morssida vere viktige, avhengig av økonomisk og sosial kontekst.
Kjønn	"Likskapsideologi" mellan kjønna. Likevel store variasjonar avhengig av individuelle og strukturelle forhold.	Sterk alder og kjønnsdeling. Finnast også individuelle og strukturelle variasjonar, avhengig av utdanning, familiebakgrunn, by eller landbakgrunn, og politisk og religiøst regime i landet.	Sterk alder og kjønnsdeling. Somaliske kvinner har likevel tradisjonelt sterkt posisjon i den private sfære (heimen, familien), og kan synest å framstå som viktige bidragsytarar også på andre område i samfunnet ⁹ .
Politisk situasjon	Fred Nasjonal identitet prega av etterkrigstid og okkupasjon 1940-45, og ein nasjonal identitetsretorikk knytt til <i>likskap</i> og <i>solidaritet</i> , gjennom ein sosialdemokratisk	Krig Ein krig prega av kamp mellan ulike grupper (klanar) der konflikten grovt sett dreier seg om politisk, økonomisk og ikkje minst religiøst hegemoni. Den <i>religiøse faktor</i> har framstått som dominant.	Krig Krig prega av klanifisering og <i>områdebestemte feidar</i> mellom klanar, og der kampen grovt sett dreiar seg om det politiske og økonomiske hegemoniet.
Økonomisk situasjon	Gj.sn. høg økonomisk levestandard pr. innb.	Ekstrem fattigdom (periodevis hungersnaud)	Ekstrem fattigdom (periodevis hungersnaud)
Religion	Kristendom <i>Den norske kyrkja</i> : 85 %, frikyrkja + andre religiøse grupper, ca. 15 %	Islam Sunni: 84 % Shi'a: 15 %	Islam Sunni: ca. 99 %
Stat	Sterk stat / velferdsstat	Svak stat, sterkt klansorientert	Statlaust samfunn, klansstyrt
Andre relevante utviklingstrekk	Moderne /vestleg livsstil Sterk skriftleg kultur To skriftsspråk (nynorsk og bokmål)	Førmoderne / moderne livsstil, urban-rurale kontrastar, delt i fleire språk.	Førmoderne livsstil, sterkt oral kultur, med eitt felles språk <i>somali</i> (vart innført som skriftsspråk frå 1972)

⁸ Safran i Clifford (1997) omtalar *diasporasamfunn* som eksilgrupper som er avgrensa frå sitt opphavelege sentrar, og som prøver å oppretthalde myter og visjoner om det som var, og som kjenner at det er viktig å kunne vende attende til fedrelandet; eit land eller ein visjon dei kan vere viljuge til å kjempe for.

⁹ Hassan Keynan (2002:28) skriv om somaliske kvinner i Somalia at: "Den samme kulturen som marginaliserer, og til tider fullstendig ekskluderer kvinner, har også i seg frigjørende kvaliteter som setter somaliske kvinner i stand til å spille en avgjørende rolle i nasjonale forhold, særlig med hensyn til spørsmål vedrørende forsoning, fred og sosial rettferdighet."

1.4.1 Kommentarar til figur 1

Figur 1 syner nokre kontrastar og variasjonar mellom minoritetsgruppene, og mellom majoriteten og minoritetsgruppene.

Det er ikkje mogleg å gi ein utfyllande informasjon om Afghanistan og Somalia her. Målet er meir å trekke fram nokre haldepunkt og utvalde trekk ved informantane sin landbakgrunn. Utvalde trekk tyder i denne samanheng ein kombinasjon av forskaren sine presiseringar og informantane sine oppfatningar av sentrale trekk ved landa dei kjem frå, og som informantane oppfatta som kontrastar til det norske samfunnet. Det er viktig å presisere at sjølv om minoritetsgruppene har ein del fellesstrekk knytt til samleomgrepa *kjønn, religion, slektskap* (genealogi), *stat, politikk* og *økonomi*, er det likevel store variasjonar, både mellom informantgruppene (interetnisk) og mellom individua i gruppene (intraetnisk). Nokre av desse variasjonane er påpeika i figuren, andre igjen vil bli omhandla undervegs i rapporten. Sjå elles Vedlegg 2 til rapporten, som gir meir utfyllande informasjon til figur 1.

Å framstille majoritet og minoritet innanfor ein modell som i figur 1 inneber fare for tap av viktige nyansar. I verste fall kan modellen framstå som ei skildring av "dei andre" sitt elende. Nyansar knytt til meir negative sider ved moderniseringsprosessar i majoritetsamfunnet kjem heller ikkje fram her. På same vis som ein kan gå ut frå at moderniseringsprosessar også går føre seg i Afghanistan og Somalia, syner heller ikkje ei skjematiske framstilling som dette at før-moderne prosessar og klanstenking i norske lokalsamfunn lever i beste velgåande (jamfør m.a. Kramer, 1984, Sørhaug, 1984, Høgmo, 1995).

Målet med modellen i figur 1 er altså å generalisere nokre kontrastar og likskapar, for nettopp å syne at overgangen til eit eksiltilvære i Noreg for afganske og somaliske flyktningar representerer ekstreme omveltingsprosessar i livet deira. Ei tilpassing til eit nytt liv i Noreg vil for dei fleste krevje tid og tolmod; ikkje berre frå flyktningane si side, men også frå majoritetsamfunnet.

Både med og mot sin vilje er informantane deltakarar i ringar av ulike kontekstar; frå lokale til overlokale og transnasjonale nivå. Kvar flyktningane har sitt opphav spelar ei rolle i høve til integrasjonsprosessen; og verkar inn på kva informantane oppfattar som viktige og mindre viktige faktorar i ei tilpassing til det norske lokalsamfunnet. Kva fokus dei har når dei søker etter trivsel i kvardagen, kan vere avhengig av kva syn dei har på familien som institusjon, syn på slekt og klansfellesskap, om dei kjem frå urbane eller rurale miljø i heimlandet, om dei har fått høve til å ta ei utdanning, kva type arbeidsrøynsler dei har, og sist, men ikkje minst; om dei tenkjer seg ei framtid i Noreg eller førebud seg mentalt på å vende attende ein dag. Alt dette, og meir til, er døme på faktorar som påverkar integrasjonsprosessen.

At Somalia sidan 1991 har vore utan ei sentral statsmakt, kan få implikasjonar for korleis flyktningane meiner at livet bør levast for ein somalisk familie i eit lite bygdemiljø i Møre og Romsdal. Likeeins kan bortimot 30 år med krig i Afghanistan, og eit ekstremt undertrykkjande politisk og religiøst regime (Taliban), påverke integrasjonsstrategiane i eksil. Dette gjeld ikkje minst dersom familien tenkjer seg ei *tilbakereise* (friviljug eller ufriviljug) før eller seinare. Så lenge det finst lita eller inga utvikling av eit abstrakt (offentleg) velferdssystem i regi av ein stat, vil personlege relasjonar på slekts- og klansnivå framstå som den einaste reelle velferdsinstitusjonen for mange. I lys av dette kan vonleg informantane sin artikulasjon kring vedlikehald av eigen kultur og identitet i eksil forklaraast.

1.5 Metode

1.5.1 Kvalitative intervju og observerande deltaking

Metodisk er datainnsamlinga basert på ein kombinasjon av kvalitative djupneintervju og observerande deltaking. Med bakgrunn i at begge informantgruppene kjem frå orale kulturar i Somalia og Afghanistan, i tillegg til at mange (særleg kvinnene) var analfabetar, var det lite aktuelt for undersøkinga å nytte spørjeskjema av noko slag. For å forstå korleis flyktningar opplever integrasjonsprosessen i lokalsamfunnet, har det vore naudsynt å sjå oppfatningane deira i lys av ein breiare samanheng. Tidlegare røynsler og livshistorier har difor vore verdfull informasjon her.

Det er gjennomført to periodar med feltstudiar i kvar av kommunane i perioden mars – mai 2003. I tillegg har det vore sporadiske dags- og kveldsbesøk i bykommunen for utfyllande informasjon og deltaking i aktivitetar i lag med informantane. Intervjua er i all hovudsak gjennomført under heimebesøk hjå flyktningane i begge kommunane. Lydbandopptak vart berre nytta i tre av intervjeta. Det var lite aktuelt å nytte opptakar under heimebesøka, fordi denne såg ut til å skape avstand og uro blant nokre av informantane. Ein del av dei hadde tidlegare opplevd ubehag i samband med politiavhøyr, og gav difor uttrykk for at opptakaren verka hemmende med tanke på å kunne snakke fritt.

I bykommunen vart det i starten av feltarbeidet gjennomført to gruppeintervju av somaliske flyktningar. Somaliarane representerer den største informantgruppa i bykommunen. I den første gruppa var det 5 kvinner og 2 menn.¹⁰ Desse representerte seks forskjellige familiar med ei oppholdstid bak seg i bykommunen frå 6 månader til 10 år. Med dette første gruppeintervjuet var målet i første rekke å presentere forskningsprosjektet for fleire personar samla, samt opne opp for kritiske innspel. Vidare var det ei målsetjing å få ei sentral målgruppe tidleg i tale. Ein ønska med det både å identifisere viktige døropnarar og personar med ulik røynsle i kommunen, samt gjere ei første kartlegging av problemområde, formidla av representantar frå denne minoritetsgruppa sjølv.

Det andre gruppeintervjuet var med tre einslege somaliske kvinner med ei oppholdstid i bykommunen frå 4 til 10 år.

Forskaren har elles vore observerande deltakar ved eit utval av aktivitetar på fritida saman med informantane. Døme på slike aktivitetar er internasjonal kvinnegruppe, leksegruppe for barn, leikegruppe for barn, symjing/bading for kvinner og uformelle samkomer med biblioteket som møtestad.

1.5.2 Familiane som informantar

Under heimebesøka var oftast heile familien til stades saman med forskaren. Dei fleste av familiene i bygdekommunen hadde relativt kort tid (mellom 1 – 3 år) bak seg i Noreg. Det var difor naudsynt å bruke tolk i samtalane med dei. Det galdt både dei somaliske og afghanske familiene. I bykommunen vart tolk i hovudsak nytta under samtalene med dei afghanske

¹⁰ Mennene forlet gruppa etter ein fellesrunde med begge kjønn til stades. Kvinnene sa dei opplevde å snakke friare dersom det berre var kvinner til stades.

informantane, då dei fleste hadde kome til Noreg i 2001, og berre eit fåtal kunne gjere seg forstått på norsk.

I dei situasjonane barna i familien var til stades, hadde forskaren også samtalar med dei der det var naturleg (og ikkje planlagt). Sjølv om barna i familiene kan seiast å ha vore viktige informantar i undersøkinga, vil rapporten likevel berre presentere dei over 18 år som hovudinformantar.

1.5.3 Einslege og ugifte som informantar

Det er gjennomført heimebesøk og intervju av 8 personar, som anten var ugifte eller som budde åleine i påvente og von om familiesameining. Av desse 8 er 2 kvinner og 1 mann i bygdekommunen, og 3 kvinner og 2 menn i bykommunen.

1.5.4 Analyse

I tråd med ein sosialantropologisk forskingstradisjon vert det søkt forståing på eit generelt nivå, gjennom å *samanlikne* og *kontrastere* fleire individ sine spesifikke røynsler og oppfatningar (Jenkins, 1994). Gjennom næurstudiar av det individuelle, spesifikke og konkrete, er målet å få fram nokre kulturelle mønster som gir grunnlag for ei meir generell og heilskapleg forståing av flyktningar sin situasjon i regionen. Ei viktig presisering er likevel at dette ikkje er ”objektive” funn, men forskaren sine tolkingar og nyansar av røynda slik den har fortona seg i dialog med informantane. Her bør det også presiserast at i situasjonar der *tolk* vert brukt, vil der alltid vere ein viss fare for at viktige nyansar kan gå tapt i omsetjinga. I tillegg vil tolken sine eigne fortolkingar av informasjonen frå informantane, også påverke forskaren. Dette er metodologiske viktige sider ved den kvalitative forskinga som krev kontinuerleg refleksjon frå forskaren si side.

Når forskaren blir ”forska på” av informantane

Det kan vere relevant å peike på at eg som forskaren har ein bakgrunn som kunne synast interessant for somaliarane. På 1980-talet arbeidde eg og mannen min som fredskorpsarar i Wajir i Nord-Kenya. Vi vart der augevitne til at kenyanske regjeringsstyrkar massakrerte fleire hundre somaliarar på staden Wagalla. Dokumentasjon frå Wagalla-massakren vart lagt fram i ei bok (Bjørndal, 1988) der innhaldet naturleg nok har blitt kjent og diskutert i somaliske miljø – også i Noreg. Boka er ikkje omsett til engelsk, noko som har ført til at nok dei færreste somaliarar har lese boka sjølve, men berre kjenner innhaldet via andre. I samband med arbeidet med hovudoppgåva mi om integrasjon av somaliarar i ein vestnorsk bygdeby, fekk eg undervegs i arbeidet vite at eg hadde blitt vurdert i dei somaliske nettverka. Særleg blant dei som visste om kva rolle norske fredskorpsarar hadde hatt i Wagalla-massakren, vart eg nok oppfatta som ein ven av somaliarar. Liknande prosessar kunne eg sjå spor av også i dette prosjektet. Dei somaliske nettverka vart gjerne aktiverte for å kartlegge og vurdere forskaren.

Denne måten å bli ”godkjent” på av informantane har fleire sider. For det første har dette kanskje fungert som viktig døropnar i fleire samanhengar, og gitt forskaren tilgang til unike arenaer. På den andre sida kan tillitsforholda bli for dette ved at også heilt private rom vert opna opp. Men informantane kan også møte forskaren med ei viss forventning om at ho nærast vil vere ein ambassadør for dei.

Livshistorier som situasjonsbetringa konstruksjonar

Gjennom arbeidet med denne undersøkinga har forskaren ofte vorte stilt overfor informantane sine *livshistorier*. Det har difor vore nyttig å kunne støtte seg til forsking som særleg tematiserer denne typen kvalitativ forskingsmetode på ein kritisk måte. Eg siktar her i første rekke til John Chr. Knudsen (1994, 1990), som med bakgrunn i ei rekke studiar av vietnamesiske flyktningar både i og utanfor (flyktningleirar) Noreg, fokuserer på respekten for individet, og nett forskaren sine førehandsbaserte haldningar – eller som han også uttrykkjer det; forskaren sine ”totemiske modellar”. Han minner oss om at livshistorier bør sjåast som ein situasjonsbetringa konstruksjon, bygd kring ei kjede av utvalde element, henta frå *fortid, samtid og ynskje for framtida*.

Nemnde konstruksjon, eller forståing, kan for ein flyktning vere med på å skape kontinuitet og gje mening, særleg i eit kaotisk eksilttilvære. Målet for ein person i eksil kan såleis vere å konstruere ei livshistorie som har som mål på best måte å sikre seg notida og framtida, t.d. ved vektlegging av utval og einskildelement i ei gjeven framstilling. Ei metodisk utfordring vert difor å skjøne kvifor eit gjeve spørsmål t.d. kan innebere ulike svar til ulike tider og i ulike samanhengar. Møte mellom forskar, objekt og historier kan slik sjåast som ein delt komposisjon, eller eit ”rearrangement” av rådata, som t.d. vert synt gjennom ei skriftleggjering med alle dei avgrensingar som det inneber.

Det kan ofte dreie seg om ”å passe seg” for kva ein fortel. Informantane sine tidlegare røynsler frå fleire intervju gjennom migrasjonsprosessen kan ha påverka til dette. I denne prosessen kan det vere vanskeleg å halde fast på sin personlege identitet, hevdar Knudsen. Ikkje minst har mange somaliske flyktningar opplevd å bli tvinga til å passe seg for kva dei seier og ikkje seier i slike situasjonar. Media sitt fokus på ”somaliske flyktningar som lyver om sin biologiske identitet”, og ”DNA-testing av somaliere som søker familiegjenforening” er døme på dette.¹¹ I kjølevatnet av mistankar retta mot einskilde etniske grupper, har styresmaktene også arrangert registreringar av fingeravtrykk, ransakingar av person og bustadar og fengsling ved identitetsavklaringar. I tillegg er det viktig å peike på at i tida etter 11. september 2001, har muslimske minoritetar i landet (og i vesten generelt) vore særleg utsette for å bli stempla som moglege økonomiske støttespelarar til terrornettverket *Al-quaida* og Osama bin Laden. Vi veit òg at Økokrim kort tid etter 11. september 2001 arresterte sju somaliske flyktningar i Noreg, grunna mistanke om overføring av pengar til mogleg terrornettverk i Somalia. Det syntes seg snart at mistanken ikkje var rettkomen, og dei sju vart sleppte fri att. Samla sett kan dette vere faktorar som fører til at heile grupper opplever å bli stigmatiserte, og kjänner seg tvinga til å halde ein lav profil rundt om i lokalmiljøa.

Det er òg forståeleg at muslimske informantar posisjonerer seg i høve til forskaren (som representant frå den vestlege verda), og vel ”å vege orda sine”. For kanskje kan nettopp det å fortelje at ein sender pengar heim til familien i Somalia eller Afghanistan, eller at ein deltek i sosiale og religiøse aktivitetar i moskeen, bli brukt negativt mot ein i neste omgang?

Det ville heilt klart ha vore ein styrke for undersøkinga om *deltakande observasjonar* i ein meir reindyrka sosialantropologisk stil kunne ha vore nytta. Slik ville ein ha oppnådd større innsikt i informantane sin interaksjon lokalt. Altså ville ein kunne kartlegge det dei faktisk gjer, og ikkje berre det dei fortel at dei gjer; både innanfor si eiga etniske gruppe og i høve til majoriteten. I studiar som dette, der forskar og informant høyrer til forskjellige kulturar, og den andre sin tenkemåte kan verke meir eller mindre framand, er det særskilt viktig å kunne

¹¹ Jamfør Dagbladet 17.11.99.

erobre eit perspektiv frå innsida, det vil seie å kunne sjå røynda mest mogleg slik informanten ser det.

Ut frå ressursmessige avgrensingar (som t.d. tid og økonomi), har ikkje dette vore mogleg. Deltakande observasjon, som i utgangspunktet var ønskeleg, har i staden blitt til *observerande deltaking* som viktig supplement til intervjuet. Det bør likevel nemnast at forskaren har kunna trekt vekslar på eit tidlegare forskingsarbeid blant somaliske flyktningar i ein bygdeby på Sunnmøre, der deltakande observasjon i ein periode på fem månadar var viktigaste kjelde til informasjon (Klepp, 2002). I tillegg har tre års bistandsarbeid (1983-1986) blant somaliarar i Nordaust-Kenya også gitt forskaren eit nyttig kulturelt bakteppe for forståing av informantane sine historier om livet sitt både her og der heime.

1.5.5 Forskingsetiske refleksjonar

Kravet til anonymitet er årsaka til at ingen av informantane sine livshistorier vert attgjevne i samanhengande form. Omtrentlege opplysingar om informantane har vore naudsynt å få med. Informantane viste forskaren stor tillit ved å opne dørene sine til heimane sine og var viljuge til å fortelje om og frå liva sine. Dette fordrar både tillit og empati i relasjonen mellom informant og forskar, og eventuelt tolk der ho/han var med. Å sette ord på vonde opplevingar eller vanskelege sider ved kvardagen kan vere opprivande. Men det kan òg gjere godt. Nokre gav faktisk uttrykk for at sjølv om det kunne vere ei påkjenning å snakke om vonde ting, om lengsel og sakn; så kunne det også gjere godt. Ein informant sa det slik: "Det er ikkje du som skal takke meg for at du får snakke med meg, men heller omvendt. Kvar gong, og det er nokså sjeldan eigentleg, eg kan snakke med nokon om dette på denne måten, så får eg det litt betre innvendig".

Det har også tidvis vore smertefullt å lytte. I nokre få situasjonar har det vore vanskeleg å oppdre støttande utan å gli over i ei slags terapeutrolle. Ei dominerande kjensle gjennom denne undersøkinga har likevel vore glede ved å bli kjend med så mange interessante menneske, med eit så rikt spekter av personlege kvalitetar og ressursar. Meir enn ein gong har det slått meg at det er eit stort privilegium å få lov til å bli kjend med informantane på det viset denne undersøkinga har gitt høve til.

DEL 2 LOKALE INTEGRASJONSPROSESSAR


2.1 Innleiing

Dette kapitlet presenterer lokale integrasjonsprosessar, der fokus er retta mot ulike arenaer for integrasjon. Arenaene, eller for den saks skuld; møteplassane, vil grovt sett bli delt i to; her kalla lukka og opne rom.

Lukka rom vert referert til som meir eller mindre private arenaer for samkvem. Her er institusjonar som familie, slektskap, vennskap og naboskap i fokus. Kva verdi har desse institusjonane for integrasjonsprosessen, og korleis vert kulturelle trekk vedlikehaldne og rekonstruerte gjennom desse institusjonane?

Opne rom vert presenterte i tydinga møteplassar der sjansane er størst for at minoritet og majoritet kan ha samkvem. Her er arbeid, skule, barnehage, ulike lag og organisasjonar og kommunale flyktningarrangement presenterte som moglege møtestadar. Fokus er retta mot informantane sin kontakt med majoritetsbefolkinga og korleis denne kontakta, eller mangel på kontakt, vart oppfatta i minoritetsgruppene.

Figur 2 Lokale integrasjonsprosessar



¹² Jamfør innvandaren Julian Kramer (1984: 91): "Etter hvert som jeg lærte de innfødte bedre å kjenne, ble jeg styrket i denne oppfatningen av at nordmenns identitet som "nordmann" er definert ut fra noe som ligner på stamme-ideologi – at deres opphav er forankret i et bestemt område med egen dialekt og lokal kultur".

Kommentarar til Figur 2

Figur 2 er ei skjematiske oversikt over lokale integrasjonsprosessar. Modellen syner eit mønster der minoritetane på den eine sida og majoriteten på den andre sida representerer to parallelle laup, meir eller mindre isolerte frå kvarandre. Majoriteten her bør sjåast i lys av forsking som viser at norsk lokaltilknyting og identitet oftast er knytt til myten om opphav og stadfesting gjennom kontakta med likesinna (m.a. Gullestad, 1989, Kramer, 1984, Båtevik, Mattland Olsen, Vartdal, 2003). Modellen viser eit mønster der sosial organisering lokalt først og fremst dreiar seg om samkvem med "sine eigne".

Opne rom er presentert i modellen som arenaer for interaksjon primært mellom majoritet og minoritet.

Figur 2 fokuserer på likskapar mellom integrasjonsmekanismar i majoritets- og minoritetskulturen. Funn kan tyde på at dette er likskapar som i praksis kan fungere som barrierar for samkvem mellom majoriteten og minoritetsgruppene.

2.2 Samhandling i lukka rom

Under "Samhandling i lukka rom" vil fokus hovudsakleg vere retta mot kulturelle trekk og sosiale prosessar innbyrdes minoritetsgruppene. Kva slags kontakt hadde informantane med familie, slekt, venner og nabobar, og kva betydde denne kontakta, eller mangel på slik kontakt, for trivsel og integrasjon i lokalmiljøet? Korleis vert desse institusjonane reproduksjonert og haldne ved like i eksil?

2.2.1 Familiane

Dei afghanske familiane var store, med eit gjennomsnittleg barnetal på 4 i kvar familie, med innbyrdes variasjonar frå 0 – 7 barn. Dei fleste av barna var i grunnskulealder, medan nokre unge gjekk i vidaregåande skule. Fire av dei seks afghanske hushalda var fleirgenerasjonsfamiliar, med anten ei bestemor eller ein bestefar til stades. Familiane hadde anten kome samla som FN sine overføringsflyktningar, eller dei hadde kome puljevis som asylsøkjrarar. Det kunne vere slik at ei kvinne med barn og svigerfar, eller ein mann åleine, hadde fått busetting i kommunen først. Seinare hadde fleire familiemedlemer kome etter frå ulike asylmottak.

Alle dei afghanske informantane, også dei som var einslege, men venta på familiesameining med ektefelle og barn, var del i eit større familiehushald i kommunen. Desse sistnemnde hadde gjerne eigne hybelhusvære, men delte visse hushaldsfunksjonar som t.d. måltid, klesvask, sosialt samvær m.m., med storfamilien (oftast familien til ei søster eller ein bror).

Også *dei somaliske familiane* hadde stort sett kome puljevis, oftast ved at ei kvinne eller ein mann hadde busett seg i kommunen først. Seinare hadde desse fått familiesameining med ektefelle og barn. Berre ei av dei somaliske informantfamiliane hadde tre generasjonar i hushaldet. I det tilfellet var det den eldste som hadde kome først, og seinare fått sameining med barn og barnebarn. Også dei somaliske familiane hadde eit gjennomsnittleg barnetal på 4 pr. familie, med variasjonar frå 1 – 8 barn i søskjenflokkene. Dei fleste av barna var i

grunnskulealder, men nokre foreldre hadde barn i barnehage, grunnskule og vidaregåande skule.

“Ansvarssirklane”

Storfamilien sin verdi blant somaliske og afghanske flyktninger er stor. Informantgruppene i undersøkinga kan difor seiast å ha mange fellestrekks på dette feltet. Begge er tradisjonelt organisert kring patrilineære slektskapsrelasjoner, i tillegg til at begge grupper er muslimar.¹³ I religionen ligg det ein del kulturelle føringar knytt til fordeling av plikter og rettar innbyrdes i familien i høve til kjønn og alder. Korleis ei slik fordeling vert praktisert, varierer sjølv sagt mellom gruppene, innbyrdes i gruppene og frå familie til familie.

Om ein tek utgangspunkt i barnet i familien, kan ein tale om ei rekkje *ansvarssirklar* (Circles of responsibilities) kring dette barnet (Harragin, 1998). Individet i somalisk og afghansk kultur har tradisjonelt liten legitimitet om det ikkje er ein del av eit større fellesskap. Og barnet er først og fremst familien sitt barn. Dei ulike ”sirklane” som femnar om barn vert gjerne aktivert når den inste sirkelen, ansvarleg for barnet, av ulike årsaker bryt saman. Til dømes kan dette skje når ein far, ei mor eller begge dør, eller av andre årsaker ikkje kan ta hand om barnet/barna. Det største ansvaret for barnet ligg då til personar som er nærmast barnet ut frå slektslinja på farssida, som i ein somalisk kontekst tyder *tol* (Lewis 1994:82). Lewis omtalar pastorale somaliarar i Nord-Somalia som ”natural relativsts”, og peikar på at somaliarane deler sitt sosiale univers mellom ”dei som er nære” og ”dei som er fjerne”. I afghansk kontekst kan tilsvarende fenomen kome til uttrykk gjennom *al-beit* (blodsbond, les meir om dette i vedlegg 2). Presis referanse til desse termene varierer avhengig av sosial kontekst. Både i afghansk og somalisk kultur har ein stor tiltru til at nære slektingar, som t.d. eigne foreldre, søsknen, tanter og onklar skal kunne ta seg av barna deira. Ikkje minst kjem dette til uttrykk når det er vanskelege tider som t.d. under flukt og i eksil. Denne afghanske mannen i bykommunen sa det slik:

Vi er veldig vant til å bo sammen alle sammen, men når det er krig og vanskelige tider, må mange flykte. Da skjer det ofte at familiemedlemmer kommer bort fra hverandre. Barna er familiens barn, og barna til søstera mi er selvsagt mitt ansvar nå. Nå når barnas far ikke er her, er det mitt ansvar som mann å ta meg av familien.

Kontakta med norske familar

Dei afghanske og somaliske foreldra møtte ei objektiv røynd som var svært forskjellig frå den subjektive røynda dei sjølve hadde. Dette er ofte eit vanleg fenomen for foreldre i eksil (Akman, 1993, Knudsen, 1988). Det kan gjelde både korleis barn bør oppføre seg i høve til foreldre og lærarar eller andre vaksne. Eller det kan gjelde korleis gutter og jenter bør oppdragast. Den subjektive røyndomsoppfatninga har foreldra med seg frå eiga sosialisering i familie og lokalsamfunn i heimlandet. Informantane som hadde vore lengst i Noreg fortalte om det dei opplevde som kontrastar til si eiga autoritære oppdraging i kollektive livsformer, til ”det norske”, som dei oppfatta som meir liberalt. Nokre syntest norske barn fekk bestemme for mykje, også over foreldra. Å vere lydig og vise respekt for dei vaksne opplevde dei var framandt for norske barn.

¹³ Slektkap rekna gjennom farslinja. Til samanlikning med *kognatisk* slektkap som reknar begge foreldra si slektslinje, jamfør norsk juridisk og kulturell praksis.

Familiane i begge kommunane kunne fortelje om generelt liten kontakt med andre norske familiær, bortsett frå gjennom sporadiske arrangement i skule og barnehage. Dette gjorde det også vanskeleg for foreldra å få innblikk i dei variasjonane som òg er knytt til dei norske barna sin oppdragning. Berre ei familie (i bygdekommunen) mellom dei som hadde kome til Noreg etter 2000, hadde hatt kontakt med andre norske familiær. Det dreia seg då om eit middagsbesøk for ca. 4 månadar sidan. Elles hadde ingen hatt besøk av nordmenn utanom meir offentlege personar som flyktningkonsulenten, miljøarbeidar ved flyktningkontoret, støttekontakt eller flyktningguide. Dei hadde heller ikkje sjølve vore på besøk i norske heimar.

Manglande samkvem med norske familiær, i tillegg til at mange hadde få av sine eigne (storfamilien) i nærmiljøet, kan vere ei forsterkande årsak til at fleire gav uttrykk for at dei kjende seg usikre i foreldrerolla i Noreg. Fleire sa dei kjende seg åleine om foreldreansvaret, noko som var ein uvant situasjon samanlikna med der dei kom frå. I heimlandet var det mange fleire om oppdragaransvaret; venner, naboor og familie. ”Der går liksom oppdragelsen av seg selv”, som ei mor uttrykte dette.

Foreldra med lengst tid bak seg i kommunen (kom før 1995), hevda at samkvem med andre norske foreldre hadde auka sjølvtilletten deira som foreldre. Kunnskap om ”det norske” og kva barna møter når dei er saman med norske jamaldringar vart framheva som viktig. Dei fleste av informantane syntest dei hadde fått for lite informasjon den første tida i kommunen, ”om hvordan nordmenn lever” som nokre uttrykte seg. Dette bør likevel sjåast i lys av at mange av foreldra, særleg mødrene, var analfabetar og ofte fekk lite informasjon med seg den første tida i kommunen. Det galtdt anten informasjonen kom frå flyktningkontoret eller Vaksenopplæringa. Foreldre med utdanningsbakgrunn stilte langt sterkare her. Dess høgare utdanning, dess meir fekk dei med seg av informasjon.

Ei mor (analfabet) som hadde kome til Noreg etter 2000, fortalte om kor usikker ho kunne bli når barna kom heim og ville bli med dei andre i klassen på fest eller kanskje på overnattingstur. ”Det får Kari lov til av sine foreldre”, kunne dottera seie. Korleis skulle ho møte ei slik utfordring? Kunne ho ringe og spørje Kari si mor om det verkeleg var slik? Er det vanleg at norske foreldre snakkar saman om felles grensesetting overfor barna? Får barna stort sett lov til å gjøre som dei vil i Noreg? Kva skjer eigentleg når norske barn og unge er saman utan vaksne til stades? Denne kvinnen (og fleire med henne) meinte at det då var betre å utøve streng kontroll, og seie ”nei” til barna. Slik ville ho vere meir på den sikre sida og kanskje unngå å misse kontrollen over barna.

Ei av dei somaliske kvinnene med lengst røysnle frå bykommunen hevda at det var ein føresetnad for integrering å vite kva som er ”normalt” for norske familiær; korleis dei tenker om oppdragning og mangt anna. Ho sa m.a. dette:

For å bli integrert i samfunnet her så krever det i alle fall at man må lære seg regler og sånn for hvordan folk i Norge oppfatter ting. Altså hva betyr skolen og hva betyr barnehagen, hva er vanlige aktivitetar i skolen, at man ikke bare lærer vanlige fag der, men gjør mange andre ting også. Og rett og slett hvordan nordmenn lever som familie. At vi skjønner hvordan norske familier har det og hvordan de tenker om barna sine og oppdragelsen og sånn. Jeg tror at viss du lærer litt om dette kan du kanskje bli integrert.

Om å vere ungdomsforeldre

Det var sjeldan (for nokre aldri) at afghanske og somaliske barn og unge tok med seg jamaldringar utanfor familien heim, og særleg ikkje norske venner. Foreldra fekk difor i liten grad høve til å bli kjende med barna sine vennar, så sant desse ikkje var frå den eigne etniske gruppa. Når norske ungdomar møtest i heimane til kvarandre, er det gjerne knytt til aktivitetar kring ”ting” og diverse utstyr på barne og ungdomsromma. Datautstyr har etterkvart blitt sentralt her. Ingen av informantfamiliane kunne stille opp med det som for mange nordmenn vert rekna for normalt utstyrte barne- og ungdomsrom. Ein generell knapp økonomi, i tilegg til andre prioriteringar for korleis ein bør fordele materielle verdiar innan familien, låg gjerne til grunn for dette. Store familieeininger gjorde også at ein del unge ikkje hadde sitt eige rom, men delte rom med yngre søskene.

Dette kan tyde på at for flyktningbarn og unge skjer sosialiseringa med norske jamaldringar anten ”ute” eller i heimane til norske venner. I lys av dette kjem minoritetsforeldre langt därlegare ut enn norske foreldre flest, når det gjeld å skaffe seg oversikt og kjennskap til barna sitt jamaldringsmiljø.

Foreldre – barn-relasjonen i endring

Det å vere foreldre i eksil inneber ikkje berre høve til å vere kritisk til norske familierelasjonar, men også det å oppdage nye sjansar for utvikling og medviten endring i forhold til eigne barn. I lys av auka demokratisering og individuell fridom i foreldre – barn-relasjonen, kan minoritetsforeldre verte meir opne for diskusjonar og gå inn i forhandlingar med barna om situasjonar dei står overfor i kvardagen, og om planar for framtida.

Under vert det sitert eit utdrag frå ein samtale med to afghanske foreldre i bygdekommunen. Samtaletemaet var korleis dei opplevde å vere muslimske foreldre i eit bygdesamfunn dominert av kristne kulturelle verdiar. Begge hevda at praktisering av islam i familien og i oppdragninga av barna, *måtte* bli veldig annleis i Noreg enn i Afghanistan, ”fordi der er alle muslimer og her er nesten alle kristne”:

Men man kan jo be for seg selv her hjemme, og vi lærer jo likevel barna det som er viktig for muslimer. Vi forklarer dem hva som er våres religion og hva man helst ikke må spise, og hva man kan gjøre og sånn, og hva som er bare for de norske barna (kvinna)

Som kommentar til kvinne si utsegn sa mannen:

Det vi forstår ja...men det er jo ikke lett å forstå det norske. Men det er ikke det største problemet vårt, dette med religion, fordi vi er en moderne familie. Vi har dessuten aldri vært spesielt konservative heller når det gjelder religion. Hjemme i landet vårt var det veldig vanskelig særlig å være kvinne under talibansk styre. Slik ønsker vi ikke å ha det mer. Vi vil at barna våre skal vokse opp her og bli norske, og føle seg fri. Det viktigste for oss er at vi kan forstå hvordan de (barna) kan få et godt liv her; få seg en utdanning og en jobb. Altså lære oss hva som er viktig for nordmenn også ...og systemet.

Når foreldre snakka om endringsprosessar i høve foreldre – barn relasjonar, var det ofte knytt til det å ”lære korleis nordmenn skaper sitt gode liv ”. Det var ikkje i tydinga ”bli som nordmenn”, men meir kva må vi vite for å fungere på viktige arenaer. Her var særleg barna si

framtid viktig for dei. Kva for norske kodar er viktige å lære for å opne opp for ei utdannings- og arbeidskarriere for barna? Altså hadde dei både ei *kulturell* og ei *funksjonell* tilnærming til det norske. Det var likevel ein tendens til at *praktiske* (funksjonelle) ferdigheter vart tillagt størst verdi.

Dei foreldra som hadde budd lengst i Noreg var mest opptekne av kva som var viktig å halde ved like ved eigen kultur. Nokre av desse understreka at det var visse kulturelle aspekt (symbol) ved deira eigen etniske og religiøse identitet som var minst like viktig å halde fast på i dag som då dei kom på slutten av åttitalet. Vedlikehald av visse trekk ved eigen kultur og religion vart framheva i særleg grad blant desse, til dømes å vise respekt for foreldra og følgje familien sine råd. Det var viktig at barna vart oppdregne til å vere lydige og høflege i høve til andre vaksne, og at jenter måtte finne seg ein muslimsk mann. For gutter var dette siste mindre viktig, meinte nokre, berre jenta var ei ”skikkeleg jente”. Nokre foreldre peika på at dersom barna ikkje følgde foreldra sine råd, så var det gjerne fordi foreldra hadde svikta i rolla si som oppdragrarar og gode rådgivarar for barna.

Kjønnsperspektiv

Også relasjonen mellom foreldra endrar seg over tid. Tidlegare kjønnsrollemönster vert gjerne utfordra og justert i høve til kva som fungerer best i kvardagen. Ålund (1991) hevdar at mange innvandrarmenn sin tradisjonelt sterke posisjon i patriarchalske familiesystem har blitt redusert i eksil. Kvinnene har derimot i sterkare grad fått ny fridom og fleire høve til å gjere individuell karriere. I Klepp (2002) tyder funn at somaliske menn opplevde ”det norske systemet” som meir støttande overfor kvinner enn menn. Ei mogleg forklaring kunne vere at kvinnene ofte vart oppmuntra av det offentlege hjelpeapparatet til å kome seg meir ”ut av heimen” (t.d. utdanning og arbeid eller andre aktivitetar i fritida), noko som kunne verke til dels trugande for nokre menn.

I den sunnmørske bygdebyen Berg observerte forskaren likevel at gamle kjønnsrollemönster var i endring, og somaliske kvinner og menn bytta gjerne roller dersom det var mest gagnleg for familiens økonomi (ibid). Til dømes kunne mannen utføre kona sin vaskejobb dersom ho var på reise. Menn hadde også omsorga for barna når kona var på arbeid. Fordi dei fleste av mennene var sysselsette i skiftarbeid, var det mogleg med slike fleksible ansvarsfordelingar innbyrdes i familien. Dette fenomenet kan likevel ikkje einsidig knytast til ein eksilsituasjon. I det somaliske området i Nordaust-Kenya opplevde forskaren at også der kunne somaliske menn gjerne utføre det folk lokalt kalla ”kvinnfolk arbeid”, dersom dette gav økonomisk vinst for familien. Dette er også i tråd med det fleire av dei afghanske foreldra fortalte.

Det kan like gjerne være arbeidsmarkedet og økonomien som styrer hvilke roller [funksjoner] mor og far har i hjemmet (afghansk kvinne).

Denne kvinnen, som var iført jeans og moderne vestlege klede, fortalte at afghanske menn og kvinner gjerne kunne dele på arbeidet i heimen dersom det var ei praktisk og økonomisk god løysing. Ho fortalte òg at ho og mannen opplevde det som frigjerande at ho som kvinne endeleg kunne kaste *burkhaen*; dette heildekjande plagget (inkludert ansiktet, men der med ei viss opning gjennom eit nett av broderte trådar for augene) som afghanske kvinner gjennom mange år har vore tvinga til å bruke i det offentlege rommet. Kvinnen fortalte at sjølv etter at Taliban fall i 2001, held dei fleste kvinner i Afghanistan fram med å bruke *burkha* når dei ferda utanfor heimen. Overgangen til Noreg var difor svært stor, fortalte ho:

Nå kan vi leve som frie mennesker ...endelig.

Dei kvinnelege informantane fra Somalia med lengst tid bak seg i Noreg, fortalte om endringar i forholdet mellom mann og kvinne som følgje av det dei kalla ”en travel og stresset hverdag i Norge”. Dette var barnefamiliar der minst ein av ektefellane var i fullt arbeid, medan den andre (oftast kvinnen) hadde deltidjobb eller var periodevis i fullt arbeid. Det som kanskje var mest forskjellig frå eit familieliv der heime, var at begge ektefellane arbeidde mykje ”ute” (borte frå heimen) og i periodar var lite heime. Mannen måtte ofte hente og bringe barna til skole og ulike fritidsaktivitetar når ho var på arbeid.

Ja og når han kommer hjem først, så må han passe barna og gi dem mat og sånn. Det er nok ikke det han ville ha gjort hvis vi bodde hjemme i Somalia. Men der ville jeg fått mye mer hjelp fra familien min, fra mor og søstre eller andre sånn nær slekt, og hvis du har litt dårlig råd der, så får man alltid hjelp fra andre. Så det er nokså stor forskjell fra her.

Eit generelt inntrykk er at dei somaliske kvinnene i undersøkinga syntte ei langt meir offensiv haldning til nett å kome seg ut av heimen for å arbeide eller ta meir utdanning, enn dei afganske kvinnene. Dei afganske kvinnene gav ofta uttrykk for at dette var viktigast for mannen. Her var det naturlegvis store individuelle forskjellar i begge informantgruppene, ikkje minst avhengig av utdanningsbakgrunn og tidlegare arbeidsrøysnle. Her spelar det nok ei vesentleg rolle at dei fleste afganske kvinner i informantgruppa hadde vore heimeverande i Afghanistan. Tendensen blant dei somaliske kvinnene var meir i retning av at dei anten hadde hatt viktige funksjonar og ansvar for familien sitt livsopp hold, eller hadde hatt ei mor som dei måtte hjelpe med dette ansvaret.

Også afganske kvinner hadde ambisjonar om både arbeid og utdanning. Eit generelt inntrykk er likevel at dei somaliske kvinnene i familiene såg på seg sjølve som minst like viktige bidragsytarar til familiens økonomi som mannen, om dei berre kunne få sleppe til på arbeidsmarknaden.

Nokre av dei somaliske kvinnene snakka sjølve om at dei opplevde å ha større handlefridom, og var meir sjølvstendige enn kvinner i andre muslimske minoritetsgrupper. Dette vart gjerne kopla til ei tradisjonell kvinnerolle i den nomadiske kulturen, men også til tida under Siad Barre sitt regime, der likestilling mellom kjønna vart lansert som eit av fleire ”flaggsaker”. Ei av kvinnene fortalte dette:

Men vi kunne jobbe og kvinner gikk på universitetet og på skole og mange kvinner hadde egentlig stor personlig frihet. Somaliske kvinner er også veldig sterke som et resultat av krig ...og nomadisk livsstil. Mange har bare måtte klare seg selv, forsørge seg og barna. Jeg tror også at somaliske kvinner ikke er så presset av mannen som mange andre muslimske kvinner er.

Kort oppsummert, er funn som skissert ovanfor, med på å styrke eit generelt inntrykk som forskaren har av begge minoritetsgruppene; nemleg at informantane speglar ei *utprega evne til tilpassing* under nye livsvilkår i sterkt kontrast til eigen sosiokulturell bakgrunn (sjå fig. 1).

Krysspress

Informantane sine perspektiv på eigen livssituasjon ”her og no” og i framtida, var gjerne knytt til livsfase; om dei var unge ugifte, småbarnsforeldre eller pensjonistar. Blant nordmenn er det ofte vanleg at småbarnsfasen er ein periode i livet der ein reflekterer meir over kvar ein ynskjer å bu enn elles. Ofte vert t.d. distrikta oppfatta som tryggare enn storbyen. Dette var refleksjonar som også fleire av informantane gjorde seg. Foreldre i bygdebyen som var vande med livet i millionbyar i Afghanistan, Iran eller Pakistan, trøsta seg med at det var best for barna å vakse opp i små, oversiktlege miljø.

Nokre av foreldreinformantane gav likevel uttrykk for å vere i eit krysspress mellom den eldste i familien (bestemor eller bestefar) og barna. Dette galdt særleg dei afghanske informantane, sidan det var dei som hadde flest fleirgenerasjonshushald. I tillegg var dette noko som gjorde seg gjeldande mellom familiene i bygdekommunen. Den eldste i familien lengta etter urbane strok der ho eller han meinte det var mange eldre frå same etniske gruppe, som kunne vere med på å gjere livet lettare for dei. Denne lengten etter byen kunne til dels også synest å vere uttrykk for tap av kjende kulturelle kodar og språk, og tidlegare sosiale nettverk. Oppfatninga av livet i byen kunne difor synest å vere basert på til dels urealistiske førestellingar. Barna i familiene i bygdekommunen derimot, gav uttrykk for at dei treivst godt, hadde etablert vennerelasjonar og var rimeleg trygge i skulesituasjonen. Følgjeleg var dei lite motiverte for å flytte på nytt. Foreldra meinte sjølve at barna ville tape viktige sosiale relasjonar ved å flytte til byen, men syntest det var svært vanskeleg å halde ut med den eldste dersom ho ikkje treivst.

Ein informant i bygdekommunen fortalte om mor si som hadde gråte i fleire veker etter at ho hadde kome til bygda via familiesameining. Ho sakna det sosiale nettverket av kvinner og slektningar i nabologat som ho var van med frå Afghanistan. Han sa dette:

Her i kommunen fant hun ingen som hun kunne snakke med på sin egen alder. Hun kan ingenting norsk. Hun kom hit fordi hun har mistet to av barna sine og trengte kontakt med oss, men her er ingen andre som hun kan være sammen med, andre kvinner i hennes situasjon som hun kan snakke med. Så hun gråter veldig mye, og det tar veldig på oss andre i familien også. Hun vil til byen fordi der er det flere eldre fra Afghanistan som hun kjenner. Jeg og min kone kan liksom ikke slappe av og slå oss til ro her. Det virker inn på barna også at min mor er så ulykkelig. Det er slik hos oss at hvis *en* i familien er syk så blir alle syke.

Familien i heimlandet

”Det er alltid noen vi savner her”. Denne utsegna frå ein av dei somaliske informantane i bykommunen karakteriserer situasjonen for dei aller fleste av familiene i begge minoritetsgruppene. Alle hadde historier om personar dei sakna i nærmiljøet. Nokre venta på å få godkjent søknad om familiesameining, ofte med til dels urealistiske håp om *når* og *om* dei kunne få sine nærmiljøet hit. Andre igjen var urolege for om noko alvorleg kunne ha skjedd (død, sjukdom, etc) med den eller dei heime. Dette kunne gjerne gå utover evna til å fokusere på eigen situasjon ”her og no”; og kva som kunne gagne eiga utdanning og arbeidskarriere.

Når ein medlem i familien hadde kome til ein stad med mange muligheter, var det gjerne hans eller hennar viktigaste oppgåve å sørge for dei som var att. Dette vart uttrykt som eit eksistensielt behov for mange. Dersom han eller ho ikkje klarte dette innan eit år eller kanskje to, vart livet nærast utan mening. Telefonar og brev frå familiemedlemer heime kunne

opplevast som klager på at dei ikkje hadde klart å skikke seg bra i det nye landet sidan dei ikkje sende pengar heim. Etter at ny lov vart gjort gjeldande frå 1. mai 2003, om ei årleg inntekt på 161.000 kr som føresetnad for familiesameining, opplevde mange at håpet om familiesameining svann.

Ein afgansk familiemann i bygdekommunen sa dette:

Synes min kone og jeg klarer å balansere akkurat sånn økonomisk. Det går greitt. Men jeg liker best å tjene egne penger, og vi har bare sosialhjelp. Men vi må sende penger hjem hver måned. Min mor ringer hver uke og gråter.

Ein somalisk familiemann i bykommunen sa det slik:

Jeg vil jo hjelpe dem...de forventer det, men jeg kan ikke, for jeg har ikke penger til det...bare sosialhjelp som skal forsørge min kone og barna. De venter på det der hjemme...jeg vet at de trenger min hjelp og det plager meg veldig hele tiden...men hva skal jeg gjøre?

Vi bruker det somaliske systemet for å sende penger hjem. Jeg ringer til en kontaktperson i Oslo, før jeg oversender pengene fra bankkontoen min her i byen til ham. Det er noen somaliere som driver dette systemet, og de sender pengene til Djibouti, Somalias naboland. Så får min mor beskjed om at hun kan hente pengene hos en tredje person ikke langt fra der hun bor, i Nord-Somalia.

Ein informant fortalte at dette systemet av pengetransaksjonar var svært effektivt og absolutt til å stole på. Ein munnleg avtale er minst like viktig som skriftlege avtalar kan synest å vere for nordmenn, hevda denne informanten. Familien der heime kunne til tider ta imot pengane allereie ein dag eller to etter at han hadde ringt til kontaktpersonen i Oslo. Alle som fortalte om denne måten å sende pengar til familien på, presiserte at alt var basert på "trust"; altså tillit til ein munnleg lovnad.

Hvis jeg ikke sender pengene, vil jeg sette hele familien min i vanry, og jeg og familien min vil tape ære. Mine slektninger vil måtte betale.

Å kunne hjelpe familien i heimlandet ved å sende dei pengar til livsophald var altså ein viktig trivselsfaktor. Alle informantane på tvers av nasjonalitet (også dei kosovo-albanske i bygdekommunen) og sosial status (gift/ugift) sa at dei opplevde sterke økonomiske og moralske forpliktingar i høve til å hjelpe familien sin i heimlandet. Nokre av informantane i bykommunen, og då særleg dei som hadde barn og ektefelle i heimlandet, sende av garde så stor del av sosialhjelpsstønaden sin at dei sjølve levde nær sveltegrensa.

Ein del av foreldra i barnefamiliane fortalte at denne forpliktinga var med på styre dei økonomiske prioriteringane dei gjorde for familien her i landet, og la føringar for eit svært stramt budsjett. I lys av dette kan ein også sjå informantane sine prioriteringar når det gjeld standard og prisnivå på bustaden. Og ikkje minst; i kva grad dette påverka evne og vilje til å ta opp forpliktande banklån for å investere i eigen bustad.

Bustaden

Ingen av dei afghanske eller somaliske informantane (i begge kommunane) eigde bustaden sin. Dei aller fleste leigde hjå kommunen, nokre få hjå private. Heller ikkje dei somaliarane som var i arbeid og hadde budd i bykommunen i over 10 år, hadde investert i eigen bustad.

I bygdekommunen hadde nokre av flyktningane (frå Balkan-regionen) som kom på nittitalet, tatt opp lån i banken og kjøpt seg hus i burettslag. I samtale med bustadkontoret i bykommunen, kom det òg fram at fleire av dei bosniske flyktningane som kom tidleg på nittitalet hadde kjøpt seg hus. Denne tendensen kan truleg sjåast i samanheng med at bosniske flyktningar hadde arbeid som representerte både høgare inntekt og større framtidssikring, enn dei meir konjunkturavhengige arbeidsplassane som somaliske flyktningar med tilsvarende lang butid hadde.

Generelt gav informantane uttrykk for å vere lite opptekne av bustadstandarden og kvaliteten på bustaden sin. Med nokre få unntak sa dei fleste at dei var nøgde med det dei hadde.

Det er likevel grunn til å tru at lav inntekt og mangel på fast, trygt arbeid var årsak til at informantane i bykommunen faktisk var overrepresentert i bustadar med generelt dårligare kvalitet enn majoritetsbefolkinga. Det er òg grunn til å tru at opplevinga av arbeidsplassen som utrygg, i tydinga av at den var sårbar for nedleggingar i dårlige tider, var medverkande til at ingen turte å ta opp lån for å investere i eigen bustad.

I sentrum av bygdekommunen stod fleire nye kommunale bustadar innflyttingsklare innan kort tid. Desse var bygde på bakgrunn av ein generell mangel på bustadar i sentrumsområdet, og fordi nokre av familiene heilt klart hadde behov for betre standard på bustaden. Fleire av foreldra i bygdekommunen fortalte at dei hadde fått tilbod om å flytte til ein av desse nye bustadane, men tvila sterkt på om dei kunne klare å bu der, grunna det dei oppfatta som altfor høg husleige.

For nokre flyktningar i bykommunen kunne nærmiljøet opplevast som til dels utrygt, i særleg grad galdt det småbarnsfamiliar og unge einslege kvinner. Nokre av desse fortalte om kriminalitet, fyll og spetakkel i nabologatet. Det var likevel få som i særleg grad trekte fram at dei var misnøgde med bustaden sin. I høve til standard frå heimlandet var bustadkvaliteten god, meinte mange. Misnøye med bustaden var størst blant dei informantane som hadde budd i kommunen i mange år. Dei aller fleste sa likevel dei likte seg godt i byen og kunne tenke seg å bli buande der dersom dei fekk arbeid. ”*Om vi får arbeid kan vi også ha råd til å betale dyrere husleige*” (afghansk familiefar i bygdekommunen).

Mange opplevde innandørslivet i Noreg i sterk kontrast til det dei kom frå. Klima, og dessutan avstand til den nærmeste som dei kunne stikke innom, gjorde at flyktningane (særleg i bygdekommunen) heldt seg mykje innandørs i husa sine. Det sosiale livet i Somalia, Afghanistan eller Kosovo for den del, gjekk stort sett føre seg ute og mellom husa. Som ein somaliar sa det: ”95 prosent av våken tilstand tilbringes for de fleste utendørs i Somalia”.

At standarden på dei fleste av informantane sine bustadar i begge kommunane (særleg i bykommunen) låg under det ein kan rekne for gjennomsnittleg bustandard i majoritetsbefolkinga, kan nok delvis forklara med flyktningane si manglende betalingsevne (lav inntekt). Det kan likevel også tenkjast å vere ein konsekvens av sterkt sparevilje og ei anna prioritering enn nordmenn flest når det gjeld bustad. Det vert her sikta til at nordmenn investerer mykje tid og pengar på å heve standarden på bustaden sin, alt etter kva fase i livet

ein er i. Å eige huset sitt, jamfør metaforen ”å vere herre i eige hus”, er eit viktig mål for nordmenn flest (Jamfør Gullestad, 2002). Her kan det nemnast at det også ligg føre tilrådingar til lokale og sentrale styresmakter frå ulike offentlege dokument om etablering av burettslag og iverksetting av tiltak for å sikre at personar med lav inntekt kan kjøpe og eige sin eigen bustad.¹⁴ Det kan likevel vere grunnlag for å stille spørsmål ved om dette er ei målsetjing og eit ønske for alle?

Å investere i eigen bustad kunne for nokre av dei afghanske informantane symbolisere ei investering i ei framtid i Noreg. For andre igjen, og då særleg dei somaliske informantane, kunne kjøp og investering i fast bustad også bety *redusert fridom* til å kunne flytte på seg, og til å kunne disponere sine økonomiske ressursar mot heimlandet.¹⁵ At mange av dei somaliske flyktningane har ein nomadisk bakgrunn kan nok tenkjast å ha ein viss innverknad på prioriteringane her.

Tankar om framtida og om friviljug vs. ufriviljug tilbakereise

Korleis informantane såg på sjansane for ei tilbakereise til eige heimland, anten det var *friviljug* eller *ufriviljug* (pålegg frå den norske staten), kunne nok ha ein viss innverknad på i kva grad dei la vekt på vedlikehald av sin eigen etniske identitet og kulturelle særtrekk i høve til barna sine. Dei aller fleste av dei afghanske informantane gav uttrykk for at dei ønskte å bli buande i Noreg; helst resten av livet dersom det var mogleg. Ei grunngjeving for det var m.a. at dei hadde litra tru på ei positiv utvikling i Afghanistan. ”Vi er trøtte av politikk og religion”, sa ein informant i bygdekommunen. Og eit par i byen sa dette: ”Vi kjenner oss slitne og utmattet; vi ønsker bare fred”. Dei fleste meinte at Noreg var eit godt land for barna å vekse opp i; her kunne dei få gode sjansar til utdanning og arbeid. Når dei afghanske informantane snakka om ei eventuell tilbakereise til Afghanistan var det med utgangspunkt i eit pålegg frå norske styresmakter.

Ein afghansk mann i bygdekommunen sa det slik:

Vi kan ikke gjette om fremtiden. Vi tenker likevel at vi har oppholdstillatelse i dag, men vi er likevel veldig bekymret for fremtiden. Kanskje om fem år når vi fremdeles bor i Norge så bestemmer myndighetene seg for å sende oss tilbake. Hva skal vi gjøre i Afghanistan? Det er ingen fremtid der. Barna har blitt vant til å bo i Norgeog vi ønsker å bo her.

Kona sa m.a. dette:

Jeg hater krigen. Jeg vil ikke flytte tilbake dit. Etter 25 – 30 år med borgerkrig er landet våres ødelagt. Det er ingenting for barna våre der. Nå når vi bor her ønsker vi at barna kan forberede seg til et liv i Norge; ikke i Afghanistan

¹⁴Jmfør m.a. Europarådsrapport omsett og med forord av Utlendingsdirektoratet: Rammer for integreringspolitikk: en sjekkliste for helhetlig og langsiktig integreringsarbeid. Grunnlagsdokument for Europarådets 7. konferanse for ministre for integrering, Helsingfors september 2002

¹⁵ Fleire snakka om at det var viktig å kunne *reise* og å *flytte* til andre kommunar (eller andre land) dersom t.d. arbeidstilhøva låg til rette for det.

Også somaliske informantar (både dei med lang og kort tid bak seg i Noreg) sa dei trudde det mest realistiske for dei som familie var å bu i Noreg i mange år til. Men til forskjell frå dei aghanske informantane, gav somaliske informantar alltid uttrykk for at dei hadde eit håp og eit ønske om å kunne reise tilbake til Somalia før eller seinare. Dei som hadde budd lengst i bykommunen problematiserte dette i høve til barna som var fødde i Noreg og som aldri hadde vore i Somalia.

Eksiltilveret; ei ventetid

Eksiltilveret i Noreg vart skildra som ei *ventetid* for somaliarane. Som denne kvinna i bykommunen sa det:

Alle somalierne liker å tro at de skal reise til Somalia igjen, men de fleste har barn....små barn også. Og vi tenker at det kan være utrygt for barna å flytte dit. De fleste av somalierne her i byen er fra Sør-Somalia, der det er mest utrygt. Men alle har lyst likevel. Jeg tror at det kan være best å dra dit en gang først, bare for å se hvordan det er der. Om det går an å bo der igjen kanskje ...ja. *Men nå venter alle*, og ser tiden an, om det blir bedre. Ja, slik er det. Vi er litt redde for hva som kan møte oss der. Noen tenker at de kan være der 6 måneder kanskje, for å se. Og for å møte familien og slektninger og for at barna skal bli kjente med dem og kulturen der. Så mange tenker at kanskje neste år...eller året etter, kanskje det blir bedre der da.

Dette samsvarer med andre forskingsfunn (t.d. Klepp, 2002, Visapää, 1997) knytt til somaliske flyktninger i eksil. Den finske forskaren Catharina Visapää (1997) har intervjuat 30 somaliske ungdomar i Helsingfors-regionen i Finland. Informantane her fortel at foreldra og slekta forventar at dei skal vere med i ei framtidig gjenoppbygging av Somalia. Foreldra ser det som viktig at dei unge skal kunne føre vidare det dei kallar "somalisk kulturarv", og gjev uttrykk for at dei er redde for at ungdomane sin integrasjon i det finske samfunnet kan føre til total assimilasjon (1997:85).

Gjennom mytiske historier (og metaforar) frå heimlandet samanlikna somaliske foreldre flyktningtilværet med ei "ventetid" og ei "tørketid" (Klepp, 2002: 101). Ein av dei somaliske foreldra som hadde budd lengst i bygdebyen, reflekterte over det han oppfatta som ein redsel blant somaliarar for å bli assimilert i det norske. Han forklarte det slik:

Vi pleier å si at for eksempel under en lang og hard tørketid, noe som vi ofte har i Somalia, så bli behovene store. Sulten og tørsten blir stor...det gjør noe med menneskene...og viss du har anledning til å mette den sultne, men unnlater å gjøre det, så vil det bli husket når regnet og gode tider kommer. Hukommelsen er stor blant oss somalier. (...) Man har ødelagt for seg selv i en tid man har hatt det vanskelig. Mitt poeng her er at vi pleier å sammenligne flyktningtilværelsen med en slik tørketid....det gjelder å holde ut, ikke la seg assimilere og bli dårlige somaliere i eksil. For når det blir bedre tider og man kan reise hjem til Somalia, så kan man fortsatt være stolt somalier og beholde æren. Mange tenker at nå er det harde tider for oss, men vi vil bli lønnet.

Også denne informantane og kona hans hadde håp om at tilhøva i heimlandet ein gong skulle bli så bra at dei kunne reise heim. Han meinte likevel at i denne ventetida burde somaliske foreldre bli meir deltagande på norske arenaer saman med barna sine. Han sa det slik:

Jeg mener at vi må være mer på offensiven; la nordmenn bli kjent med oss. Både kulturen og historien vår. Jeg ønsker at barna mine skal vokse opp og være stolte av å ha somaliske foreldre

2.2.2 Slektkap og klansfellesskap

Kva betyr slekts- og klanstilknyting, eller mangel på slik tilknyting, når informantane bygg sine sosiale nettverk i lokalmiljøet? Denne undersøkinga og tidlegare undersøking (Klepp, 2002) kan syne til funn som peikar i retning av eit visst vedlikehald og rekonstruksjon av desse tradisjonelle institusjonane i eksil. Det er likevel ein tendens til at sosiale fellesskap kring slekt og klan får heilt andre uttrykksformer her enn i heimlandet. Noko av dette vil bli presentert i det følgjande. Det er likevel viktig å presisere at tema som dette fordrar ein langt meir inngående studie blant informantane, for å kunne seie noko meir eksakt om kva relevans og mening t.d. klanfellesskap kan ha for dei i ulike samanhengar. Temaet har i undersøkinga berre vore ein del av fleire andre ”store” tema i samtalene.

Slektskap som moralsk fellesskap

Både somaliske og afghanske informantar la stor vekt på at trivsel i eksil var nært knytt til at dei kunne halde ved like kontakten med nære slektingar, både her til lands og i heimlandet. Dei som hadde slektingar i kommunen hadde også kontakt med desse så ofte dei kunne.

I ein somalisk kontekst er det viktig at barna vert opplært til å vite kven dei er innanfor ei slekt; kven som er i slekt med kven, og kven som skal visast respekt. Dette er også ei side ved den somaliske kulturen som I.M Lewis har peika på i sine forskingsarbeid innan somalisk kultur og samfunn. Lewis (1994) hevdar at den symbolske verdien av familien og slekta er eit så dominerande trekk ved somalisk kultur og sosial aktivitet, at det knapt finst noko felt ved somalisk sosial aktivitet der påverknaden av slektskap er fråverande.

Dette er ikkje noko ein berre kan leggje bak seg i eksil, hevda fleire. Ein konsekvens kan difor vere at ein primært søker ”sine” når ein har høve til sjølv å velje busettingskommune.

Verdien av slektskap og klanstilknyting kunne likevel synest å ha størst praktisk verdi for dei informantane som var utan arbeid og elles hadde liten eller ingen sosial kontakt med nordmenn.

Klan som moralsk fellesskap

Eit omgrep som klan kan ha ei mangfaldig mening (både positivt og negativt) både for informantane og for majoriteten, for den saks skuld. I sosialantropologiske termar vert gjerne omgrep som klan og ættelinje brukt om kvarandre, og det er ofte uklart kva som er skilnaden (Hylland Eriksen, 2001). Som generell regel kan ein seie at ættelinje består av menneske som kan påvise, ved å ramse opp slektingar bakover i generasjonar, at dei stammar frå ein felles stamfar eller stammor. Ein klan vil i tillegg inkludere dei som går utifrå at dei har felles stamfar eller stammor. Eit omgrep som er nyttा innanfor ein bestemt type klansorganisasjon, som den ein t.d. finn i Somalia, er den segmenterte klanen. Den er ikke-hierarkisk, dvs. den har ingen felles godkjent leiar, men består av likestilte ættelinjer og klanssegment. Alle

medlemer av klanen reknar seg som slektingar, men har klare oppfatningar om kva ættelinjer dei er nært i slekt med og kva for nokre som er fjernare.

Informantar som ikkje hadde nære slektingar utanfor eige hushald, søkte først og fremst kontakt med andre frå eigen klan, dersom nokon av desse var i kommunen. Deretter var gjerne felles nasjonalitet det mest relevante kriteriet for vennskap. Denne informantanen i bykommunen sa dette:

Da jeg kom til byen visste jeg ingenting om kommunen; kjente ingen her. Det er ofte slik at når man får vite hvilken kommune man kan få lov til å bosette seg i først, så spør vi alle: Hvem andre somaliere bor der? Hvis der ikke er noen å snakke somalisk med så blir vi redde. Vi liker å være flere sammen. Vi er særlig bekymra så lenge vi ikke kan språket ...det at vi ikke kan gjøre oss forstått. Vi somaliere, kanskje spesielt, vi bare *må* snakke. Det er tradisjonen vår...viss noen trenger hjelp så hjelper vi. Så derfor er det så viktig at der er noen andre av oss som kjenner stedet fra før, slik at de kan gi gode råd.

Ambivalens

For dei fleste representerte klansfellesskap tryggleik og nokon dei kunne stole på i ei ny og ukjent verd. Det var likevel ikkje utan ein viss ambivalens at dette temaet vart omtala. Det same galdt informantane i den sunnmørske bygdebyen Berg (Klepp, 2002). Fleire her fortalte at dei kjende seg usikre og litt urolege for å snakke om dette med klan. Også den somaliske forskaren Hassan Keynan spør følgjande spørsmål (1999:160): "*Why are so many Somalis so deeply ambivalent about the clan system?*"

Det finst sannsynlegvis mange ulike forklaringar på dette. Her vert berre eit par moglege forklaringar trekt fram. På den eine sida opplevde mange av informantane at klan var "eit upopulært tema i Noreg". Dette kan igjen finne si forklaring i at omgrepene oftast har vore skildra synonymt med negative termar som "anarki", "hemn", "kaos" og "blodhemn".

På den andre sida vekkjer også omgrepene ei viss uro internt i den etniske gruppa. Mange hadde minner frå vonde opplevelingar med klanskonfliktar i heimlandet, og ville helst ikkje rippe opp i dette. Eksiltilveret representerte for mange ein ny sjanse til å starte på nytt, der klanstilknytinga ikkje lenger spela så stor rolle som før. "I Norge er vi alle somaliere", var det fleire av dei somaliske informantane som presiserte. Dei fleste av informantane presiserte at dei var "eitt folk" i eksil. Det er likevel ein tendens til at dei som får høve til flytte på seg til andre kommunar (sekundærflytting), gjerne søker stadarder der det er fleire frå same klan. Som denne informantanen frå den somaliske klanen *Daarood* forklarte fenomenet:

Det bare ble slik fordi den første som kom hit var *Daarood*, seinare kom andre, litt etter litt, fordi vi kjenner hverandre og hjelper hverandre.

Dei fleste informantane ønska å tone ned desse sidene ved eigen bakgrunn. Det kunne likevel synest som gamle konfliktar og feidar mellom klanar ikkje alltid var like lett å legge bak seg i eksil, og var til hinder for kontakten med dei av same nasjonalitet i kommunen. Nokre få aghanske og kosovo-albanske informantar fortalte om politisk usemje frå heimlandet. Slike forhold kan gjere det vanskeleg å bu i ein liten kommune, fordi sjansane for å møtest heile tida er til stades. Der er få stadardar å stikke seg bort. Anten møttest ein på språkopplæringa, på

butikken eller på gata. Nokre av informantane hadde difor vore inne på tanken om å flytte til byen der det var fleire av eiga etniske gruppe og fleire stadar å stikke seg bort. Dette var eit tema som få av informantane kjende seg særleg komfortable med å snakke om. Nokre av dei som hadde vore ei tid i Noreg hadde fått inntrykk av at konfliktar av denne typen var eit lite populært tema blant nordmenn, og nærmast eit ”ikkje- tema” blant tilsette i kommunen. Det verka difor som fleire av flyktingane ønskte å bagatellisere dette når forskaren tok det opp. Som nokre sa det; ”Det er ikkje noko problem for oss”.

I ein samtale med ein afghansk informant i bygdecommunen, der spørsmålet var om han trudde trivselen for familien hans ville bli betre dersom det kom fleire frå hans eiga etniske gruppe, svara han dette:

Jeg er sikker på at det ikke kommer flere fra hjemlandet mitt hit til kommunen. Ja jeg tror det hadde blitt bedre for oss viss det hadde kommet flere familier fra hjemlandet mitt. (...) Men det spørst hvilke familier som kommer... Hvis det kommer akkurat som de andre familiene.. jeg kan ikke forklare det, men det er forskjellige meninger...

2.2.3 Vennskap og naboskap

I det følgjande vil fokus vere retta mot informantane sine opplevingar og syn på vennskap og naboskap. Kva slags kontakt hadde dei med andre utanfor si eiga familie? Hadde dei venner, og kvar fann dei vennene sine; i eiga etnisk gruppe og/eller i majoritet? Kva slags kontakt hadde informantane med nabane sine, og kva betydde naboskap for dei?

Vennskap

Ein venn slik omgrep vart definert i samtalane med informantane, er ikkje det same som ein *kjenning* – eller det motsette av fiende – eller for den saks skuld, ein som alltid snakkar sant; men meir ein som tek vare på den andre sitt kjenslemessige velvære. Vennskap dreiar seg om å ha nokon å stole på; og som av nokre vart definert som vennskap ”i tjukt og tynt”. Ofte refererte informantane til slektingane sine som venner, og fortalte at dei ofte vel sine venner innanfor slekts- eller klansfellesskapet. Dette er også ein tendens som Gullestad (2002) omtalar som eit norsk fenomen. Ho skriv mellom anna at vennskap ikkje berre er eit supplement eller eit alternativ til slektskap, men: ”I en viss forstand er venner blitt som slektninger og slektninger er blitt som venner” (ibid, 2002: 258). Slik er det blitt eit fokus på gjensidig intimitet og samvær innanfor det ho kallar ”reine relasjonar”, eit omgrep henta fra Giddens, 1991. Når ein kan finne element av vennskap i slektskap, peikar ho på at relasjonane til ”dei næreste” er valde relasjoner. Dette understrekar det som tidlegare er nemnt om eit likskapstrekk i måten (form) majoritet og minoritet organiserer sosiale fellesskap på.

Denne afghanske mannen i bygdecommunen sa dette:

Jeg har kamerater [han sikter til egen nasjonalitet] her i Norge, men ingen her i kommunen. Men vi har blitt kjent med en norsk familie så vidt, men det er ikke naturlig å bare stikke innom der, så det er ikke slik vennskap som man har med sine nærmeste.

Denne somaliske kvinnen i byen sa dette:

Venner? Det er mest sånne vi kjenner. Somaliere som oss. Men jeg kjenner mange nordmenn også, men bare noen få av dem er venner. De fleste er bare sånne som er vennlige og som man hilser på og barna blir inviterte i bursdag og sånn. Men venner betyr mye egentlig...ja fordi at vi jobber og har det litt stressa, og da trenger man å være sammen med familie og venner [slektingar] for å holde seg friske.

Ein informant som hadde vore busett i bygdekommunen sidan 1997, sa dette:

Jeg syns det var veldig vanskelig å få norske venner. Behovet mitt var egentlig veldig stort, men det var vanskelig å få kontakt. Vi [han siktar til seg og kona] har gått den veien at vi har ventet til folk her omkring tar kontakt med oss...Det gikk ganske mange måneder. Først ble det jo til at man ble kjent med de man jobber sammen med, etter hvert har vi blitt kjent med andre også. Men fordi vi har vært veldig opptatt begge to med jobb og sånn, og norskopplæring og andre kurs, så får man ikke tid til mer utenom barna. Mange fra mitt hjemland som har kommet hit siste åra, de syns nok det er litt rart at vi ikke besøker dem så ofte, men vi har ikke tid.

Denne informanten fortalte at han og kona gjekk noko ut om kvelden, som t.d. til den lokale puben. Når dei møtte venner eller kollegaer, var det stort sett gjennom jobb eller aktivitetar i burettslaget.

Om å "passe saman "

Marianne Gullestad (1989) hevdar at nordmenn er opptatt av "å passe saman" som grunnlag for vennskap og naboskap. Ho tek utgangspunkt i den skandinaviske likskapstankegangen som gjerne definerer likskap og likeverd som nærmast synonyme ord i dette perspektivet. Ho hevdar at likskapstankegangen fører til ein samhandlingsstil der det som partane har felles vert framheva, og det som skil dei vert halde taktfullt utanfor i samhandlinga (1989:117). Likskap tyder ikkje nødvendigvis faktisk likskap, men ein *stil* som framhevar og understrekar likskapstrekk mellom partane.

Ein av dei einslege flyktningane i bygdekommunen fortalte at det var vanskeleg å finne norske venner, i den tydinga vennskap hadde i heimlandet. Ho hadde likevel mange kjenningar i bygda, og der var mange hyggelege folk både som ho jobba saman med og som ho møtte i ulike samanhengar.

Men ingen norske er vant til vennskap slik vi har det hjemme. Da er det slik at du bare stiller opp i tykt og tynt, og hvis venninna mi ringer midt på natten kl. 2 eller 3 eller 4 og trenger å snakke med meg fordi hun er ensom eller lei seg, ja da må jeg bare stå opp og dra dit med en gang. *Uansett* om jeg skal tidlig opp på jobb neste dag. Jeg tror at nordmenn flest ville prøvd å overtale til å vente til neste dag, og prøve å trøste i telefonen, og så det var det. Når jeg har spurta norske kollegaer om de har venner så sier de fleste ja. Jeg spør hvor ofte de ser vennene sine og de svarer kanskje på fredager eller i helgen en gang, "vi går en tur ut" og så er det alt det er. Nei det er så mye mer hos oss. Vet ikke hvordan jeg kan forklare det. Men jeg har etter hvert forstått at slikt vennskap får jeg ikke her, jeg må lære meg hvordan vennskap er her, og så må jeg prøve å bli fornøyd med det.

Naboskap

Kven kjenner naboen sin i dag? Og kva betyr det ”å kjenne” naboen? Er det skilnad på naboskap som fenomen i små, gjennomsiktige lokalsamfunn og meir urbane bysamfunn?

Marianne Gullestad (1989) hevdar at folk som er naboar, i sosial forstand kan bu i totalt forskjellige nærmiljø. Det er også store variasjonar i majoriteten når det gjeld kva type kontakt som finst mellom folk i nærmiljøet. Nokre kan ha eit rikt nærmiljø med mange typar kontaktar. Det kan vere folk ein veit noko om, kjenningar, venner og nære slektingar. For andre igjen består nabolaget av mange ukjende, samt nokre få som ein veit litt om, og kanskje ein eller to nære venner (ibid).

Variasjonane som skildra her, med utgangspunkt i meir generelle kulturstudiar i den norske majoriteten, kan ein gå ut frå også var gjeldande både i bygdecommunen og i bykommunen.

Det kan vere grunnlag for å tru at bygdecommunen som moderne bygdemiljø skilde seg ut frå bykommunen ved nettopp å vere meir gjennomsiktig, og dermed også eit meir komplekst sosiokulturelt miljø enn i bykommunen. Særleg kunne dette kome til uttrykk i høve til ”framande”, som ikkje enno hadde funne sine posisjonar og sin plass innanfor lokale slekts- og vannerelasjonar lokalt. Med andre ord kan det tenkjast at ein i bygdecommunen kan trenge større sosiokulturell kompetanse for å takle dagleglivet enn i byen (jamfør Bringslid, 1996).

I bygdebyar og små bygdemiljø kan det vere avgjerande å kjenne kodane for ulike kontekstar, fordi dei fleste utspelar seg innanfor den romlege nærleiken. Eit døme på det kan vere når naboen både er sosialkurator (eller for den saks skull lærar, flyktningkonsulent, eller lege) og nabo. I kva grad skal ein vere kurator og i kva grad skal ein vere nabo når ein møtest, t.d. på butikken? Dette er fenomen som kan vere vanskeleg nok for nordmenn å takle. Partane har som etniske norske likevel ei viss tilknyting til kvarandre gjennom ei felles referanseramme innanfor den norske velferdsstaten, symbolisert gjennom abstrakte velferdsinstitusjonar og innforstått kunnskap om kva som tradisjonelt har representert bærebjelkar i dette systemet. Her kan nemnast metaforar med god klang, som t.d. ”først yte, så nyte”, eller ”yte etter evne og motta etter behov”.

For mange av informantane kunne norske kodar for slike møte framstå som vanskelege å skjøne med bakgrunn i ein annan logikk, der *velferd* og *omsorg* er symbolisert ved nettopp dei konkrete og personlege relasjonane, og der grenser for fellesskapet gjerne er markert ved slektskap og lojaliteten til ”sine eigne”.

Naboar vart i samtalane med informantane definerte som personar innan rekkjevidde, i nabohusa eller i same bygning. Det kunne t.d. vere ein å slå av ein prat med, utveksle eit vennleg smil, seie ”hei” til og spørje ”korleis har du det i dag?”

Naboar vart også definert som personar å stikke innom for å få omsetje eit langt og vanskeleg brev frå eitt eller anna offentleg kontor. Og kanskje kunne naboen vere eit supplement til læraren si rolle, ved å vere den som kunne forklare kva t.d. ”tursko” og ”sitteunderlag” tyder, når barna fekk med brev heim frå skulen, om kva utstyr dei måtte ta med på skuletur neste dag.

Felles for dei fleste informantane på tvers av nasjonalitet var at få kjende sine norske naboar meir enn på ”hei”, eller eit nikk i forbifarten. Særleg galldt dette informantane i *bykommunen*.

Her var nok også naboskapsrelasjonen generelt meir prega av det urbane og flyktige møtet, t.d. i ein trappeoppgang. Mangel på felles uteareal gjorde også sitt til at nokre her opplevde å ha få stadar for uformelt samvær med naboane sine.

I bygdekommunen var det fleire som visste noko om naboen sin (kvar han/ho jobba, om naboen hadde barn, etc.) og som dei var på ”hei” med. Kontakt utover dette var gjerne også avhengig av om informantane kunne gjere seg forstått på norsk.

Ulike posisjoneringar prega likevel informantane sine forteljingane om nordmenn som naboar i *begge* kommunane. Dersom naboen var ein dei kjende frå ”kommunen”, eller kanskje ein lærar, eller foreldre dei hadde møtt på skulen eller i jobbsamanheng (praksisplass), vart naboen ein eller fleire personar dei helsa på, og kjende namnet på. Nokre av informantane i bygdekommunen fortalte også at dei opplevde stor forskjell på dei naboane som sjølve hadde reist ein del til utlandet. Som denne somaliske kvinnen sa det:

Det er ikke lett å bli kjent med folk her omkring. Det blir spesielt vanskelig for oss siden vi ikke har familien og slekten i nærheten. Men vi kjenner da noen, særlig de som er utlendinger sjøl. Ja og så er det noen norske her i nærheten som har vært ute og reist sjøl. De er annerledes. De er liksom mer interessert i å ha kontakt med oss.

Dette vart også nemnt av andre informantar. Ein aghansk familie fortalte om nordmenn i nabolaget som kom på besøk ”fordi dei vil lære meir om vår kultur og språk”. Kvinnen i familien forklarte dette med at ”slike nordmenn” er ikkje så redde for å ta kontakt, som mange andre, og hadde dessutan ei spesiell interesse for andre kulturar.

”Sjokket”

Dei fleste av informantane i bygdekommunen snakka om at nordmenn som budde i nabolaget var ”snille, stille og rolige folk”. Dette var gjerne ein karakteristikk av nordmenn som tilbakehaldne og vanskelege å få kontakt med, i tydinga av at nordmenn sjeldan tok initiativ til noko meir enn eit ”hei” eller eit ”nikk” i forbifarten.

Mange opplevde dette som eit sjokk i byrjinga, og hadde tolka det som at nordmenn ikkje ønska kontakt med dei. Etterkvert hadde nokre forstått at nordmenn heller ikkje går særleg ofte på besøk til naboane sine, slik mange av informantane oppfatta som teikn på godt naboskap. Det vil seie at ein berre kunne stikke innom og slå av ein prat utan å vere invitert. Frå heimlandet var informantane vande til slik nabokontakt dagleg.

Offentleg tilsette hadde til ei viss grad blitt ei erstatning for den gode naboen. Det kunne vere lærarar, flyktningkonsulenten eller andre tilsette i kommunen som representerte den andre utanom familien og slekta. Desse kunne ein berre slå av ein prat med når dei møttest på gata eller stakk innom, sjølv om det i regelen var i jobbsamanheng. I bykommunen kjende ingen av informantane i sentrumsområdet namnet på naboen. Fleire fortalte m.a. at dei ikkje trudde nordmenn ønskte kontakt med dei, og fortalte at dei opplevde nordmenn som langt mindre sosiale enn dei sjølve.

Eit par av kvinnene fortalte at dei ikkje var budde på dette fenomenet før dei kom til Noreg, og at dei opplevde ”det norske” næraast som eit sjokk. Ein informant som tidlegare hadde levd i ein kommune i Nord-Noreg, hevda likevel at nordmenn ”der oppe” var langt meir sosiale

enn i Møre og Romsdal, og at naboane ”i nord” alltid sa ”hei” når dei møttest. Ein somalisk informant i ein bygård i sentrum sa dette:

Nei, vi har ingen kontakt med nordmenn her i gården. Ingen av de norske naboene kjenner oss. Det bor en under...kanskje han er svensk...vet ikke, men han snakker ikke til oss. Har ikke besøk av nordmenn og kjenner ingen egentlig, bortsett fra læreren min og flyktningkonsulenten.

Same informant fortalte at

Jeg har bodd 3-4 år i Norge...jeg snakker norsk kun når jeg er på skolen...det betyr at jeg nesten aldri får praktisere norsken min...ikke min kone heller. Hun kan enda mindre. Det er derfor vanskelig å hjelpe barna med lekser og sånn, for de kan jo mer enn vi foreldrene kan etter hvert.

2.3 Samhandling i opne rom

I dette kapitlet vil fokus vere retta mot kjenneteikn ved samhandlinga mellom majoriteten og minoritetane i lokalsamfunnet. Det vil hovudsakleg bli lagt vinn på å presentere minoritetsgruppene sine syn på denne kontakten, eller mangel på slik kontakt, og m.a. kva dei meiner er viktig for at nordmenn skal oppfatte dei som noko anna enn ”berre utlendingar og framande” (uttrykk henta frå informantane). Nokre synspunkt frå majoriteten vil også bli presentert her.

2.3.1 Arbeid

Kva type arbeidsrøynsle hadde informantane frå heimlandet, og kva kjenneteikna situasjonen deira i dag, når det galdt arbeid? Var dei i vanleg løna arbeid, eller var dei sysselsett på andre måtar? Viss ikkje; kva var dei viktigaste årsakene til det? Hadde nokon av dei ønske og idear om å starte opp eiga verksemد i kommunen? Korleis verka arbeid, eller mangel på arbeid, inn på trivselen og integrasjonsprosessen? Dette er spørsmål som vil bli gjort greie for i det følgjande.

Arbeidsrøynsler frå heimlandet

Arbeidsrøynsla mellom *dei afghanske mennene* varierte frå familiebaserte bedrifter og butikkverksemد innan teppe eller skoproduksjon, til yrke som sjåfør og/eller bilmekanikar, til karrierar innan politiet og det militære. Eit fleirtal av informantane høyrt til den første yrkesgruppa (familieverksemder).

Dei afghanske kvinnene hadde stort sett vore heimeverande i Afghanistan. Ei av 6 sa ho hadde vore i ein meir formell arbeidssituasjon (lærar). Elles hadde dei fleste kvinnene som kom frå familiebedrifter hatt ulike funksjonar i desse verksemdene, sjølv om mannen stort sett hadde hovudansvaret. Arbeidsrøynslene blant dei afghanske informantane bar òg preg av at alle kom frå urbane strok i landet. Det vil seie at ingen hadde særleg røynsle frå jordbruk og dyrehald,

sjølv om nokre hadde nære familierelasjonar til denne typen livsstil, og nokre av dei eldste hadde hatt ein oppvekst på landsbygda.

Når det gjeld *dei somaliske mennene*, varierte arbeidsrøynsla frå heimlandet frå ein nomadisk og pastoralistisk oppvekst og livsstil der kveghald (kamelar, geiter, sauvar) var dominerande, til meir tilfeldige jobbar i urbane strok. Det kunne då dreie seg om sjåførjobb, skreddaryrke, småhandel og restaurantverksemd.

Fleire av *dei somaliske kvinnene* hadde røynsle frå kveghald og eit nomadisk liv. Dei fleste hadde også røynsle frå småhandelsverksemd. Fleire fortalte om eit liv der dei måtte klare seg på eiga hand, gjerne saman med andre kvinner i slekta, og utan menn til å ordne opp for seg. I ein austafrikansk kontekst er somaliske kvinner også kjende som dyktige handelskvinner (Lewis, 1994). Økonomisk har dei somaliske kvinnene vore sjølvstendige, noko som også til dels er nedfelt i somalisk ekteskapstradisjon der unge kvinner har vore tilgodesett med eigne dyr som dei har fått med inn i ekteskapet. Ved skilsmisses (som ofta var mannen sin rett) har desse dyra (geiter, sauvar) m.a. vore kvinnene si økonomiske livsforsikring. Krig, tørke, utarming av beite og store tap av husdyr dei siste tiåra har likevel langt på veg brote ned nemnde tradisjonelle velferdsinstitusjonar.

Sysselsetjing i kommunane

Ingen av informantane som hadde busett seg i *bykommunen* etter 1998, var i fast arbeid. Nokre hadde hatt kortvarig, sesongprega arbeid innimellom. Stort sett hadde det dreia seg om jobbar på restaurantar, i oppvasken og i fiskeribedriftene. Grunna nedskjeringar og nedleggingar av arbeidsplassar i industrien utover på nittitalet hadde fleire mista jobbane sine.

Andre igjen, som dei som kom til kommunen mellom 1998 – 2001, hadde enno ikkje vore i løna arbeid. Det var heller ingen av informantane som hadde praksisplass. Bykommunen hadde planar om praksisplassar, men ingen av desse planane var sette ut i livet enno. Dei arbeidsledige informantane hadde difor ingen andre ”faste” tilbod på dagtid enn norskundervisninga.

Informantar blant dei som hadde budd lengst i kommunen, opplevde at ”tidene hadde blitt verre” dei siste åra når det galdt sjansane for å få arbeid i industrien.

Mennene i to av dei somaliske informantfamiliane som kom til Noreg før 1995, og til bykommunen før 1998, hadde begge faste jobbar (i full stilling). Den eine var fabrikkarbeidar og den andre morsmåslærar i grunnskulen. Kvinnene var anten heimeverande eller i deltidsjobb.

I *bygdekommunen* var berre ein av informantane i ordinært arbeid, og som han oppfatta som fast arbeid. Til forskjell frå bykommunen var dei fleste i bygdekommunen inkluderte i eit introduksjonsprogram der *språkprakis* og *praksisplass* inngjekk som viktige delar. Bygdekommunen hadde kome langt med omsyn til å førebu seg til den nye introduksjonsordninga for nye flyktningar. Det gjorde nok sitt til at informantane i bygdekommunen opplevde dagane som meir meiningsfulle enn om dei ikkje hadde hatt noko å gå til, som dei sa. Det kunne synest som om frustrasjonen knytt til at dei ikkje var i vanleg løna arbeid, vart noko redusert.

Informantane var likevel opptekne av at dette ikkje var ”skikkeleg arbeid” som dei uttrykte det. Vegen fram til målet; ”vanleg arbeid” opplevde dei difor som lang og uforståeleg vanskeleg. Alle informantane tok opp dette, nærast som eit eksistensielt tema.

Arbeid; viktigast for ønske om varig busetjing i kommunen?

Alle informantane (både dei i arbeid og dei utan) peika på at arbeid var ein føresetnad for trivsel og integrasjon i lokalsamfunnet. Dei som var i arbeid, eller hadde utsikter til arbeid etter praksispllass, fortalte at det var avgjerande for eit ønske om å bli verande i kommunen.

Vi trives veldig godt...så lenge vi har jobb tror vi nok at vi kan bo her hele livet (informant i bygdekommunen med praksispllass og utsikter til fast arbeid)

Utsegna frå denne familiefaren i bygdekommunen er representativ for oppfatningane som kom til uttrykk blant informantar i begge kommunane. Arbeid vart omtala i tydinga *løna arbeid* hjå ein arbeidsgivar (privat eller offentleg). Nokre av informantane sa til og med at dei godt kunne arbeide gratis ein periode først, ”slik at vi kan få vise hva vi kan”.

Alle foreldreinformantane la vekt på arbeid som ein svært viktig faktor for eit ønske om varig busetjing i kommunen. Når det galdt dei unge einslege informantane, var *høve til utdanning med utsikter til arbeid* mest vektlagt som faktor for varig busetjing i kommunen. Nokre av dei unge i bygdekommunen snakka om at dei gjerne kunne tenkje seg å bli buande i kommunen dersom dei hadde fått utdanningsmuligheter der etter vidaregåande skule. Sidan det var små utsikter til det, rekna fleire med at dei måtte flytte frå familien sin til nærmaste by eller utdanningsstad, slik som også norske ungdomar måtte.

Nokre kjønnsmessige skiljelinjer

I synet på arbeid som viktigaste faktor for trivsel og integrering i lokalsamfunnet, var kvinner og menn likt representerte. Kvinner og menn i familiene la likevel vekt på ulike aspekt ved det sosiale livet når dei argumenterte for arbeid som viktigaste trivselsfaktor. *Ære* og *respekt* var ord som oftare vart trekt inn når mennene snakka om kvifor arbeid var viktig for dei. Dei snakka om verdien av å kunne vedlikehalde respekten frå andre familiemedlemmer (eigne barn, sysken eller foreldre) og medlemmer av eiga etnisk gruppe gjennom å vere *forsørgjaren* i familien.

Kvinnene var ofte meir opptekne av å sleppe å vere fattige og ufri, som dei uttrykte det. Dei fortalte ofte om kor vanskeleg det var å få pengane til å strekkje til når familien berre hadde sosialhjelp eller ”litt lønn for praksispllass”. Fleire av kvinnene i bygdekommunen trekte fram at det var dyrt å vere fattig på ein liten stad. Her var der gjerne därlegare utval enn i byen av det dei kalla ”billebutikkar”. Dei syntest det var vondt å aldri ha råd til å kjøpe barna slikt utstyr som dei trudde mange av dei andre barna i nabologatet hadde. Kvinnene viste likevel ei meir optimistiske haldning enn mennene til at ”ting vil ordne seg på sikt”.

I begge kommunane var det menn som gav sterkest uttrykk for pessimisme når det galdt framtidige utsikter til arbeid. Denne informanten i bygdekommunen var mellom dei få som

ikkje hadde verken praksisplass eller arbeid. Han hadde budd i kommunen nærmere to år, og uttrykte pessimisme for framtida.

Vi ønsker jo å bli en del av lokalsamfunnet, vi gjør da det, men jeg tror aldri det vil skje. Har aldri tenkt på det på denne måten før, men det er jo klart at vi prøver. For eksempel ved å skaffe meg en jobb, men det er jo helt umulig ser det ut til. Og uten arbeid kan vi ikke bli integrert her. Jeg tror ikke nordmenn vil ha respekt for oss så lenge vi bare mottar sosialhjelp.

Arbeid og psykisk helse

Fleire fortalte òg om depresjonar og psykisk slitasje, gjerne på bakgrunn av ei rekke ulike forhold, men felles for alle var at dei opplevde mangelen på arbeid som forsterkande faktor på eigne psykiske problem.

Ei av dei somaliske kvinnene med lengst røynsle frå bykommunen, hadde gjennom åra opplevd både å vere arbeidsledig og å ha ulike jobbar. Ho sa det slik:

Jeg synes at...ja når det folk jobber man er rik, men når folk ikke jobber eller går på sosialen og trenger hjelp, det er da man er fattig. Og når man er fattig på den måten kan man heller ikke være glad eller føle seg fri.

Ein somalisk firebarnsfar i bykommunen snakka om kor viktig arbeid var for at han skulle klare å halde motet oppe:

Det er en veldig vanskelig situasjon å oppleve at man ikke får jobb. Man blir lett deprimert av det, man misser motet. Jeg har fire sønner som skal respektere meg som far. Jeg kan ikke gå arbeidsledig og bare ta imot penger frå sosialkontoret...

Mellom eit mindretal av dei arbeidsledige kom der også fram sterkt frustrasjon og undertonar av aggressjon og maktesløyse, retta mot det norske samfunnet. Denne frustrasjonen vart anten retta konkret mot arbeidsmarknadsetaten og næringslivet i begge kommunane, eller det kunne kome til uttrykk som generell kritikk mot det dei opplevde som negative norske haldningar til dei som utlendingar. Ein afghansk mann i bykommunen (med delvis fullført fagutdanning frå heimlandet)

Jeg har ikke arbeid...vet ikke hvorfor, men jeg tror en viktig grunn er at når navnet mitt står på papirene ...alle kan se at jeg er utlending og da får jeg ikke jobb. (...) Nordmenn blir redde når de tror en utlending skal jobbe her.

Om å starte opp eiga verksemد

Dei fleste av informantane hadde røynsle frå å drive eiga handelsverksemd frå heimlandet. Det galdt både afghanske og somaliske informantar. Fleire nemnde at dei godt kunne tenkje seg å starte opp eiga verksemd. Oftast var det då tale om kafè - eller butikkverksemd.

Nokre av dei som hadde budd lengst i Noreg fortalte at dei syntest det var ein nokså vanskeleg og veldig byråkratisk veg å gå i Noreg. Få visste dessutan korleis dei kunne gå fram reint formelt, og sa dei trenge hjelp til dette. Dei fleste som sa dei ønskte å starte opp med noko sjølv, trudde det ville bli for dyrt. ”Vi har ingen startkapital”, som nokre sa, ”Og uten fast arbeid får vi neppe lån i banken heller”.

Når informantane snakka om å starte opp for seg sjølve, vart det av nokre sett i relasjon til det å bli synleg som eit individ i lokalsamfunnet, ikkje lenger berre ein kategori (som t.d. flyktning).

Ein av dei aghanske mennene i bygdekommunen som hadde arbeid han treivst i, fortalte han likevel godt kunne tenkje seg å starte opp med noko for seg sjølv på sikt. For han var ikkje dette ønsket motivert utifrå å tene meir pengar, men meir eit ønske om å bli *sett* i lokalsamfunnet som eit sjølvstendig individ. Han sa dette:

Hvis vi hadde hatt råd skulle vi åpne kafé eller en butikk. Det er noe som vi kunne likt både min kone og jeg. Ikke bare for økonomien sin del, vi har det ganske bra slik vi har det, men fordi det er noe som betyr noe mer på en måte....man blir noen, noen som har sitt eget og kan være selvstendig. Vi kan *vise* at vi kan noe....Jeg tror det vil bety mye for vår status som mennesker her i bygda. Man blir ikke lenger bare noen fremmede og ukjente som ikke forstår noen ting og som trenger hjelp hele tiden.

Forholdet til det offentlege hjelpeapparatet i lys av mangel på arbeid

Når informantane snakka om ”kommunen” eller ”systemet”, galdt det gjerne dei personane som arbeidde på dei ulike offentlege kontora.

Ingen av informantane i nokon av kommunane retta kritikk mot flyktningkontoret for ikkje å tale deira sak eller legge forholda godt nok til rette for dei. Tvert imot vart flyktningkonsulentane i begge kommunane omtala som den som ”står på for oss”, den som ”forstår oss” og ”prøver å hjelpe oss”.

Flyktningane i bygdekommunen gav uttrykk for ei meir positiv oppfatning av ”kommunen” og det offentlege systemet enn flyktningane i bykommunen. Dette vart kopla til ulike sider ved sjølve møtet med ”systemet”. Fleire sa det var lett å få kontakt fordi dei som arbeidde på flyktningkontoret ”forstår oss og hjelper oss”. Ved å legge fram problema sine der, opplevde fleire at dei vart hørde. Flyktningkonsulenten og dei tilsette på flyktningkontoret vart ”deira talspersonar” i systemet.

Flyktningane i bykommunen sa dei opplevde det byråkratiske systemet som uoversiktleg, og det var ofte vanskeleg å få hjelp. Sjølv om flyktningkonsulenten vart framstilt som ”deira talsperson” måtte dei likevel i langt større grad enn i bygdekommunen finne fram i byråkratiet sjølve. Fleire nemnde at det kunne vere vanskeleg å få snakke med ein sakshandsamar; og då primært den same personen som sist. Nokre opplevde informasjonen frå tilsette innan sosialkontor eller arbeidskontor som tvitydig og uklar. ”De sier en ting, men gjør noe annet” eller ”De snakker med to tunger”. Dette vart gjerne kopla til søknadar om sosialhjelp eller arbeid.

Truleg vart mykje av den informasjonen som nye flyktningar fekk både misforstått og tolka i andre retningar enn målet var frå det offentlege. Kva innebar til dømes eit "godt nok" norsk nivå for å få arbeid?

Det var likevel ulike oppfatning kring "det norske systemet" innbyrdes dei ulike etniske gruppene. *Tidsfaktoren* spela ei viktig rolle her. Kva type hjelp informantane hadde behov for, var gjerne avhengig av kor lenge dei hadde budd i kommunen.

Det kunne synast som den afghanske gruppa med generelt kort tid bak seg i bykommunen hadde det sterkeste informasjonsbehovet. Innan den somaliske gruppa var det meir ein tendens til at nye vart fanga opp og tatt hand om av sine eigne med røynsle. Dette var med på å redusere frustrasjonen over ikkje å forstå systemet sine kodar for arbeid.

I bygdecommunen vart kommunen omtala som ein aktiv hjelpar; lett å ta kontakt med om nokon hadde problem. At det i bygdecommunen også var tilsett flyktningar, "med våre erfaringer" som fleire sa, vart sett på som særleg viktig som døravnarar for nye flyktningar. Det kunne også synast som om flyktningar i bygdecommunen i større grad enn i bykommunen hadde blitt forklart korleis systemet "tenkjer" når det galdt flyktningar og arbeid, m.a. at "ting tar tid". At dette ofte dreiar seg om ein langvarig prosess med språkopplæring, praksisplass, meir språk, meir praksis og kanskje... kanskje ikkje; arbeid langt der framme. Med andre ord; arbeid for ein nyleg busett flyktning tyder langt ifrå *løna* arbeid (pengar) frå dag ein.

Bygdecommunen hadde allereie starta førebuinga til introduksjonsprogram for flyktningar. Dei fleste hadde tilbod om språkpraksis eller arbeidspraksis, og flyktningkontoret var godt i gang med å etablere eit system for utarbeiding av individuelle planar for dei som hadde budd i kommunen i to år.

Dette kan nok vere medverkande til at frustrasjonen blant informantar utan ordinært lønna arbeid kunne synest å vere mindre i bygdecommunen enn i bykommunen. Dei organiserte aktivitetane var med på å fylle dagen med noko meiningsfullt.

I bykommunen var det langt på veg medlemmer frå eiga etnisk gruppe, og då særleg dei med lengst røynsle frå kommunen, som stod for det meste av informasjonen til dei nye om korleis det norske systemet "tenkjer". Dermed vart dei også sett på sporet av kva for strategiar som var kloke eller mindre kloke på vegen til målet: lønna arbeid.

Kommunen og flyktningane; ulike fokus på vegen mot integrasjon ?

Dei aller fleste informantane peika på at arbeid var den viktigaste føresetnaden for integrering i lokalmiljøet. Både for somaliske og afghanske flyktningar i begge kommunane kunne målet synest "enkelt": Dei hadde kome til eit rikt land og ville først og fremst få vite *kvar* og *korleis* dei kunne finne arbeid og tene pengar, innan kortast mogleg tid. Dei ønska konkret opplæring og trening for å kunne utføre ein bestemt jobb eller oppgåve.

Fleire meinte òg at det var viktig å komme seg raskt i arbeid, ikkje minst sett i lys av at arbeid var ein viktig føresetnad for å bli respektert blant nordmenn, og sett på som noko anna enn "berre ein utlending og framand", som fleire uttrykte seg. Arbeid vart slik trekt fram som ein føresetnad for å lære norsk. Fleire peika på at dette hang saman; "Nordmenn må respektere oss før dei ønskjer kontakt med oss" (informant i bygdecommunen). Nokre undra seg likevel

på om dei måtte bli ”helt norske” for å bli godtekne på arbeidsmarknaden. ”Det kan vi jo aldri bli likevel” sa desse.

Den kommunale flyktingadministrasjonen på sin side var meir oppteken av prosessen fram mot arbeid. Først og fremst at flyktningane skal lære seg det norske språket og dernest bli i stand til å fungere i tråd med *forventningane* i arbeidslivet. I bygdekomunen var flyktingkontoret i gang med nettopp å kartlegge det lokale næringslivet og dei ulike arbeidsplassane; for nettopp å finne ut meir om forventningar og muligheiter i eit framtidig samarbeid.

Kommunen var avhengig av at den private arbeidsmarknaden viste ei positiv haldning til at flyktningar generelt, men også dei som langt ifrå var ”perfekte” i norsk, kunne få arbeid. At utgangen av denne prosessen (minst 2 år i følgje intensjonane med Introduksjonslova¹⁶) ikkje inneber ein garanti om arbeid, kompliserar integrasjonsarbeidet ytterlegare for kommunen.

I praksis vart dette frå informantane si side oppfatta som eit uendeleg langt lerret å bleike. Kommunen sine mange delmål som språk, meir språk, eventuelt språkpraksis og praksisplass vart meir oppfatta som ei lang rekkje ”hinder”, ikkje minst sett i lys av forventningar fra familien i heimlandet.

Dette samsvarer også med funn referert til i UDI sin rapport *Somaliaprosjektet. Om bosetting av somaliere i 12 kommuner på Vestlandet* (2001) der det m.a. heiter: ”Flyktningens fokus er penger, kommunens på standarder for vellykket integrering (...) (2001:21).

Figuren under viser ei skisse over kommunen og flyktningane sine ulike fokus og mål i integrasjonsprosessen.

Fig 3 Ulike fokus og mål i integrasjonsprosessen

Majoriteten (flyktingadministrasjon i samspele med arbeidsmarknad og lokalt næringsliv)	Minoritetsgruppene
<p>Ankomst</p> <ul style="list-style-type: none"> -Språkopplæring/Info. om det norske samfunn -Økonomisk sosialhjelp/introduksjonsstønad¹⁷ - Språkpraksis - Arbeidspraksis - Meir språkopplæring? - Arbeid? <p>Tidsperspektiv: Langsiktig endringsprosess?</p> <p>I følgje Introduksjonslova: 2 år (med høve til 1 år utviding for t.d. analfabetar), men ingen garanti om arbeid etter denne tid.</p>	<p>Ankomst</p> <ul style="list-style-type: none"> - Språkopplæring /norske - Lover og reglar for arbeidslivet (”Det som må til få få seg arbeid ”) - Opplæring med fokus på konkrete arbeidsoppgåver /ferdigheiter - Lønna arbeid - Årsinntekt kr.161.000 (minimuminntekt for familie- sameining) - Familiesameining - Meir utdanning og betre betalt jobb? <p>Tidsperspektiv: Kortsiktig: ”Det som må til for å få arbeid og familiesameining raskt” (ca. 1 år) Langsiktig: meir utdanning og betre betalt arbeid</p>

¹⁶ Ot.prp. nr.28 (2002) Om lov introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven)

¹⁷ Ved innføring av ny introduksjonslov for alle kommunar pr. 1.09.04 er målet nettopp å kome bort frå sosialhjelpstønaden, og det vil bli utbetalt *introduksjonsstønad* til alle som tek del i programmet.

2.3.2 Utdanning

Kva slags utdanningsbakgrunn hadde informantane frå heimlandet, og kva slags ynskje og planar hadde dei i høve ein utdanningskarriere i Noreg? Kva syn hadde foreldreinformantane på utdanning, og kva syn hadde dei einslege på utdanning? Opplevde dei å finne relevante tilbod i kommunen? Opplevde dei utdanningsarenaene som viktige stadar å bli kjende med nordmenn på? Dette er nokre av dei spørsmåla det vil bli gjort greie for i det følgjande.

Utdanningsbakgrunn frå heimlandet

Utdanningsbakrunnen frå heimlandet var generelt lav i begge minoritetsgruppene. Dei fleste hadde gått på lokal koranskule. Berre fire av dei 19 kvinnene hadde gått på skule i heimlandet. Få av dei eldste somaliske kvinnene hadde fått med seg litt skulegang på grunnskulenivå i heimlandet. Ei afghansk kvinne hadde utdanning tilsvarende vidaregåande nivå. Ho hadde ikkje fullført denne utdanninga på grunn av krigshandlingar og flukt til nabolandet. Dermed var langt dei fleste kvinnene i informantgruppa analfabetar.

Mennene hadde meir variert utdanningsbakgrunn. Her kan den somaliske gruppa grovt sett delast i to: Dei som kom til Noreg og kommunen tidleg på nittitalet og dei som kom på slutten av nittitalet og byrjinga av 2000. Desse siste hadde lite eller ingen skulegang frå heimlandet. I beste fall hadde desse gjort ferdig dei første åra i grunnskulen. I det heile var skulebakgrunnen prega av mange brot grunna reiser og flukt.

Gruppa menn som kom tidleg på nittitalet hadde noko meir utdanning. Nokre av desse hadde byrja på fagutdanning, men stort sett gav dei uttrykk for at dei hadde fullført grunnskulen før dei kom til landet. Ein av desse hadde seinare tatt utdanning på høgare nivå i laupet av åra i Noreg (vidaregåande, yrkesfagleg retning).

Nokre av dei afghanske mennene hadde fagutdanning frå heimlandet eller frå eitt av nabolanda (Pakistan, Iran). Denne utdanninga var anten knytt til profesjonar som politi og militærvesen. Dei fleste afghanske mennene hadde likevel lite skule utanom koranskule og på tidleg grunnskulenivå.

Foreldra sitt syn på utdanning

Ingen foreldreinformantar var i gang med utdanning utover grunnskulenivå. Få av foreldra hadde difor røynsle frå utdanningsinstitusjonar som sosiale arenaer. Sett bort ifrå dei somaliske flyktningane med lengst røynsle i bykommunen, var dei aller fleste informantane under *norskopplæring* ved Vaksenopplæringa/Ressurssenteret i kommunane. Vaksenopplæringa vart av alle informantane i begge kommunane omtala som svært viktig for dei; sosialt og funksjonelt. Ofte var lærarane ved vaksenopplæringa dei einaste norske venane dei kunne referere til. For dei som var arbeidsledige og utan praksisplass, var norskundervisinga ved vaksenopplæringa også det einaste dei hadde ”å gå til”.

Fleirtalet av dei somaliske kvinnene gav til kjenne ei tydeleg interesse for å ta ei fagutdanning, men nokre av dei med store barneflokkar sa dei ønskte å utsetje dette til seinare: ”Til barna er blitt større”. Dei fleste av kvinnene gav uttrykk for interesse for helse-

og sosialfaglege utdanningar. Motivasjonen for fagutdanning var å kunne bidra til familien sin økonomi saman med mannen. Dei kvinnene som var åleine om forsørjaroppgåva var meir fokusert på å få ein praktisk jobb snarast råd, og då innan yrke som ikkje kravde fagutdanning. Men også desse kvinnene snakka om at dei ville ta utdanning på sikt.

Nokre av dei kvinnelege informantane i bygdekommunen, både afghanske og somaliske (og kosovo-albanske) ønskte desentralisert utdanning innan hjelpepleieyrket.

I familiene var det berre to somaliske og to afghanske menn som sa dei hadde planar (ønske) om meir utdanning. Dei somaliarane som hadde kome sist til kommunane, og venta på familiesameining, var som tidlegare nemnt under "Familien i heimlandet", mest opptekne av å skaffe seg eit praktisk yrke snarast råd. Desse var også tydelege på at så lenge dei var utan inntekt og ikkje kunne forsørge kone og barn i heimlandet, vart konsentrasjonen knytt til eiga språkopplæring og utdanning kraftig redusert.

How can I even *think* of education when I do not have a job and my family are suffering in Somalia?! Eg må først få ein jobb og tene nok pengar til at min kone og mine barn kan komme hit....før det skjer kan jeg aldri klare å konsentrere meg om noen utdanning.

For mange av foreldra var dessutan eigen personlege (individuelle) karriereplan når det galdt utdanning ofte underordna i eit familieperspektiv. Dei fleste av foreldra gav uttrykk for at det viktigaste for dei var å skaffe inntekt nok til heimen, slik at dei både kunne underhalde familiemedlemmer i heimlandet og gi barna her ei god utdanning. God utdanning for desse var knytt til "sikre" jobbar med høgre løn enn dei sjølve hadde. Her vart gjerne utdanningar som t.d. lege, ingeniør nemnde. Ein informant sa dette;

Jeg håper for fremtiden at barna mine skal få seg ei utdanning og gode jobber i Norge.
Når det gjelder for meg selv, så er det viktigste at jeg får meg en jobb.

Ein informant i fast arbeid sa dette:

Vi arbeider for at barna skal få en god fremtid her, med god utdanning og kan forsørge seg selv og bli bra mennesker. Det er viktig for fremtiden vår.

Dei ugifte sitt syn på utdanning

Mellom dei ugifte informantane over 18 år, hadde dei aller fleste klare ambisjonar om både utdanning og arbeid i framtida. Nokre av dei unge somaliske kvinnene i bykommunen var svært målmedvitne i til høve dette. Dei var også midt i fullføringa av ungdomsskule og hadde klare planar om å søkje vidaregåande til hausten. Når dei snakka om utdanning, jobb og framtid, var det som regel i lys av storfamilien (i heimlandet eller i Noreg) sine behov.

"Leila" (26 år) kom til byen for ca. 3 – 4 år sidan. Ho hadde deltidsjobb i ein av omsorgsinstitusjonane i byen, samstundes som ho var i ferd med å avslutte ungdomsskuleeksamen. Neste mål var vidaregåande skule, og kanskje ei fagutdanning innan helse- og sosialomsorga.

Jeg skal bli ferdig med utdannelsen min og få meg jobb slik at jeg kan hjelpe familien min der hjemme. Jeg hjelper dem litt nå også, men det blir lettere når jeg kan arbeide hele tiden.

”Nurtha” (18 år) hadde budd saman med foreldre og søskene i Noreg i ca. 10 år. Ho gjekk i vidaregåande skule. Ho sa dette:

Jeg skal ta meg en utdanning slik at jeg kan *reise*. Har lyst å bli jordmor. Har lenge hatt et ønske om å kunne reise tilbake til Somalia når jeg har fått meg en utdanning. Har lyst å gjøre en nyttig jobb der og bli kjent med det landet som familien min er fra. Jeg veit det er mange problemer der, men jeg vil veldig gjerne hjelpe til.

Unge som kom saman med familien sin medan dei enno var i barneskulealder hadde nok ein føremon framfor dei som kom i ungdomsskulealder (frå 15 –16 år). Desse første fekk med seg viktige år i barneskulen og vart budde på ungdomsskuletida, særleg det siste året i barneskulen. Sosialiseringss prosessen blant jamaldringane var gjerne mindre komplisert for desse enn for dei som kom direkte til ungdomsskulen utan norsk språk og kunnskap om kulturelle kodar.

2.3.3 Skule og barnehage

I det følgjande vil fokus vere retta mot familiene med barn i grunnskule og barnehage. Korleis opplevde foreldra kontakten med barnehagen og skulen, og korleis opplevde tilsette i skulen samarbeidet med foreldra? Det er viktig å presisere at det ikkje har vore gjort ei systematisk undersøking i skulane eller barnehagane. Forholdet til barnehagen er berre basert på foreldra sine oppfatningars. Når det gjeld grunnskulen, er det i bykommunen gjennomført intervju av ein lærar og rektor ved ein barneskule samt rådgjevar ved ein ungdomsskule. Begge skulane var utvalde fordi informantane hadde barna sine i desse skulane. I bygdekommunen er det gjennomført eit intervju av rektor ved barne- og ungdomsskulen.

Kontakta med barnehagen

Fleire av informantane med barn i barnehagealder ytra seg positivt til barnehagen som tilbod for barna deira. I bykommunen var berre eit barn i førskulealder utan barnehagetilbod blant informantfamiliene. Det var ei jente på fem år. Ho var fødd i Noreg, men snakka nesten ikkje norsk, sidan ho stort sett berre hadde vore saman med familiemedlemmer og andre somaliarar. Foreldra fortalte at ho hadde fått barnehageplass frå hausten av, for å lære norsk før ho skulle byrje i skulen. Ein viktig årsak til at dottera ikkje hadde byrja i barnehagen før, var at foreldra syntest det vart for dyrt. Dessutan syntest dei at det var unødvendig å sende barnet bort frå heimen, så lenge mor sjølv var heimeverande. Sjølv om mange av foreldra på den eine sida sa dei var positive til barnehagen, kom det også fram ein viss skepsis til å overlate oppdraginga til ein offentleg norsk institusjon. For mange av informantane var det meir vanleg at mor hadde hovudansvaret for oppdraginga av barn; og då særleg dei små barna. Nokre foreldre gav også uttrykk for at dei var usikre på kva som eigentleg gjekk føre seg i barnehagane. Nokre fortalte at dei kjende seg meir trygge etter at dei hadde blitt meir kjende med personalet og visste litt om dei andre foreldra. Andre igjen sa dei ikkje kunne tenkje seg å overlate barna til framande.

Dei som hadde barn i barnehage eller parktilbod til barna i bykommunen, snakka om at sjølv om det vart mest i hente- og bringesituasjonar, var barnehagen ein stad der dei kunne treffe andre norske foreldre. Oftast var det far som henta og bringa barna til og frå barnehagen. Dette vart gjerne grunna i at det var far som køyerde bil, eller som ein annan far forklarte det:

Fordi det er jeg som er best kjent i byen og snakker best norsk. Min kone har nettopp kommet så hun snakker dårlig norsk, men snart kan hun også gjøre det.

I bygdekommunen var dei fleste barna i informantgruppene i grunnskulealder og oppover. Tre barn var mellom 3 og 5 år, og to av desse hadde barnehageplass. Eitt barn var heime hjå bestemor medan mor var under utdanning/språkopplæring. Mor og bestemor fortalte at barnet skulle starte i barnehage komande haust for å lære norsk før skulestart. Dei små barna utan barnehageplass snakka berre morsmål.

Kontakten med grunnskulen

Foreldra i begge kommunane opplevde å ha eit positivt forhold til skulen og til lærarane. Språkproblema kunne nok for dei som enno ikkje snakka særleg norsk, legge mange hindringar i vegen for god kommunikasjon med lærarane. Fleire av foreldra (i begge kommunane) fortalte at dei kunne ønske seg at *tolketenesta* var lettare tilgjengeleg. Det var ofte situasjonar der dei kunne tenkje seg å snakke med læraren om barna sine, men let det vere fordi det var praktisk vanskeleg fordi det måtte planleggast tolkehjelp og liknande. Spørsmål dei hadde til læraren kunne dreie seg om opplegget i skulen, kva slags aktivitetar barna var med på, og kanskje korleis dei betre kunne hjelpe barna sine med leksene.

Nokre foreldre fortalte at dei gjerne kunne tenkje seg å snakke med lærarar om barneoppseding i Noreg. Og om kva som er normal oppseding slik nordmenn ser det. Ein av lærarane i bykommunen fortalte at dei verkeleg prøver å få til denne kontakta med foreldra, men i høve til dei som ikkje kommuniserer på norsk vert kontakten svært avgrensa. Han fortalte at ”det er så mykje styr med å organisere tolk”. Anten så passar ikkje tidspunktet for tolken eller så passar det dårlig for foreldra, fordi dei er på skule eller er opptekne med andre ting.

M.a. på grunn av språkproblem hadde få av foreldra ei oppleveling av at *foreldremøta* kunne vere ein arena for viktig kommunikasjon med andre foreldre. Fleire trudde likevel det kunne bli det dersom tolk vart nytta, og at foreldra (norske og framandspråklege) vart delte inn i små grupper med tolk.

Trass i praktiske problem, som dette med tolk, gav foreldra i begge kommunane uttrykk for positive oppfatningar av skulane. Men felles for dei fleste var at dei heilt i byrjinga følte seg veldig utsynlig på kva som skjedde med barna når dei var ute av syne. Etterkvart hadde dei opplevd at skulen var ein stad der barna vart tekne godt vare på, og at lærarane var som mange sa det: ”veldig hyggelege og snille menneske”.

Dei fleste meinte også at det var få problem knytt til deira behov som muslimar.

Når vi har våre høytidsdager får barna våre fri, og ellers så tar vi oss av dette med religionundervisning selv (somalisk foreldreinformant i bykommunen).

Etter at byen fekk moske med imam som underviste barna på laurdagane, var dette eit mindre aktuelt tema i høve skulane, fortalte fleire informantar.

Den positive oppfatninga frå foreldra si side kan nok truleg også henge saman med at skulane kvar for seg jobba med ulike integrasjonstiltak, og slik viste ei gjennomgåande positiv innstilling til å ta imot flyktningar og framandspråklege.

I samtalar med lærarane om korleis dei oppfatta foreldra sine haldninga til skulen fortalte ein lærar i ungdomsskulen at han nok opplevde nokre nasjonale og kulturelle forskjellar. Han peika likevel på store individuelle forskjellar innbyrdes same etniske gruppe. Han sa dette:

Ja eg må seie det er både òg når det gjeld dette med nasjonale og kulturelle forskjellar mellom dei familiene som kjem. Det er då nokre som trur at dei framleis oppheld seg i sin kultur. Nei då tenker eg ikkje på nokon spesiell nasjonalitet. Medan andre kjem og er kanskje lite ”skoleminded” frå kulturar som kanskje ikkje har fått bygd opp eit skulevesen...i allefall ikkje etter europeisk standard. Og som då ser at dei har kome til eit land der barna deira kan få muligheter som dei sjølve ikkje fekk. Og sjølv om dei ikkje har så mykje skule sjølve, så følgjer dei godt opp barna sine.

Begge byskulane og bygdeskulen hadde tilbod om *leksegruppe*. I bygdekommunen var det flyktningkontoret (miljørabidaren) som organiserte leksegruppe for flyktningbarna, med etnisk norske ungdomar i vidaregåande skule som hjelparar. I bykommunen var det skulane sjølve som organiserte leksegruppene, og tilboden var retta mot både norske og framandspråklege elevar.

I ungdomsskulen i byen fortalte ein lærar at det var nettopp å gjere leksene saman med norske medelevar som var hovudpoenget. Leksegruppa her var lagt i forlenging av skuletida. Nokre foreldre hadde nemleg ikkje høve til å følgje barna etter skuletid til ulike aktivitetar, og nokre såg nok heller ikkje dette som ei prioritert oppgåve for dei som foreldre. Men alt som skjedde i skuletida vart lettare akseptert og godkjent av foreldra. Dette var noko lærarane i begge kommunane hadde merka seg når det galdt dei framandspråklege elevane.

Dei to skulane i bykommunen satsa nokså omfattande på integrasjonstiltak i skuletida. Særleg galdt det kulturtiltak i barneskulen. Ein lærar i barneskulen i bykommunen fortalte dette:

Ja vi har ting som står på årsplanen som faste arrangement. Og så har vi vore med på den kulturnista spesielt, og så kanskje fått nokre ekstra konserter. Vi har gjort det vi kan for å satse på kultur da.

Denne læraren fortalte også at skulen hadde jobba mykje med å gjere skulen til ein *trygg møteplass* for dei framandspråklege elvane – og foreldra. Ho snakka om skulen på denne måten:

Skulen må vere ein sånn plass der dei får lov til å *vere*, der dei kan ferdes og som dei kjenner godt kan du seie. Alle sånne kulturelle innslag og aktivitetar som utflukter eller opplegg med mat og forskjellige sånne ting, det har vi satsa på å ha i eller like etter skoletid. Det er fordi vi veit at det er vanskelegare for mange utanlandske barn å få lov til å vere med på sånne fritidsaktivitetar klokka det og det, om ettermiddagen og kvelden. Mens det som føregår i skoletida det syns foreldra er best. Vi jobbar no med eit sånt kulturrom i ein gamal gymsal der vi kan holde til.

Foreldrestrategiar

Det som er trekt fram så langt kan kanskje indikere at foreldra kunne velje mellom klare alternative måtar å posisjonere seg til skulen og barnehagen på. Eg vil difor presisere at det ikkje nødvendigvis var slik at foreldra sjølve opplevde å stå overfor reelle val i så måte. Det handla kanskje meir om å finne måtar å leve med brytingane knytte til gamle og nye røynsler, og ta inn over seg ulike dilemma relatert til forelderrolla. Sett i eit livslaupsperspektiv, representerte forelderrolla i eksil nye røynsler for dei fleste av informantane. Berre dei somaliske informantane i bykommunen som hadde vore lengst i Noreg, kunne verkeleg reflektere over eigne røynsler i denne rolla. Eksilttilværet innebar at mange av foreldra, både i bygdekommunen og i bykommunen, stod overfor mange dilemma i oppdraginga av barna, der dei måtte søkje løysingar som tok omsyn til både familien sin kulturelle bakgrunn og ungane sin konkrete her og no-situasjon i lokalmiljøet.

2.3.4 Fritid

Under ”Fritid” vil ein tematisere informantane sine syn på og deltaking i organiserte og uorganiserte aktivitetar i kommunane. Her må det presiserast at det ikkje er gjort noko grundig kartlegging av tilgjengelege fritidstilbod i kommunane. Informasjonen om kva som fanst i kommunane er i all hovudsak basert på intervju med ulike kommunalt tilsette, samt diverse informasjonsmateriell i kommunane. Det som har vore mest interessant i undersøkinga, er kva flyktingane visste om fritidstilboda i kommunen, og kva dei var med på av desse aktivitetane. Opplevde informantane at dei hadde fått god nok informasjon frå kommunen om kva tilbod som fanst lokalt? Var det nokre av desse tilboda dei ønskte å vere med på, men av ulike grunnar vart hindra i det? I så fall; kva slags hindringar var det snakk om?

Generelt om fritidstilbod i kommunane

Begge kommunane hadde eit rikt tilbod på organiserte fritidsaktivitetar retta mot ulike aldrar og kjønn. Her kan vi nemne idrettslege aktivitetar (t.d. fotball, ski, trimgrupper m.m.), kulturelle aktivitetar (t.d. kor, korps, kunstlag, m.m.), religiøse aktivitetar (ulike sekter og kyrkjelege arrangement), politiske aktivitetar (ulike politiske parti og interessegrupper), og humanitære aktivitetar (som t.d. Amnesty International og Raude krossen). I tillegg kan vi nemne meir tradisjonelle norske organisasjonar som t.d. Sanitetslaget, Noregs bygdekinnelag, Bondekinnelaget og organisasjonar knytt til natur og friluftsliv (Natur og Ungdom, Skyttarlaget o. l.).

Når det galdt tilbod om meir *uformelle* møtestader for folk, skilte bykommunen seg klart ut frå bygdekommunen ved sine mange og varierte tilbod. Her kan vi m.a. nemne ei rekke kafear, restaurantar, kino, teater og kultursenter, nærmest for einkvar smak og lommebok.

I bygdekommunen var dei uformelle aktivitetane (utanom heimen) knytt til bruken av naturen det mest dominante. Undersøkingar av m.a. hushalda si deltaking i fritidsaktivitetar mellom majoritetsbefolkinga i regionen (Båtevik, Mattland Olsen, Vartdal, 2003, Båtevik, Mattland Olsen, 1999, Mattland Olsen, Vartdal, 2003) viser at aktivitetar knytt til naturen er mest vanleg. Til dømes tura, jogging, sykling, jakt og fiske samt alpinkløv, for å nemne nokre av dei mest vanlege aktivitetane. Paradokslt nok var det for dei fleste av informantane i bygdekommunen med urban bakgrunn, nettopp naturen og det dei oppfatta som mangel på

”sivilisasjon”, som hadde representert det sjokkerande første møte med kommunen. Ei av dei afganske kvinnene uttrykte dette slik:

Her var nesten bare skog og vann; og nesten ingen mennesker. Vi lurte veldig de første dagene: *Hvor er alle menneskene?*

Stader der ein berre kunne stikke innom for å treffe folk, var det svært få av. Bygda hadde ein liten kafè (nystarta), ein pub og eit folkebibliotek. Desse var dei einaste uformelle offentlege møtestadene der folk berre kunne stikke innom. Eit besøk innom kafeen var også vanleg aktivitet for forskaren under feltarbeidet. Å vere bessökande der vart opplevd som triveleg, men også personleg og til dels intimt. Som regel var det få gjestar til stades, slik at det å stikke innom der vart eit veldig synleg prosjekt.

Den organiserte fritida

Ingen av informantane i nokon av kommunane var med i tradisjonelle norske lag og organisasjoner. Få hadde vore medlemmer i organisasjoner i heimlandet sitt. Nokre hadde god kjennskap til internasjonale organisasjoner som Raude halvmåne (Raude Krossen), men ingen fortalte om deltaking i heimlandet. Stort sett hadde aktivitetar i heimlandet, utanom arbeid og familie, vore knytt til religiøse og politiske aktivitetar. Når det galdt politikk, var det mange som sa at dei ikkje engasjerte seg i det etter at dei kom hit. ”Eg er ferdig med det, orkar det ikkje”, som ein afgansk informant uttrykte det.

Dei få informantane som dreiv, eller hadde drive med organiserte aktivitetar etter at dei kom til Noreg, budde i bykommunen og dreiv hovudsakleg organisasjonsarbeid retta mot eiga etnisk eller religiøs gruppe. Det dreia seg om Muslimsk foreining som stod for ulike arrangement i moskeen. I utgangspunktet var det somaliske flyktningar som hadde starta opp og skipa denne foreininga, som etterkvart hadde fått tilslutning frå muslimar frå andre nasjonalitetar (afghanske, tyrkiske, m.fl.) i kommunen. Organisasjonen leigde eit av kommunen sine lokale til moske, og hadde regelmessig bønemøte på laurdagar i staden for fredagar som eigentleg muslimsk heilagdag. Å legge bønemøta til laurdagen var for dei fleste mest praktisk i Noreg, fordi det er ein offentleg fridag. Også koranskule for dei muslimske barna vart arrangert i moskeen.

Mange opplevde likevel eit stadig aukande ubehag knytt til norske reaksjonar på ”muslimar” etter 11. september. Dette gjorde at nokre av informantane ønskete å ha ein lav profil, som dei uttrykte det, og dei ville helst unngå for mykje merksemd frå majoritetsbefolkinga ved markeringar av eigne islamske aktivitetar knytt til moskeen.

Kommunale integrasjonstiltak for flyktningar

Bykommunen og bygdekommunen kan seiast å ha to distinkt ulike tilnærmingar til det som kan nemnast som integrasjonstiltak retta mot busette flyktningar i kommunen.

Medan bygdekommunen la opp til eit utstrekkt organisert aktivitetsnivå, primært retta mot flyktningane, gjekk flyktningpolitikken i bykommunen meir i retning av at flyktningane skulle ta del i dei aktivitetane som allereie fanst i kommunen. Utfordringa i bykommunen vart gjerne i kva grad majoriteten makta å inkludere flyktningane på desse norske arenaene.

I tillegg dreia det seg om korleis hjelpeapparatet kunne yte hjelp (økonomisk støtte til ulike formål, støttekontakt m.m.) i einskildsaker, slik at flyktningar kunne gjere seg nytte av dei eksisterande tilboda.

Når det galdt bygdecommunen, var det gjerne omvendt; her dreia det seg om i kva grad flyktningkontoret og kommunen klarte å motivere deltagarar frå majoritetsbefolkinga til dei tilrettelagde arenaene for flyktningane. Her kan nemnast tiltak som *kvinnegruppe*, for kvinner med minoritetsbakgrunn og etnisk norske kvinner. Sosialt samvær og matlaging var som regel hovudaktivitetar.

Vidare kan vi nemne aktivitetar som *symjing for kvinner* og *symjing for menn*, og *bibliotekklubben* for barn. Her vart biblioteket nytta som leikearena. Der var òg ein *fritidsklubb* for menn med aktivitetar som biljard og bordtennis. I tillegg arrangerte flyktningkontoret kollektive *byturar* for flyktningane. Denne siste aktiviteten var det som regel full oppslutnad om kvar gong.

I tillegg var også hjelpeapparatet i bygdecommunen inne i einskildsaker for dei som trengte særskilt hjelp for å ta del i dei ordinære tilboda i kommunen (t.d. økonomisk støtte til barnehageplass, datakurs, vidaregåande språkopplæring og støttekontakt for dei som trengte det for å kome seg ut og snakke norsk)

Flyktningkonsulenten og andre tilsette i bygdecommunen peika på at eit relativt høgt aktivitetsnivå var naudsynt på ein liten stad som dette. Viss ikkje var dei redde flyktningane ville bli heilt isolerte, fordi bygda mangla dei opne uformelle møtestadane som ein finn i meir urbane miljø.

Biblioteka var ein typisk uformell arena som var mykje brukt av minoritetsgruppene i begge kommunane. Biblioteket vart likevel hyppigast brukt i bykommunen. Dagleg kom flyktningar frå ulike minoritetar til biblioteket i byen. Det kom både arbeidslause og pensjonistar (særleg dei frå Bosnia), men også ein heil del foreldre med barn nytta denne arenaen. Nokre barn kom rett etter skuletid for å gjere lekser. Særleg somaliske foreldre oppsøkte biblioteket, men også unge einslege. Internett og datamaskinane lokka dei fleste, men også aviskroken vart flittig nytta. I den kroken var det bøker og aviser tilgjengeleg på ulike språk. Nokre kom berre for å lese aviser, medan andre kom for å snakke med andre frå heimlandet. Bibliotekaren i bykommunen fortalte at dei ikkje hadde organiserte aktivitetar innretta spesielt mot flyktningane, men satsa meir på å vere tilgjengeleg for alle, og gi alle ei kjensle av at dei berre kunne kome og nytte det som var der av utstyr og materiell. Ho fortalte at biblioteket oftast orienterte seg gjennom flyktningkontoret når det galdt inntak av nye flyktningar; kor mange og kva for nasjonalitet. ”Slik at vi veit kva vi skal ta inn av nye bøker, aviser og hefte og sånn”. Ho fortalte òg at etter at ein av barneskulane hadde starta leksegrupper, var det ikkje lenger så mange foreldre og barn som kom for å jobbe med leksene som tidlegare.

I bygdecommunen var opplegget i biblioteket meir organisert kring eit *prosjekt*, med biblioteket som møtestad for asylsøkjrarar, innvandrarar og fastbuande nordmenn. Her var det internasjonalt hjørne med diverse informasjon, aviser (på somalisk og russisk), bøker på ulike språk, PC-ar til bruk for brevskriving og diverse.

Tilbodet med utanlandske bøker og aviser vart i byrjinga mykje brukt av mennene, medan kvinner og barn ikkje oppsøkte biblioteket på same måte. Bibliotekaren fortalte at kvinnene meir måtte bli bedne om å kome. Det var utgangspunktet for at biblioteket også starta

kvinnetreff kvar 14. dag. Kvinnene, særleg dei muslimske, hadde sjølve vore opptekne av at desse treffa skulle vere berre for kvinner. Som del av bibliotekprosjektet var det også *barneklubb* kvar veke. Her var også målsetjinga å trekke med etnisk norske barn, slik at innvandrarbarna skulle få tilbod på ettermiddagstid der dei fekk praktisere norsken sin og leike saman med norske barn.

Fleire av kvinnene fortalte at dei syntest det var kjekt med kvinnegruppe, men når det var ”dårlig vær” var det sjeldan dei gjekk dit. Nokre fortalte det var avgjerande kva for andre kvinner som skulle gå dit. Ein kveld forskaren var heime hjå ei av dei afghanske kvinnene, fortalte ho at ho ikkje ville gå til kvinnegruppa den kvelden, fordi den andre afghanske kvinnen, som ho alltid brukte å gå saman med, var bortreist nokre dagar. ”Og vi går alltid sammen”, sa ho. Å gå åleine denne kvelden kjendest utrygt.

Barrierar for deltaking på typisk norske arenaer

Mangel på lokalkunnskap (informasjon)

At ein stor del av minoritetsgruppene er fråverande når det gjeld fritidsaktivitetar på såkalla norske arenaer, kan synast å henge noko saman med ein generelt dårlig lokalkunnskap. Få av informantane visste noko som helst om norske lokale lag og organisasjonar sitt virke. Kanskje hadde dei fått slik informasjon i starten, men ikkje oppfatta eller forstått kva det faktisk dreia seg om? Fleire sa at dei trengte hjelp til å oppdage det norske lokalmiljøet. Som denne informanten med kort tid bak seg i bygdekommenen uttrykte det: ”Vi trenger noen som kan vise oss veien”. Å oppdage noko som dei ikkje visste noko om frå før var uråd. Ingen hadde særleg røynsle frå tilsvarande lags- og organisasjonsarbeid frå heimlandet. Dei få (alle menn) som hadde vore engasjerte i aktivitetar utanom jobb og familien heime, knytte det til politisk og religiøs verksemد.

Kulturelle barrierar. Kulturelle tabu

Ein god del av informantane hadde økonomiske grunngjevingar for ikkje å ta del i organiserte ”norske” fritidsaktivitetar (t.d. idrett), men mange opplevde nok *sjølve ideen om fritidssyslar som noko framandt*. Særleg galdt det dei godt vaksne og gifte informantane. Ein kan òg sjå dette i samanheng med afghanske og somaliske kulturelle tabu. Til dømes var kollektiv dusjing eit slik kulturelt tabu for mange. Både kvinner og menn fortalte om ein generell skepsis til å bade i offentleg basseng saman med det motsette kjønn, det vart eit hinder for deltaking i vanleg organisert idrett. Dette var også bakgrunnen for at det gjennom flyktningkontoret i bygdekommenen vart arrangert kjønnsseparate symjetimar ein kveld i veka. I bykommunen hadde innvandrarkvinner og -menn sjølve arrangert slike kjønnsseparate aktivitetar opp gjennom åra, i følgje flyktningkonsulenten.

Praktiske barrierar. Travelt oppteken i kvardagen

Ei somalisk kvinne i bykommunen fortalte at den gongen (for mange år sidan), då ho var einaste somaliske kvinne i byen, hadde ho engasjert seg i lokale internasjonale aktivitetar (m.a. kvinnegruppe). Men etter at det kom fleire frå same etniske gruppe, i tillegg til at ho sjølv vart meir og meir oppteken av jobb og stor familie, hadde interessa for organiserte fritidsaktivitetar naturleg dabba av. Etter hennar syn var dei tilboda som fanst i bykommunen i dag, gode tilbod til dei som var nye og som følte seg einsame. ”Men for oss som er travelt opptatt blir det annleis” fortalte ho. Ho såg likevel eit behov for at nye flyktningar utan sine eigne folk i byen, fekk hjelp av kommunen til å oppdage det som fanst der. Denne kvinnen si historie om ein travel kvardag som avgrensande for deltaking i fritidsaktivitetar lokalt, var representativ for fleire av dei andre informantane med familiar i Noreg.

Økonomiske barrierar. "Alt kostar pengar"

Mange hadde lav inntekt og syntest ikkje dei kunne prioritere fritidssyslar som kosta pengar. Gratisaktivitetar, t.d. det som skjedde i regi av flyktningkontoret og grunnskulen, var difor ofte meir populære blant informantane enn offentlege utestadar og organiserte aktivitetar som kravde inngangspengar eller kontingentavgifter.

"Ubehagelige steder"

Pub og diskotek var offentlege stader som få av informantane oppsøkte. Ingen av dei som var gifte hadde vore på slike stader sa dei, og grunngav det med at det passar därleg for gifte å gå på slike stader. Berre to av dei ugifte fortalte at dei hadde vore på pub og diskotek eit par gongar. Økonomiske årsaker vart gjerne nemnt som ein grunn, men minst like viktig var det at dette kunne vere ubehagelege å opphalde seg der. Mange fortalte at det var gjerne på slike stader dei kunne oppleve episodar av rasisme og trakkasseringar grunna hudfarge. Få hadde sjølv opplevd direkte rasisme, verken i byen eller i bygdekommunen. Dei fleste sa at dei unngikk det m.a. ved å la vere å oppsøke slike utestadar. Dei fleste kjente likevel til historier om andre sine negative opplevingar. Ein informant i bygdebyen fortalte om ei slik episode som for han hadde framstått som nokså traumatiske, og som fleire av dei andre informantane kjente til. Episoden skjedde på den lokale puben i bygda, der nokre etnisk norske menn i baren hadde vendt seg til han og truga han:

Det skjedde i baren. Noen menn kom bort til meg og sa at "du er neger og har ingenting i Norge å gjøre, dra deg tilbake dit du kom ifra". Så sa de at viss de så meg der igjen så ville de drepe meg. Jeg var livredd... jeg var den eneste som var svart på Kroa den kvelden. Jeg stengte meg inne på toalettet. Det er det verste jeg har opplevd her noen gang. Heldigvis traff jeg læreren min der som fulgte meg hjem.

I etterkant av denne episoden hadde denne informanten unngått å gå utandørs åleine, etter at det var blitt mørkt.

2.4 Oppsummering

I dette kapitlet har eg prøvd å presentere nokre hovudtrekk ved integrasjonsmønsteret i minoritetsgrupper i to utvalskommunar.

Undersøkinga syner tendensar som peikar i retning av at både majoriteten og minoritetane prioriterer sine eigne framfor utanforståande. Desse funna samsvarer med det Øvrelid (1997) omtalar som hinder for at nordmenn og innvandrarar får innsikt i dei sosiale kodane til kvarandre. Han hevdar at ein viktig konsekvens av dette er at både nordmenn og innvandrarar held fram med å sjå kvarandre som kulturelle stereotypiar (1997: 114).

Bygdebyen hadde få uformelle, offentlege møteplassar der flyktningane kunne møte kvarandre og lokalbefolkinga. Dette kunne synast medverkande til at kommunen tok høgde for eit høgt aktivitetsnivå innretta mot flyktningane, meir i retning av ein *særomsorgsmodell* (Kvalen, 2003). Fleire av informantane hevdar at det var lett å ta kontakt og at "systemet" verka rimeleg oversiktleg i bygdekommunen, ikkje minst gjennom personlege relasjonar til dei tilsette. Det var likevel berre eit fåtal etniske nordmenn som tok del i dei faste fellesarrangementa. Som oftast var dei som deltok dei same offentleg tilsette personane som gjennom arbeidet sitt hadde blitt kjende med flyktningane, eller det kunne vere personar som sjølv hadde levd i andre land, og hadde skaffa seg perspektiv på "det norske" frå utsida.

Når det gjeld bykommunen, kan observasjonar tyde på at her gjekk strategiane meir i retning av ein sektoransvarsmodell (Kvalen, 2003). Ein slik modell er kjenneteikna ved involvering av mange aktørar med ansvar for kvart sitt fagområde. Utfordringa låg meir på flyktingane sjølv i høve til å nyttiggjere seg allereie eksisterande tilbod på ulike felt (fritid og offentlege hjelpetilbod). Fleire av informantane sa likevel dei opplevde byråkratiet ("systemet") som uoversiktleg og vanskeleg å nå fram i.

I og med at mange av informantane i bykommunen var utan arbeid og var fråverande på dei fleste andre sosiale fellesarenaer, fekk dei i liten grad del i majoritetsbefolkninga sin *kvardagssamtale* (Øvreliid, 1997). Inntrykket er difor at dei langt på veg opplevde å vere utestengde frå å auke kompetansen sin om nordmenn og det norske; og "korleis ein gjer ting her hos oss". Dette dreia seg om kulturelle kodar (kulturell kapital) som informantane var avhengige av for å kjenne seg trygge på det norske, og for rett og slett å tote *å ta kontakt* på eige initiativ.

Informantane var i første rekke opptekne av å fungere gjennom *arbeid*, først og fremst for å verte økonomisk sjølvhjelpte, men også for å lære meir om "det norske", som dei ofte uttrykte det. Arbeidsplassen representerte ein viktig arena for samhandling med nordmenn for dei som var i arbeid, og opplevelingar av tap og personleg underkjenning for dei som var utan. Det vil seie at dei opplevde tap av ein stad der dei kunne lære seg praktiske ferdigheiter og kodar for samhandling, inkludert det norske språket.

Her er det igjen viktig å merke seg at denne undersøkinga primært har dreia seg om minoritetsgrupper med lita eller inga utdanning frå heimlandet. Dei fleste av informantane kom dessutan frå orale kulturar der det munnlege språket spela ei svært viktig rolle. Å "misze" språket kunne for mange synest å representer eit dobbelt tap for desse. Fleire var likevel opptekne av at for dei var det ekstra vanskeleg å lære norsk språk og kultur berre gjennom å sitte på skulebenken, for så gå heim etterpå og snakke morsmål med sine eigne.

Det er ein del som tyder på at for majoriteten (og lokale kommunale aktørar) er det norske språket næraust eit udiskutabelt nødvendig tiltak for å nå måla om integrasjon i lokalmiljøet (Jamfør også liknande funn presentert i UDI Regionskontor Vest sin rapport *Somaliaprosjektet*, 2001). Kanskje kan det vere særlege grunnar for ei differensiering og ei revurdering av integrasjonsstrategiane for nettopp desse gruppene? Når det er nemnt, er det på ingen måte for å underkommunisere verdien av å kunne meistre det norske språket i daglegdagse situasjonar. Dei aller fleste av informantane var likevel opptekne av at læring skulle gå føre seg gjennom praktisk arbeid, og gjennom situasjonar der dei kunne vere i dialog med lokalbefolkinga.

Ei auka fokusering på læring gjennom kroppsleggjorte røynsler; taus kunnskap (Jfr. Maurice Bloch, 1991, Bourdieu, 1977, Müller, 1996), fordrar sjølvsagt både vilje, tolmod og ikkje minst; haldningsendring i majoritetsbefolkninga. Kanskje gjeld dette i særleg grad innanfor næringslivet og på arbeidsplassane. Ein må vere viljuge til å opne opp dørene og la personar som ikkje kan perfekt norsk også få lov til å vise kva dei duger til. Dette er tankar som også er i tråd med intensjonane i introduksjonsprogrammet (Ot.prp. nr.28), der det m.a. heiter at kravet om individuell tilpassing og utvida bruk av samfunnet utanfor klasseromet som læringsarena, nødvendigvis må føre til nye organiséringsformer og andre typar oppgåver enn før.

DEL 3 SAMANLIKNING MELLOM BYGDE- OG BYKOMMUNE

3.1 Innleiing

I det følgjande vil fokus vere retta mot nokre strukturelle trekk ved *bygd* og *by* som kan sjå ut til å ha ein viss innverknad på integrasjonsprosessen. Også i dette kapitlet er minoritetsperspektivet det dominerande, men framleis med eit sideblikk til majoritetsperspektiv frå anna forsking (Bringslid, 1998, Høgmo, 1998, Klepp, 2002, Kvalen, 2003). Det vil også bli peika på idear og forslag til tiltak knytt til nokre sentrale sosiale felt. Dette er ikkje nødvendigvis nye idear for dei som til dagleg arbeider med flyktningar i kommunane. Nokre av tiltaka er kanskje allereie planlagde eller sette i verk i dei to utvalskommunane. I særleg grad var bygdekommunen komen langt når det galdt planlegging i tråd med ny introduksjonslov. Felles for forslaga til tiltak er at dei er baserte på ei samla vurdering av idear og synspunkt frå dialogen med informantane i minoritetsgruppene. Det er prøvd å ta høgde for å setje tiltaka inn i ein større samanheng, der informantane sine oppfatningar om *storfamilien*, *framtidsperspektiv* og *ansiennitet* (tid bak seg) i Noreg, vert inkludert som viktige rammefaktorar. Målet er naturlegvis at desse ideane kan vere nyttige som innspel på eit meir generelt grunnlag også for andre kommunar.

3.2. Majoritetsperspektiv på busetjinga av flyktningar i utvalskommunane

Begge kommunane hadde eit mangfold av etniske minoritetar. Men trass store forskjellar i folketalet, hadde bygdekommunen busett tilnærma like mange flyktningar i perioden 1999-2002 som bykommunen. I bygdekommunen kan dette i første rekke knytast til bygda sitt asylmottak, som i seg sjølv representerte eit fargerikt innslag. Gjennom tilsette ved asylmottaket, hadde bygda også ei rekke positive stemmer representert i majoritetsbefolkinga. Busetjing av flyktningar og drift av asylmottak vart sett på som verdiskaping for bygdekommunen, og aktivitetane gav ringverknadar i form av arbeidsplassar og næringsgrunnlag både i offentleg og privat verksemd (Kvalen, 2003).

Bykommunen på si side hadde nok nok mindre politisk velvilje til å busette flyktningar. Jamfør Kvalen (2003:85), som skriv at: "I forbindelse med at bykommunen fikk anmodning om å bosette 60 flyktninger i 2002, ble en vanskelig bosituasjon, misnøye med statlige tilskudd til særlig vanskelige integrerbare grupper og forskyving av ansvaret for bosettingen over på andre kommuner debattert i det offentlige rom". Men på grunn av at flyktningar i asylmottak og i omliggjande kommunar faktisk ynskjer å busette seg i bykommunen, kan nok dette tenkast å verte ein del av ein framtidig argumentasjon for auka bersetjing i bykommunen (ibid).

I begge utvalskommunane vart bustadkonsentrasjonen av flyktningane tematisert og vurdert som eit mogleg problem. I bygdekommunen var det blitt drøfta kor vidt ein burde spreie bersetjinga til grender utanfor sjølve bygdesenteret. Kommunen hadde likevel under bygging ei rekke nye kommunale bustadar i sentrum, som m.a. var tiltenkt flyktningfamiliar med trong for ein betre standard på bustaden. I det låg det nok også ein aksept og forståing for flyktningane sine eigne ønske om å bu i nærleiken av kvarandre. I eit intervju med ordførar og flyktningkonsulent i bygdekommunen vart det likevel påpeika at kommunen no kanskje hadde nådd eit "mettingspunkt".

Eg trur litt sånn generelt så er det bra velvilje til å ta imot flyktningar i kommunen, men no har vi kanskje kome opp mot eit mettingspunkt, i lag med asylmottaksdrifta.

Så eg trur det er viktig å konsolidere stillinga no og få gjort meir for dei som er her på alle vis. Og særleg fordi at alle er vel busette her i bygdesenteret, og det er sikkert ut i frå at dei sjølve ønskjer det og fordi dei får vere litt nær kvarandre, og folk som dei kjenner og slikt. Så eg trur at mettingspunktet er nådd for resten av sentrumsbefolkninga her for ei stund (ordføraren)

I bykommunen budde flyktingane konsentrert særleg til ein bydel, men nokre av dei med lengst ansiennitet i kommunen hadde flytta utanfor sjølve bykjernen, til "bedre strøk" som dei utrykte det sjølve. Her var det mogleg å spore ei oppfatning blant informantane om avansement til betre standard.

Omgrep som *ghettoisering* vart nytta i den politiske busettingsdiskusjonen. Flyktingkonsulenten peika på at politikarane i kommunen hadde brakt fram tankar om korleis kommunen kunne motverke noko av denne tendensen til bustadkonsentrasjon, som dei hevda særskilte bydelar var prega av. Diskusjonane hadde dreia seg om å få klare og medvitne føringar for ei større spreiing av flyktingane. Flyktingkonsulenten stilte seg likevel tvilande til om dei ville lukkast i dette. Ho sa det omlag slik:

Om dette verkar det veit vi ikkje. Vi kan jobbe alt vi vil mot ghettoiseringa, men vi ser det i dei større byane også; at dei søker saman likevel. Det har å gjere med tryggleik, kultur, butikkar, mat osv.

3.3 Sosial organisering og deltaking i lokalmiljø; bygd og by

Dei ulike informantfamiliane i bygda budde spreidd i sentrumsområdet, og var alle "omkransa" av norske familiar i privatbustadar.

Det er et stort skille mellom de med arbeid og de uten arbeid her i bygda.

Denne utsegna kom frå ein av informantane frå Balkan-regionen som hadde budd lengst i bygdekommunen, og som i samtalane med forskaren viste stor interesse for korleis flyktingane skulle bli meir integrerte i lokalmiljøet. Med denne utsegna sikta han særleg til det sosiale livet til dei med arbeid, i kontrast til dei utan arbeid. "Hvis du ikke har arbeid i en så liten kommune har du egentlig ingenting. Man blir liksom helt utenfor". Same informant sa han trudde det likevel var mykje lettare for "oss som av utseende ligner mye på nordmenn". Flyktingar som skilte seg ut både i hudfarge og klesstil trudde han hadde det vanskelegare i ei lita bygd enn i byen.

Denne informanten trekte også fram fordelane for ei småbarnsfamilie ved å bu i nettopp ein liten kommune framfor ein bykommune. Han nemnde nærleik til helse- og sosialtenester (t.d. det å kjenne legen sin og kunne ringe han/henne om noko kritisk skulle skje med barna), nærleik til skule og barnehage og eit oversiktleg og trygt lokalmiljø for barna. Men som han også sa, det er nok lett å bli isolert og einsam på ein slik stad dersom ein ikkje har arbeid, og eit arbeidsmiljø med norske kollegaer. Det er difor stor skilnad på det sosiale livet for dei med arbeid og dei utan arbeid i bygda, meinte han.

Dei aller fleste av flyktingane i bygdekommunen kom frå storbyar i heimlandet. Overgangen til den vesle bygd var naturleg nok stor. Det var likevel få av informantane som sa direkte at dei ønskte å flytte på grunn av at dette var ein liten stad. Dei fleste som ytra ønske om flytting

til byen eller andre stader i landet, grunna det hovudsakleg i mangelen på arbeid, eller dårlige utsikter til arbeid. Dersom dei ikkje fekk seg lønna arbeid på sikt, trudde mange det ville vere svært vanskeleg å bu på ein så liten stad. Dette var ikkje minst fordi det å vere utan arbeid i bygda vart opplevd som eit meir synleg stigma enn i byen.

Fleire av dei unge ugifte informantane heldt som oftast saman med unge einslege frå asylmottaket i bygda. I det heile var det mykje som tyda på at asylmottaket representerte ein viktig sosial og kulturell arena for kontakta mellom ulike nasjonalitetar og etniske grupper lokalt. Observasjonar og kommentarar frå informantane kan likevel tyde på at nettopp asylmottaket sitt nærver i den vesle bygda også kunne medverke til utvikling av eit slags indre hierarki mellom dei busette flyktningane og asylsøkjarane i kommunen. For busette flyktningar med opphaldsløyve, kunne det til tider synest viktig å markere eigen status i relasjon til dei som enno ikkje hadde fått godkjent opphaldsløyve. T.d. kunne dette bli markert ved at dei heldt seg borte frå kulturelle eller religiøse aktivitetar i regi av asylmottaket.

I byen fortalte både somaliske og afghanske informantar om eit sosialt nettverk som i all hovudsak var knytt til deira eiga etniske gruppe. Kanskje i større grad enn somaliarane, var dei afghanske fleirgenerasjonsfamiliane meir isolerte til sine eigne familiær. Fleire av desse budde også i same bustadblokk. Utanom sine "eigne" hadde dei liten eller ingen kontakt med nordmenn. Her bør ein heller ikkje gløyme at afghanske flyktningar var ei relativt "ny" flyktninggruppe i byen i forhold til somaliarane.

Trass i at dei fleste av informantane i byen gav uttrykk for at dei treivst svært godt, ikkje minst på grunn av byens mange uformelle arenaer (torg, kafear, bibliotek, kaia m.m.), fortalte dei arbeidslause at dersom dei ikkje fekk seg arbeid på sikt, ville også dei måtte flytte vidare "på sok etter arbeid". I særleg grad var det somaliske informantar som nemnde dette.

3.3.1. Sosial kontroll, framandleik og ambivalens

Korleis ei gitt gruppe menneske vert omtala og *sett* av majoritetsbefolkinga, kan nok tenkast å ha forskjellige implikasjonar for individua i gruppa – avhengig av kor "tett" dette samfunnet er, for å bruke Christie (1975) sitt klassiske uttrykk. Det er likevel ein del som tyder på at moderne bygdebymiljø kanskje ikkje lenger er slik dei klassiske moderniseringsdikotomiane antydar, nemleg mindre komplekse sosiokulturelle miljø, men heller på mange vis meir komplekse enn bymiljø (Bringslid, 1997:9). Sosial og kulturell differensiering i eit lite miljø kan tenkast å innebere fleire og langt meir komplekse situasjonar å takle i dagleglivet enn kva tilfellet er i større og meir urbane miljø. Med andre ord kan det vere bruk for langt større sosiokulturell kompetanse enn i eit urbant, differensiert miljø (litt stor by). På bakgrunn av at dei fleste kontekstar utspelar seg innanfor den romlege nærliken, kan det synest som eit visst minimum av kunnskap om lokale kodar for kvardagssamtalen kan vere viktigare i bygda, for å fungere "normalt", enn i byen.

Framandleik kallar Bringslid dette fenomenet, som gjerne utspelar seg i lokale kontekstar der framande personar, ofte nabobar, flyttar inn i den romlege nærliken. Kjensler som skam og sjenanse og "det pinlege" i relasjonane kan tematiserast i tilknyting til dette omgrepet. Kvifor er det ofte så vanskeleg for mange nordmenn å "berre ta kontakt" med sine somaliske, afghanske eller andre framandspråklege nabobar? Kanskje kan dette sjåast i samanheng med at aktøren som kjenner dei lokale kulturelle kodane godt, kan oppleve ei slags framandgjering frå sjølv interaksjonen når den andre parten oppfører seg på ein slik måte at ho/han ikkje

lenger maktar å halde oppe engasjementet sitt i interaksjonen? (Jfr. Goffman, 1967). Dette fenomenet er og omtala i studie av relasjonar mellom majoritet og minoritet i bygdebyen Berg (Klepp, 2002). Som ein av dei etnisk norske naboane uttrykte det då ho fortalte om kor vanskeleg ho syntes det var å halde i gang samtalene med sine somaliske naboar: "Kva skal vi snakke om når dei ti første spørsmåla er oppbrukt?"

Dette dreiar seg om føresetnadane som også kan omtalaast som kulturell kapital (Bourdieu, 1996), og som Bringslid (1996) framstiller som det som får sosiale situasjonar til å "gli av seg sjølv". Men det gjeld også "å vere bevisst" på det som skjer når samtalen "går i stå", eller når t.d. engasjementet dabbar av etter at dei "ti første spørsmåla er oppbrukt". Å vere bevisst dreiar seg òg om å vere fortruleg med *ambivalens*; ikkje minst med bakgrunn i røynsler frå situasjonar der ein kanskje sjølv har opplevd å vere framand og ny, og slik har utvikla viktig kompetanse om å kunne ta "den andre" sitt perspektiv.

Det er likevel ei kjend sak at sosial avstand og framandleik som fenomen ikkje berre er knytt til relasjonar mellom framandkulturelle ("verkeleg framande") og etniske nordmenn. Fenomenet vert likevel lett tolka (ikkje minst av flyktningane sjølve) som noko særeige for relasjonen flyktning – etnisk norsk, og der altså nordmenn gjerne blir opplevd som "kalde og uhøflege" eller "beskjedne og stille" i ein vertskap – gjest kontekst. Flyktningar som har budd ei tid i landet, forstår gjerne at dette også er "noko som skjer mellom nordmenn". Ein kan likevel gå ut frå at dette er særleg utfordrande når "verkeleg framande" (Bringslid sitt uttrykk) dukkar opp i nabolaget.

Det kan også vere nærliggande å trekke inn fordomar som eit omgrep når ein talar om framandleik og forholdet til "dei framande". Men det er sjølvsagt ikkje berre fordomar som styrer åferda til aktørane i ulike lokalmiljø. Den sosiale oppsedinga handlar òg om "å vere høfleg" og "å ha folkeskikk" og der vektlegging av eigenskapar som det å vere imøtekommande, hjelpsam, hyggeleg – også overfor framande – gir mening i sosiale situasjonar. Dette er kanskje noko som vert oftare tematisert i små bygdemiljø enn i meir urbane miljø?

Relasjonane mellom lokalbefolkninga i bygdesamfunn er gjerne prega av sterk sosial kontroll, i retning av det Høgmo (1998) kalla *morałskie fellesskap*. Folk er knytte til kvarandre gjennom mange band, hevdar han. Nokre av informantane gav uttrykk for at det var vanskeleg å få kontakt med folk, og at det kunne synest som om nordmenn ikkje ønskte å ha kontakt med dei. Det kan vere grunn til å tru at dette fenomenet kan knytast til nett det vesle lokalsamfunnet sine mange og til dels kompliserte sosiale relasjonar. Korleis skulle dei som *nye* og *framande* få del i desse lokale felles kodane for kvardagssamtalen? I bygda var gjerne utfordringa å vite korleis ein skulle klare å halde ein samtale i gang. Å bevege seg utandørs i bygdekommunen var meir eit synleg prosjekt for både informantane og majoritetsbefolkninga (om dei ikkje nytta bil). Når bygdefolk møttest, helste dei gjerne på kvarandre fordi dei kjende kvarandre frå før. Nokre av informantane opplevde at dei ikkje vart helst på når dei gjekk på gata, medan dei fleste likevel kunne fortelje at det alltid var hyggeleg å møte læraren, legen, eller "de som jobber på flyktningkontoret". Det var flest menn som fortalte at dei sjeldan vart helst på. Kvinnene fortalte oftare at dei møtte "hyggelige folk på gaten". På den eine sida opplevde nok informantar i bygda framandfrykt og skepsis til "dei svarte" i nabolaget, på den andre sida opplevde dei at mulighetene for å bli *sett* som ein skikkeleg person, og "ikke bare som en fremmed og en utlending" òg var til stades.

I byen er det nok langt mindre sosial kontroll utanfor folk sine sosiale nettverk. Om nordmenn ikkje helste på flyktningane på gata, var dette meir ein naturleg del av den urbane livsstilen, og ikkje så påtakelag ”uhøfleg” som i bygda.

For minoritetsgruppene kunne desse ulike aspekta ved lokale sosiale prosessar i bygd og by opplevast både som muligheiter og barrierar for samhandling. Fleire av informantane sa dei syntes nett dette var ”befriende” med byen; at ein kunne vere annleis utan å vekkje så stor merksemd på gata.

3.3.2. Ingen stader å stikke seg bort

Overgangen frå heimlandet til norske rurale lokalmiljø kunne nok synest å vere størst for dei afganske informantane. Alle kom frå millionbyar i Afghanistan. Å kome til ein småby var nok ein stor overgang for mange i bykommunen også, men opplevinga av bygda var ”sjokkarta”, slik informantane der skildra det første møtet. Interessant var det difor at dei fleste gav uttrykk for at dei små forholda var noko dei godt kunne leve med, og venje seg til, om dei fekk seg arbeid og kunne bli ein del av lokalmiljøet (også gjennom vennskap og naboskap). Det nokre likevel oppfatta som vanskeleg på sikt med å bu på ein liten stad, samanlikna med byen, var at dei i langt større grad var ”prisgitt” å fungere saman med andre afganske familiær som dei opplevde å ha eit vanskeleg etnisk og politisk forhold til. Det var ingen stader å stikke seg bort, om ein ikkje heldt seg innandørs i heimen. Informantar som trekte fram dette aspektet ved den intraetniske relasjonen, sa dei helst føretrekte å flytte til byen enn å bli konfrontert med det ubehaget dette kunne representere.

3.3.4 ”Ghettoisering” eller fornuftig bustadkonsentrasjon?

Dei aller fleste av informantane i begge kommunane ønskte å bu sentrumsnært, med lett geografisk tilgang til offentlege tenester, skule og butikkar. Ikkje minst var dette knytt til at mange var utan bil. I tillegg ønskte dei fleste å bu rimeleg nær andre frå eiga etnisk gruppe. Her kunne det synest som tidsaspektet og tidlegare røynsler frå andre kommunar spela ei vesentleg rolle for informantane i høve kva dei la mest vekt på. For dei fleste som var komne til Noreg etter 2000 var det viktigast å bu i sentrum og i nærleiken av nokon av ”sine eigne”. Dette galdt informantar i begge kommunane. Mange av desse kjende seg usikre og til dels utrygge i sine nye omgjevnader, og opplevde fellesskapet med andre i same situasjon som ein tryggleksfaktor.

Informantar med lengst røynsle, som t.d. dei somaliske familiene i bykommunen, sa at dei ønskte å bu sentrumsnært, men at det var mykje betre å bu utanfor bykjernen. Desse familiene hadde flytta til kommunale einebustadar/rekkjehus i meir barnevennlege strok, og opplevde å ha avansert til det betre i forhold til dei første åra i kommunen. Desse hadde dessutan bil og kunne lett kome seg dit dei ville (t.d. henting og bringing av barna til skule og barnehage og ulike aktivitetar på fritida).

Det kunne også verke som tidlegare røynsler frå andre kommunar med etnisk ekskludering og rasisme hadde ført til at informantane med lengst tid bak seg i bykommunen, var meir vare for kva som kunne vekkje negative haldningar og framandfrykt blant nordmenn. Mellom anna frykta dei for at for mange utlendingar på eit avgrensa område kunne bli problematisk i forholdet til dei norske naboane. Desse informantane var meir tydelege på at dei ikkje ønskte å bu for mange, for nær kvarandre.

At begge kommunane hadde satsa på ein viss bustadkonsentrasjon av flyktningane kunne nok også framstå som ein fornuftig strategi. Mellom anna førte det i følgje lærarane til ei kvalitativ heving av nivået på det framandspråklege undervisningsopplegget i grunn- og vidaregåande skular, ikkje minst fordi det gav grunnlag for ei auka nyansering av undervisningsopplegget. I tillegg kan ein også gå ut frå at den generelle kulturkompetansen blant det etnisk norske personalet i både skule- og barnehagesektoren vart høgre.

3.4. Avslutning

Funn i undersøkinga kan tyde på at djup og varig integrasjon dreier seg om trivsel i kvardagen. Først og fremst gjeld det å kunne trygge tilværet for dei personane ein er glad i, anten dei bur i heimlandet (utlandet) eller her i Noreg. Trivsel dreiar seg òg om å få vere saman med menneske som er glade i ein, og verdset ein for den personen ein er. For mange handla det om eit liv på sok etter meinung, og om å bli *sett*, i tydinga av å verte respektert med bakgrunn i eigenverd og dialog. Observasjonar kan tyde på at for flyktningar som for etniske nordmenn flest, er det å kjenne seg fri, ofte knytt til det å vere sjølvhjelpt, både økonomisk og funksjonelt. Å vere sjølvhjelpt kunne synest å gi ei oppleving av å ha rimeleg kontroll på eige liv gjennom å kunne gjere eigne val, med andre ord; å ha utviklingsrom for den personen ein er. Andre funn igjen kan tyde på at ein grunnleggjande mangel på slikt utviklingsrom kan føre til desintegrerande prosessar og risiko for å bli ekskludert eller flytte seg mot ein posisjon i ytterkantane av ei sosial eining (marginalisering).

Innleiingsvis, og delvis også gjennom heile denne rapporten, har det vore presisert at integrasjonsprosessen dreiar seg om gjensidige sosiale prosessar mellom minoritet og majoritet, og mellom individ og gruppe. Dette er forhold som nok heile vegen vil by på ei rekke utfordringar også i framtida. Kven sine interesser skal måtte ”vike plassen”, spør ein gjerne. Men er det slik at nokon nødvendigvis må ”vike plassen” heile tida? Kanskje det heller bør vere eit uttalt mål å arbeide mot det å leve med brytingane mellom det kjende og det ukjende, og rett og slett øve oss opp til å leve i er verd som etterkvart framstår som stadig meir kaotisk, full av ambivalens og forskjelligarta livsstilar? Ein vil nok også langt inn i framtida stå framfor diskusjonar som dreiar seg om situasjonar og samanhengar der det nasjonale fellesskapet vert sett opp mot det etniske fellesskapet, og forholdet mellom majoritet og minoritet vil vere gjenstand for kontinuerlege drøftingar. På same vis vil vi alltid kome til å ha diskusjonar om individet sine rettar og plikter i høve til gruppa eller fellesskapet. Men kor lenge skal vi fokusere på *likskap*, når det ein eigentleg talar om er *likeverd*? Er ikkje dette meir som ”kjerringa mot straumen” å rekne, i ei tid der prosessar i verdssamfunnet fører menneske i ulike og forskjelligarta kontekstar stadig nærmare kvarandre i *skjebnefellesskap*, som Fredrik Barth (1994) kallar det? Eg siktar her til ein transnasjonal økonomi og store folkeflyttingar over landegrensene, ofte med påfølgjande etableringar av diasporasamfunn innanfor nasjonalstaten sine grenser.

Å bli norsk statsborgar, vil naturlegvis for ein flyktning, uansett opphav, innebere ei tilpassing til det norske systemet på svært mange område. Ein konsekvens av tilpassinga vil nødvendigvis også innebere endringar. Det er her relevant å peike på at informantane legg for dagen *stor evne til tilpassing* til nye livsvilkår, som står i sterk kontrast til den sosiokulturelle bakgrunnen deira.

Spørsmålet er likevel om det er nok, som mange av informantane i denne undersøkinga påpeika, å lære seg å fungere ”normalt” i tydinga av å lære seg eit yrke, og gjere opp for seg

økonomisk gjennom arbeid, ta hand om familien sin og dei nærmeste og elles følgje norsk lov slik det vert kravd av andre borgarar i landet. Er ei slik funksjonell tilnærming til integrasjon av minoritetsgruppene grei nok å forholde seg til for majoriteten? Eller må våre nye landsmenn også vise at dei har endra sin kulturelle identitet; kanskje i særleg grad dei mest synlege kulturelle attributtane som klede, religiøs praksis, språk m.m., for å bli innlemma i lokale fellesskap som t.d. naboskap og vennskap? Eit viktig funn i denne samanhengen er difor at folkelege mytar med kategoriske påstandar om at "flyktningar" har kome hit for å snylte på staten gjennom sosialhjelp, kan tilbakevisast som grunnlause. For informantane i denne undersøkinga var det å vere sosialhjelppsmottakar minst like problematisk som for nordmenn flest.

Funn i undersøkinga kan tyde på at likskapsideologien framleis står sterkt i lokalsamfunna våre, og at framandfrykt og skepsis til "dei andre", og ikkje minst til "dei verkeleg framande", kan synest å vere av ein slik karakter at det er vanskeleg for minoritetsgruppene å bli inkludert.

Introduksjonslova som skal setjast i verk frå og med 1. september 2004, framstår i lys av denne undersøkinga som ei reform med eit positivt forteikn. Det er likevel slett ikkje sikkert at det er mogleg å gjennomføre lova i tråd med intensjonane. Ei viktig hindring kan bli at praksisplassar og arbeid, som flyktningar med liten utdanningsbakgrunn kan bli "losa inn i", ofte representerer dei mest konjunkturavhengige arbeidsplassane. Sett på spissen kan ein seie at viktige delar ved integrasjonspolitikken også er avhengig av marknaden. Mange av flyktningane vil heller ikkje ha nokon garanti for at dei vil få jobb etter at dei har gjennomført eit 2-3 årig opplegg i tråd med introduksjonsprogrammet, dvs. at dei har gjennomgått språkkurs og vore i diverse praksisplassar. Eit anna problem mange flyktningar kan oppleve, er at praksisplassar i arbeidslivet ikkje vil gje dei inntekter opp mot ei årleg inntekt på kr.161.000, noko som mange av dei vil trenge for å få familien sin hit til landet. Dersom dei får tilbod om ein ny jobb som kan føre dei raskare fram mot dette målet, vil det for mange vere meir rasjonelt å hoppe av praksisplassen og ta den andre jobben.

Undersøkinga har hovudsakleg hatt fokus på to minoritetsgrupper som kan karakteriserast som "fjernkulturelle" i ein norsk kontekst. I figur 1 (s. 15) går dette tydeleg fram. I lys av denne figuren kan integrasjonsprosessen i utvalskommunane langt på veg karakteriserast som vellukka. Det tyder ikkje at informantane eller majoriteten i utvalskommunane ikkje opplevde å stå framfor utfordringar, som til tider vart opplevd som svært problematiske. Det dreier seg heller om til dels vanskelege, men likevel spanande utfordringar, som i særleg grad kan koplast til arbeid og deltaking på fellesarenaer for majoriteten og minoritetsgruppene. Det kan likevel synest å vere få problem som det ikkje er mogleg å løyse med *tid* og *tolmod*, men som også krev *målretta handling (tiltak)* og *haldningsarbeid*.

DEL 4 TILTAK

Tiltak med siktemål om å fremje integrasjon og auka samkvem mellom minoritetsgruppene og majoriteten, bør så langt råd er ta høgde for kulturell variasjon og mangfold. Funn frå undersøkinga viser tendensar til at det kan vere lite målretta å sette i verk tiltak som trass velmeinande intensjonar, vert oppfatta av minoritetane som uttrykk for hegemoniske assimileringstrategiar eller endringsstrategiar frå majoriteten si side. Det er likevel ikkje mogleg innanfor rammene av dette prosjektet å gi ei grundig og utfyllande drøfting av tiltak i lys av omfang, kvalitet og ressursforhold i kommunane. Det ville krevje ei undersøking i seg sjølv. Med bakgrunn i samtalane med informantane vil vi likevel skissere nokre idear til tiltak, knytt til sentrale integrasjonsarenaer. Forsлага er meint som utgangspunkt for diskusjon, og eventuelt som supplement til dei tiltaka som allereie er planlagde i kommunane. I desse dagar, når den nye introduksjonslova vert planlagt sett i verk i kommunane, kan det kanskje vere nytlig å sjå ideane som vert trekte fram her i tilknyting til dei forslaga til tiltak som inngår i introduksjonsprogrammet. Ei direkte samanlikning vil ikkje bli gjort her, sidan introduksjonslova ikkje har vore i fokus i denne undersøkinga.

Dei forslaga til tiltak som vert trekte fram her er strukturerte ut frå informantane sine forankringar i *familie og slekt, framtidsperspektiv* samt kor lang *tid (ansiennitet)* informantane har bak seg i landet.

Innlemming av både majoritet og minoritet

I utvikling av kommunale integrasjonstiltak bør ein ta høgde for å innlemme både minoritet og majoritet. Det er behov for ei generell kompetanseheving i det offentlege om flyktingar sin kulturelle bakgrunn og livsstil. Vidare kan det vere klokt å bruke ressurspersonar frå minoritetsgruppene som kan fungere som brubyggjarar mellom partane, og internt i gruppene. I særleg grad kan representantar frå minoritetsgruppene som er tilsette i det offentlege spele ei viktig rolle her. Det er i denne samanhengen eit tankekors at det er få (om nokon) med minoritetsbakgrunn som er representerte i offentlege tenester i dag, om ein ser bort frå morsmålslærarane og tolkane. Bygdekommunen representerer langt på veg eit unntak i så måte.

Storfamilien og verdien av slektskap

Med bakgrunn i funn frå undersøkinga er det mykje som tyder på at ein ikkje bør planlegge tiltak utan å ta høgde for minoritetsgruppene sine perspektiv på viktige velferdsinstitusjonar, som storfamilien og slekta. Dette er m.a. ein viktig økonomisk og sosial tryggleiksbase for dei. Den norske politikken avspeglar vår måte å løyse levekårsproblem på, ved å gjere individet og kjernefamilien til den sosiale eininga som skal utstyrast med ressursar. Eit slik fokus kan synest å vere mindre relevant for minoritetsgruppene i denne undersøkinga. Livskvalitet for dei ser i langt større grad ut til å vere knytt til at slike ressursar vert forvalta innanfor ein større fellesskap.

Framtidsperspektiv

Verdien av storfamilien og slekta kan også koplast til individua sine perspektiv på framtida. Ønskjer personen/målgruppa å bu i kommunen? Kva betyr det for dei at storfamilien bur i nærlieken? Kva betyr det for dei at dei er få eller mange frå same etniske gruppe i kommunen? Og ikkje minst; korleis tenkjer foreldre (eller einslege) om det å reise attende til heimlandet? Er opphaldet i Noreg første og fremst ei ”ventetid”, der dei også førebud seg og sine til å reise attende ein gong? Dette er aspekt ved kvardagen som igjen har innverknad på

strategiar for tiltak. I så fall må ulike offentlege instansar også etterspørje kva dette kan innebere av utfordringar og eventuelt barrierar for barna si sosialisering i det norske samfunnet.

Ansiennitet i kommunen /Noreg

Den tida personen/målgruppa har bak seg i landet spelar etter alt å døme ei vesentleg rolle for informantane sine tilpassingsstrategiar lokalt. I særleg grad var det mogleg å registrere eit utstrakt sosialt nettverk blant dei somaliske flyktningane, der dei nye brukte dei røynde som ”døropnarar”. Det er all grunn til å tru at dette fenomenet også finst i andre minoritetsgrupper. Dei som hadde lengst tid bak seg i landet eller kommunen vart systematisk nytta som rådgjevarar og hjelparar inn i det norske samfunnet. Trass i at kommunen kunne vere involvert i hjelpetiltak knytt til einskildpersonar i gruppa, vart gjerne deira eigne rådgjevarar mobilisert parallelt. Det kan vere ein fornuftig strategi å tidleg trekke ressurspersonar frå minoritetsgruppene inn i den kommunale administrasjonen sine eigne rekjer, ikkje berre som tolkar og morsmålslærarar, men også som *likeverdige samarbeidspartar* i ei utvikling av integrasjonstiltak.

4.1. Integreringstiltak på sentrale arenaer

Fig.4

Kulturelle ressursar og perspektiv som må takast omsyn til eller aktiverast: ↓	Sentrale arenaer i integrasjonssammenheng			
	Arbeid og økonomi	Skule og barnehage	Fritid	Bustad og naboskap
Storfamilien	<p>Medium for fordeling av økonomisk støtte</p> <p>Korleis kan forholda leggast betre til rette for <i>familiebedrifter</i> (kafe, restaurant, butikk)?</p> <p>Moglege etableringstilskot og informasjon om korleis kan gå fram i det norske systemet m.m.</p>	<p>Familien inn i skule og barnehage (tilvenning)</p> <p><i>Foreldremøta</i> som viktig arena. Korleis kan utvikle denne arenaen?</p>	<p>Korleis gjere seg nytte av fritidstilbod lokalt?</p> <p>Flyktningguide sentral her.</p> <p>Kva med meir systematisk bruk av støttekontaktar?</p>	<p>Utbetring av standard og kvalitet, særleg i byen.</p> <p>Auka differensiering av tilbod:</p> <p>Kommunale bustadar bygd med tanke på store barnefamiliar</p> <p>Dei som ønsker kjøp av eigne bustadar må få <i>hjelp</i> og <i>rettleiing</i> til gode finansierings-ordningar.</p>
Framtids-perspektiv -sjansar for å kunne reise heim ? - eksilet ei "ventetid"	<p>Hjelp til familien i heimlandet</p> <p>Vedlikehald av slektskapsrelasjonar</p>	<p>Skule og utdanning for barna viktig for foreldra uansett framtidsperspektiv</p> <p>Barnehage viktig for språkopplæringa siste året før skulestart.</p> <p>For dei yngste barna: alternativ tilsynsordning og leikegruppe?</p>	<p>Alders og kjønnsspesifikke tiltak.</p>	<p>Leige eller eige: avhengig av framtidsperspektiv</p>
Flyktninger med ansiennitet (dobel-kompetanse)	<p>Oppgrader og bring inn i systemet</p> <p>Praktisk røynsle</p>	<p>Oppgrader og bring inn i systemet</p> <p>Praktisk røynsle</p>	<p>Oppgrader og bring inn som aktive brubyggjarar</p> <p>Korleis trekke inn ressurspersonar frå minoritetane inn i organisasjonslivet? T.d. ungdomsleiarar frå minoritetsgruppene?</p>	<p>Oppgrader og bring inn som aktive brubyggjarar</p>
Kommentarar	<p>Arbeidet har også eigenverdi (særleg for menn)</p> <p>Viktig med systematisk kartlegging og haldningsendring av lokalt næringsliv / arbeidsarenaer.</p>	<p>Store utfordringar for tolketenesta i kommunane.</p> <p>Trong for tolkeutdanning i distrikta?</p>	<p>Utfordre t.d. sanitetslag ?</p> <p>Kartlegging av private lokale organisasjonar si moglege rolle i integreringa av minoritetsgrupper</p> <p>Korleis ta høgde for ulike <i>barrierar</i> for deltaking (kulturelle, økonomiske, praktiske barrierar) sjå s. 49-50?</p>	<p>Viktig med ein viss bustadkonsentrasjon, men "omringa" av etnisk norske naboar.</p> <p>Vere medviten at ulike bustadområde har ulik status</p> <p>Korleis kan bustadpolitikken nyttast for å skape betre vilkår integrasjon av flyktningar?</p>

VEDLEGG 1: SOSIOKULTURELLE FORHOLD I AFGHANISTAN OG SOMALIA

Afghanistan

Afghanistan ligg i det sørlege Asia , og grensar til Pakistan, Iran, Tajikistan, Turkmenistan og Uzbekistan. Pr. 1995 var det totale innbyggjartal estimert til i overkant av 21 millionar. I hovedstaden Kabul er talet på innbyggjarar kring ein million .

Afghanistan er omringa av andre landegrenser utan tilgang til kyst, og elles prega av høge fjellområde. Klimatisk er landet dominert av karrige landområde, med kalde vintrar og varme somrar.

Interne krigar, okkupasjons - og kolonimakter har gjennom dei siste 20 åra drive 2/3 av befolkninga på flukt ut av landet. Meir enn 6 millionar har flykta til nabolanda Pakistan og Iran, og minst 1 million har flytta frå den afghanske landsbygda inn til byane av same årsak. Landet er dominert av ein førmoderne tradisjonell livsstil og ekstrem fattigdom. Forventa gjennomsnittleg levealder (pr. 1995) er 46 år for menn og 45 år for kvinner. Det er likevel sterke kontrastar i livsstil mellom millionbyar som t.d. Kabul og den fattige landsbygda. Levegrunnlag i Afghanistan er hovudsakleg ein kombinasjon av dyrehald, ofte knytt til nomadisme, og jordbruk. Ca. 67 % av befolkninga dreiv i 1980 kombinert jordbruk og dyrehald. Ca. 10 % var på same tid knytt til industri , ca. 6 % til bygg /anlegg og ca. 15 % til handel og servicenæringer.

Nasjonalitet, etnisitet og genealogi (slekskap)

Folk kallar seg *afghansk* av nasjonalitet. Landet er inndelt i fire store etniske grupper (divisjonar): *Pashtun* 38 %, *Tajik* 25 %, *Hazara* 19 % , *Uzbek* 6 % samt ei rekke mindre grupper (*Chahar*, *Aimaks*, *Turkmen*, *Baloch* m.fl.). Hovudsakleg er folket delt i to store språkgrupper; *Pashtu* 35 % og *Afghan persisk (dari)* 50 %. I tillegg utgjer tyrkisk språk 11 % . 30 mindre språk utgjer 4 % (dei fleste av desse er tospråklege).

I prinsippet er slektskapssystemet i Afghanistan *patrilineært*. Barn arvar faren sitt namn og blir hovudsakleg oppfatta som tilhøyrande hans slekt. Kva for slektskapsline som i praksis får størst verdi kan like gjerne bli avgjort av faktorar som gjensidig sympati og geografiske føresetnadar (Naguib og Thorbjørnsrud, 1994).

Blodband står sterkt i den afghanske kulturen (som i resten av den arabiske kulturen i regionen). Omgrepet blodets band er skildra i det arabiske omgrepet *al-beit* (heimen). I overført tyding vert også kvinner og barn i familien som *al-beit*. Omgrepet omfattar også individet sitt forhold til bustad, og gjev uttrykk for at noko er ein *nær*. Ein slekting er difor ein nærstående.

Kjønn som viktig organiserande faktor

Det er sjølvagt variasjonar i korleis menn og kvinner i Afghanistan lever og posisjonerer seg i høve til kvarandre. Det er også store forskjellar mellom by og land, mellom ulike religiøse grupper, mellom klasser og mellom analfabetar og utdanna. Trass i det er kjønn ein av dei viktigaste organiserande faktorane i samfunnet. Verda vert sett som fundamentalt kjønna, og det eksisterar få om nokon kjønnsnøytrale felt (Naguib og Thorbjørnsrud, 1994). Slør og segregasjon dominar difor biletet den vestlege verda har av Afghanistan. Ikkje minst etter at

landet kom på ”verdskartet” med Taliban sitt ekstreme islamske regime frå 1996 til desember 2001. Det vart då forbode for kvinner å syne seg utan å vere heilt tildekt , også andletet. Tradisjonelt vert altså menn og kvinner definert som fundamentalt forskjellige og der kjønnsrollene framstår som komplementære i høve einannan. Dvs som gjensidig utfyllande; der mannen vert oppfatta som den sterkaste, mest logiske og rasjonelle av kjønna. Han er difor betre eigna som familiens verje og forsørgjar. Kvinner vert sett på som meir tolmodige, meir følsame, impulsive og omsorgsfulle. Kvinnen sin natur er i dette perspektivet betre eigna til å ta seg av barn og heim.

Religion

Islam er den dominerande religionen i landet. 84 % er *Sunni* muslimar, 15 % er *Shi'a* muslimar og ca. 1 % høyrer til kategorien ”andre”.

Stat

Politiske leiarskap gjennom tidene har mislukkast i skape ein uavhengig og sterk stat i Afghanistan. Landet er prega av kontinuerleg splitting mellom ein visjon om samling til ein nasjon og ein i praksis tilbakevendande fragmentering i mindre einingar. Dette har m.a. dei siste 20 åra ført landet inn i vedvarande borgarkrigar, i tillegg til at landet både har vore okkupert av Russland og forsøkt kolonisert av Storbritannia.

Afghansk kultur er elles prega av ein sterk oral tradisjon. 1990 tal syner at berre 29 % av total befolkning over 15 år kunne lese og skrive. Av desse er 44 % menn og 14 % kvinner.

Somalia

Somalia ligg på spissen av Afrikas Horn ved det Indiske hav , aust for Etiopia , sør for Djibouti og nord for Kenya. Landet er tørt og karrig, med ein stor del ørkenområde.

Dei fem taggane i det somaliske flagget (frå 1960), symboliserar landeområda Somalia, Somaliland, Djibouti, Ogaden i Etiopia og nord-aust regionen i Kenya. Alle desse områda, folkesett av somaliarar, var – og delvis er - levande symbol på ein gamal draum om ”The Greater Somalia”, der alle somaliarar skal kunne sameinast innan felles landegrenser.

Kolonimakt og administrative inndelingar har vore årsaker til at somaliarane, som folkegruppe, vart splitta og busette i ulike land, særleg i det austlege Afrika. Somalia var britisk protektorat i nord, og italiensk koloni i sør, frå 1889 til 1960. I vest koloniserte Frankrike området, som somaliarane kallar Vestre Somalia og Ogaden. I 1950 vart den franske kolonien ein del av Etiopia, noko som førte til at mange somaliarar flykta til Somaliland i nord. Somaliland og sør - Somalia vart erklært som ein sjølvstendig republikk i 1960, gjennom ei samanslåing av dei to koloniane.

I sjølve Somalia er folketalet rekna til ein stad kring 8 millionar¹⁸ (Aschehoug og Gyldendal store leksikon,1998), medan ulike estimat hevdar at minst 2 millionar somaliarar er på flukt i andre land (m.a. Røde Kors, 1999). Ca. 6800 av desse er busette i Noreg (“Somalia-prosjektet”, UDI, Regionkontor Vest, 2001).

¹⁸ Eg har knapt kome over to kjelder som opererer med same tal her. Sannsynlegvis skriv det seg frå høgst usikre folketeljingar, som følgje av årelange krigar, og at landet har ei stor nomadisk befolkning.

Krig og politisk uro har gjort det vanskeleg å gjere utrekningar etter 1990, men då var ca. 60 % av befolkninga nomadar. 20–25 % var bufaste jordbrukarar, og dei resterande 15 % budde i byar; hovudsakleg i Mogadishu, der dei livnærer seg hovudsakleg av handel (ibid).

Nasjonalitet /Etnisk fellesskap/ genealogi

Somaliarane som i dag er spreidde over store delar av verda reknar all sin avstamming frå ein felles stamfar; den mytiske *Hiil*. Bortsett frå visse dialektiske skilnader snakkar alle somaliarar same språk.

Somaliarane er hovudsakleg oppdelt i seks klansføderasjonar: *Darood* som lever i nordaust og lengst i sør. *Isaaq* lever som nomadar i nord og som ein handelsminoritet i Kenya, Uganda og Tanzania. *Hawiye* klanane lever i Sentral- Somalia og rundt kystbyane (Mogadishu, Brava, Merca). Mellom elvane Juba og Shebelle lever *digil* og *rahanvein*, og ved kysten lever *dir* klanane. Frå alle desse seks hovudklanane finnast ei rekke subklanar (undergrupper).

I det somaliske slektssystemet høyrer alle til den same avstammingsgruppa som kan rekne same farsline. Altså eit *patrilineært* slektskapssystem, der det mest relevante nivået for samarbeid, vert kalla *qolo* eller *qabil*. Ulike nivå for samarbeid (t.d. brorskap, søskjenbarn på farssida, tremenningar på farssida osv.) inneber på same tid både eit potensielt *skilje* og ei *tilknyting* (Dahl, 1994). Ein mann kan ikkje reknast som ein sjølvstendig juridisk person innanfor dette slektssystemet. Ein delar bøter, gjeld, brudeprisar og erstatningar som klanen har del i. Ein kvar somaliar sin relasjon til ein annan somaliarar, kan utifrå dette systemet avgjerdast ut frå klanen sitt innbyrdes forhold til kvarandre. For somaliarane og deira politiske ideologi, tyder dette at å høyre til ei stor gruppe med lang avstammingskjede gir prestisje og politisk tryggleik (Helander, 1987).

Klanssystemet som sosialt, organisatorisk og identifiserande prinsipp er nedarva og etablert i dei fleste somaliarar sitt medvit. Nemnast i så måte, er at det ikkje er uvanleg at somaliarar - allereie frå barnsbein av - kan rekne opp namna på forfedrane sine; ofte 20–25 generasjonar attende i tid. I Somalia er du ingenting utanfor farsslekta, og lojaliteten overfor klanen er av sentral verdi. Innanfor dei store klansfamiliane finnast det igjen tallause klanar, og underklanar, som er med på skape meir diffuse lojalitetar. På denne måten utgjer klanssystemet ein av hjørnesteinane i somalisk sosial struktur og politikk (Keynan, 1999, Lewis, 1994). Det å kunne spore sin eigen avstamming er noko foreldre legg stor vekt på i høve barna. Der nordmenn gjerne vil spørje "Kvar kjem du frå?", vil somaliarane plassere kvarandre i høve klan. Ofte kan det vere slik at dersom du spør ein somaliarar kvar han/ho kjem frå i Somalia vil vedkomande svare med den staden han/ho oppheldt seg sist.

Når Keynan omtalar klanssystemet, er det likevel ikkje utan å understreke den djupe ambivalansen, som dette slektssystemet også representerer for mange somaliarar i dag. Både mellom dei som lever i Somalia, og dei som har flykta til andre land, kjem slik ambivalens ofte til kjenne. Kampen mellom dei ulike opposisjonsrørslene er langt på veg ofte ein kamp mellom klanar, og framleis kjempar dei ulike fraksjonane og grupperingane om makta i landet.

Kjønn

Den nomadiske livsstilen kan nok ha vore sterkt medverkande til at det tradisjonelt patrilineære og maskuline kjønnsrolleidealet, har fått sin eigen variant i somalisk kultur. Kvinnene har tradisjonelt gjennom eit hardt nomadisk liv, måtte klare seg på eiga hand, saman med andre kvinner i slekta, og utan menn til å ordne opp for seg. I ein austafrikansk kontekst er dei også kjende som dyktige handelskvinner. Økonomisk har dei somaliske

kvinnene vore sjølvstendige, noko som også til dels er nedfelt i somalisk ekteskapstradisjon der unge kvinner har vore tilgodesett med eigne dyr som ho har fått med inn i ekteskapet. Ved skilsmisses (som oftest var mannen sin rett) har desse dyra (geiter, sau) m.a. vore hennar økonomiske livsforsikring. Krig, tørke, utarming av beiter og store tap av husdyr dei siste tiåra, har likevel langt på veg brote ned nemnde tradisjonelle velferdsinstitusjonar.

Stat

Somalia har ei svært komplisert politisk historie og har som mange andre afrikanske land vore gjennom periodar av kolonisering og utanlands dominans. Først i 1960 fekk landet sitt sjølvstende og ei sivil regjering. Sjølv om landet var sameina og erklært uavhengig, verka dei to tidlegare koloniane som to separate land. Kolonimaktene etterlet seg ulike administrative, juridiske og utdanningsmessige system, med ulike standardar, prosedyrar og språk. I laupet av 60-åra vart likevel partiet *Somali National Congress* etablert med støtte frå begge sider.

I følgje Ioan M. Lewis (1994), ein av dei fremste somaliaforskarane gjennom tidene, har somaliarane alltid hatt ei sterk kjensle av å tilhøyre *ei felles eining*. Somalia er m.a. eit av dei få landa i Afrika, der alle snakkar same språk og tilhører same religion, *sunni-muslimar*. Likevel har ikkje landet klart å transformere denne sterke kjensla, til *ei* sams politisk eining, og *ein* stat, skriv Lewis. Hovudsakleg grunngjev han dette med at nasjonalisme og tradisjonell klanssolidaritet ikkje er kompatible einingar. Denne påstanden vert også støtta av den somaliske forskaren Hassan Keynan (1999) som sjølv har gjort feltarbeid i Somalia. Som Lewis hevdar også Keynan at dei grunnleggjande tradisjonane i det prekoloniale Somalia, som var prega av klanssolidaritet/nomadisme og islam ikkje var kompatible med innføringa av eit statssystem. Ein annan vesentleg årsak til at landet ikkje lukkast med statsdanninga hevdar han, var at dette heller aldri var kolonimaktene sitt seriøse mål. I tillegg klandrar han den somaliske politiske eliten, for å ha mislukkast i å sameine dei konstituerande somaliske tradisjonane. Dei verken ville, eller evna å utvikle eit varig og tenleg statssystem som kunne femne om alle somaliarar, skriv Keynan (1999).

Då Siad Barre med sitt kommunistiske leiarskap tok over makta ved eit statskupp i 1969, erklærte han året etter at klanssystemet var ”dødt og gravlagt”. Gjennom eit diktatorisk leiarskap sat han ved makta fram til borgarkrigen i 1991. For Barre representerte det tradisjonelle klanssystemet motpolen til draumane om ei modernisering av Somalia. Følgjeleg starta han nærmast krig mot dette systemet. På trass av det, er det likevel truleg ingen leiar i Somalia si historie som betre har utnytta nett klanssystemet til eigen fordel enn Barre. Hassan Keynan samanliknar m.a. Siad Barre sitt ”clanisation scheme”, som eit prosjekt, som i første rekke vart drive fram av landets *elite* - og særskilt den politiske militære leiinga. Keynan karakteriserar Barre sin politikk som ei ”klanifisering av nasjonalpolitikken og ei politisering av klanspolitikken” og samanliknar desse prosessane med det som skjedde i Rwanda før folkemordet i 1994:

What happened in Somalia was not an exact replica of the Rwandan nightmare. Nevertheless, there are striking similarities. Chief among these is the key role the elite played in planning and executing the clanisation scheme. The author and most extreme practitioner of this sinister politics was the ruling elite led by Siad Barre. Instead of giving up or sharing power, Siad Barre and his collaborators chose to transform a political problem into an inter-clan rivalry and conflict, and began pitting one clan against another, creating a climate of fear and hatred.” (ibid, 1999:163)

I ein somalisk kontekst vert historier om overgrep og folkemord ikkje berre knytt til det som skjedde - og skjer i sjølve Somalia. Alt som hender i dei fem landa, representert ved fem

taggar i det somaliske flagget, vert såleis omforma til kollektive historier mellom somaliarar i eksil. Ofte dreier historiene seg om etnisk reinsing, trakasseringar og forfølging.

VEDLEGG 2: INTERVJUGUIDE

TEMATISK FOKUS

BAKGRUNN

Etnisk bakgrunn, familieforhold, status (gift m eller u. familie, einsleg)
Frå by eller landsbygd
Kom som asylsøkjar / FN kvoteflyktning / familiesameining m.a.
Tidlegare utdanning / arbeidsrøynsle
Flukten

FØRSTE TIDA I KOMMUNEN

Kor lenge i Norge, i bykommunen / i bygdecommunen
Korleis vart du /de mottatt ?
Korleis opplevde første tida ?
Korleis opplever du det har det gått etter kvart ?
Ønsker å bu her ?
Viss ikkje – kvifor ? Evnt . ønska alternativ ?

INTEGRERING

Kva forstår med omgrepet ?
Kva er god integrering ?
Kva er viktige faktorar i integreringa ?
Av desse – kva er viktigast ?

KONTAKTA MED NORDMENN

NABOSKAP OG VENNSKAP

Nordmenn du snakkar med dagleg ? Kor ofte ?
Kven tek initiativ til kontakt ?
Nordmenn du gjer noko saman med ?
Besøkt nokon i heimen ?
Fått besøk i heimen din ?
Norsk venn / venner ?
Beskriv den sosiale situasjonen din

ORGANISERTE /UORGANISERTE AKTIVITETAR

Aktivitetar etter arbeid /skule ? Organiserte...
Uorganiserte....
Medlem i frivillige organisasjonar i heimlandet ? Veit noko om lokale lag / organisasjonar ? Korleis får greie på kva som ”skjer ” lokalt ? Behov ? Saksn ?
Fortell om sosiale aktivitetar utanom pliktmessig arbeid i heimlandet.... .

KOMMUNE OG HJELPEAPPARAT

Syn på det offentlege
Forholdet til kommunen og hjelpeapparatet
Kven kontakt med innan det offentlege / kommunen ?
Korleis går fram for å få kontakt ?
Kven mest kontakt med ?

Kva hjelp støtte har du fått ?
Forventningar du hadde då du kom ?
Endra syn ?

UTDANNING

Syn på utdanning
Kva skule/ opplæring har du fått i Noreg ?
Ønske om meir ? Kva ?
Skuletilbodet i kommunen

Forholdet til lærarar
Forholdet til medelevar
Utdanningstilbod du syns manglar i kommunen ?

ARBEID

Syn på arbeid
Er i arbeid – kva ?
Kor lenge ?
Opplevelse av arbeidsplassen
Noko du kunne tenkje deg å endre på ?
Arbeidsledig ? – kor lenge ?
Noko du kunne tenke deg å arbeide med ? Starte opp sjølv ?
Syn på økonomien din
Ansvar for andre – i heimlandet ? Sender pengar heim ?

BUSTAD

Syn på bustad
Nøgd – misnøgd ?
Behov / opplæring i bruk av utstyr i huset ?
Ønsker ?

FRIVILLIGE LAG /ORGANISASJONAR

Interesse for nærmiljøet
Med i organisasjonar – lokalt ?
Politisk aktiv ?
Lokalpolitisk orientert ?
Kjennskap til det norske pol. systemet ?
Korleis orienterer du deg om det som skjer lokalt ? (Aviser, munn til munn)

RELIGIØS TILKNYTING / FELLESSKAP

Religiøs tilknyting
Verdien av religiøs praktisering
Verdien å ha eit religiøst fellesskap i kommunen
Kva gjer de saman ?
Fellesskapet av betydning for busetting i kommunen ?
Kva betyr at barna følger samme religion ?

RASISME / ETNISK EKSKLUDERING

Oppleveling av norske haldningar
På ”gata”

I systemet

Du eller andre du kjenner opplevd rasistiske haldningar, åtferd blant folk ?

Ofte – av kven ? Situasjonen...skildre.

På arbeid, skole ?

BARNEFAMILIEN

BARNEHAGEN

Syn på barnehagen

Nytter tilboden ? Kvifor – kvifor ikkje ?

Meiningar om tilboden

Ønske om endringar ?

Kontakt med personalet ?

Tolk ?

Har erfaring frå barnehage i heimlandet ?

Kven passa barna der ?

SKULEN

Syn på skulen

Kontakt med lærarane

Møter på foreldremøta ?

Kven av foreldra tek kontakt ? Når ? Korleis ?

Opplevelse av kontakta med skulen

Tolk ?

KONTAKTA MED JAMALDRINGAR

Kven er barna saman med ? Har barna norske venner ?

Andre nasjonalitetar ?

Nokon som kjem på beøk ? Omvendt ? Situasjonar ...

Framtidsønsker for barna – Utdanning, yrke, giftermål

Kva syns om barna ønsker norsk ektefelle ?

Syn på eigen kultur vs. norsk - i forhold til barna

Korleis opplever å vere foreldre i Norge / kommunen her ?

FRAMTIDSPERSPEKTIV

Framtidsperspektiv : barna- familien / dei einslege

Kvar trur du/de at de er om 10 år ?

Ønske om å bli buande i kommunen ?

Tilbake til heimlandet ?

Andre kommuner ? Kvifor...

KJELDER OG LITTERATUR

Aschehoug og Gyldendals store leksikon, 1998

Akman, Haci (1995): *Landflyktighet. En etnologisk undersøkelse av vietnamesiske flyktninger i eksil.* Forlaget Migrasjonslitteratur, Bergen

Barth, Fredrik (1994) : *Manifestasjon og prosess.* Universitetsforlaget, Oslo

Block, Maurice (1991): "Language, Anthropology and Cognitive Science" i *Man* nr. 2 1991

Bourdieu, Pierre (1977): *Outline of a Theory of Practice.* Cambridge: cambridge University Press

Borchgrevink, Tordis (2002): "Likestilling. Det flerkulturelle demokratiets hodepine " i Brochmann, Borchgrevink, Rogstad (2002): *Sand i maskineriet. Makt og demokrati i det flerkulturelle Norge.* Gyldendal Akademiske

Bjørndal, Jostein (1988): *Wagalla – massakren. Noreg i tyranniets ærend ?* det Norske Samlaget , Oslo

Båtevik, Mattland Olsen, Vartdal (2003): *Jakta på det regionale mennesket. Om bulyst og regionale tilpassingar i Møre og Romsdal.* Arbeidsrapport nr. 136. Høgskulen i Volda & Møreforskning Volda.

Bringslid, Mary Bente (1996): *Bygda og den framande: Ein studie av det lokales de- og rekontekstualisering i ei vestnorsk bygd.* Institutt og museum for antropologi, Universitetet i Bergen

Christie, Nils (1975): *Hvor tett et samfunn?* Universitetsforlaget, Oslo

Clifford, James (1997): "Diaspora" i Monserrat Guibernau & John rex (eds). *The Ethnicity reader: Nationalism, multiculturalism and migration.* Cambridge Polity Press

Dahl, Gudrun (1994): "Afrikas Horn" I Howell og Melhuus (red.)(1994) *Fjern og Nær, Sosialantropologiske perspektiver på verdens samfunn og kulturer* Ad Notam Gyldendal

Djuve Anne Britt og Hagen, Kåre (1995): "Skaff meg en jobb!" Levekår blant flyktninger i Oslo. Fafo-rapport 184

Gullestad, Marianne (1989): *Kultur og hverdagsliv,* Det blå bibliotek, Universitetsforlaget, Oslo

Gullestad, Marianne (2002): *Det norske sett med nye øyne.* Universitetsforlaget

Helander, Bernard (1987) *Gender and Gender Characteristics as a Folk of Model in Southern Somali Social Classification and Symbolism.* Uppsala: Dept. of Cultural Anthropology.

Høgmo, Asle (1998): *Fremmed i det norske hus. Innvandrernes møte med bygdesamfunn, småby og storby*. Ad Notam Gyldendal

Jenkins, Richard (1994): `Rethinking ethnicity: identity, categorization and power` , *Ethnic and Racial Studies*, vol.17, pp. 197-223

Keynan, Hassan (1999): "Reconfiguring Somali Political landscape- patterns of Political Mobilisation and Rhetoric " i Tesli og Holm – Hansen (eds.) *Building the State*. NIBR `s Pluss Series 2-99.

Keynan, Hassan (2002): "Mannsrollen fremmer krigen" i *Embla*, Fagtidsskrift for barnevernspedagoger, sosionomer og vernepleiere, nr. 7 2002

Klepp, Ingun (2002): "*Shimbir botbot badan mathaha ayay kutega*" ("Ein fugl som flyg omkring åleine vil til slutt lande med hovudet først") *Ein diskursiv analyse av relasjonar mellom somaliske familiar og lokalbefolkinga i ein vestnorsk bygdeby*. Hovudoppgåve i sosialantropologi, Institutt for sosialantropologi, Universitetet i Bergen

Knudsen, John Chr. (1988): *Vietnamese survivors: processes involved in refugee coping and adaptation*. Bergen: The Migration project : Dept. of Social Anthropology, University of Bergen.

Knudsen, John Chr. (1990): "Cognitive Models in Lifehistories " *I Anthropological Quarterly*, 63 (3)

Knudsen, John Chr. (1994): "When Trust is on Trial: Negotiating Refugee Narratives" i *Mistrusting Refugees* (ed): E. Valentine Daniel og John Chr. Knudsen

Kramer, Julian (1984): "Norsk identitet – et produkt av underutvikling og stammetilhørighet". I Klausen, Arne Martin (red) (1984): *Den norske væremåten*. Antropologisk søkelys på norsk kultur

Kvalen. Nina (2003): *Bosetting og integrering av etniske minoriteter i en by - og bygdedekommune på Nordvestlandet*. Masteroppgave i samfunnsplanlegging, Høgskulen i Volda

Larsen, Tord (1999): "Den globale samtalen" i T. Hylland Eriksen & O. Hemer (red.): *Ambivalens og fundamentalisme: seks essays om kulturens globalisme*, Spartacus, Oslo

Lewis, Ioan M. (1994): *Peoples of the Horn of Africa*. New Edition. Haan Associates, London.

Müller, Hanne (1996): "Veier inn i den "tause kunnskapen". i *Norsk Antropologisk Tidsskrift* 3/1996, 7.årgang

Longva, Anh Nga (1991); " Etnisk organisering blant vietnamesiske flyktningar" i Woon, Long Litt (red) (1992): *Fellesskap til besvær? Om nyere innvandring til Norge*)

Naguib, Nefissa og Thorbjørnsrud, Berit (1994): "Midtøsten" i Howell og Melhuus (red.)(1994) *Fjern og Nær, Sosialantropologiske perspektiver på verdens samfunn og kulturer* Ad Notam Gyldendal

Ot.prp.nr.28 (2002) *Om lov introduksjonsordning for nyankomne innvandrere* (introduksjonsloven)

Europarådsrapport oversatt og med forord av Utlendingsdirektoratet: *Rammer for integreringspolitikk en sjekkliste for helhetlig og langsiktig integreringsarbeid*
Grunnlagsdokument for Europarådets 7. konferanse for ministre for integrering, Helsingfors september 2002

Sam, David Lackland (1995): *Flyktningers psykiske helse. En sosial forebyggende tilnærming*
Hemil- Rapport nr. 13 – 1995

St. melding nr. 17 (2000- 2001): *Asyl og flyktningpolitikken i Noreg*

Sørheim, Hans Christian (1984): "Totemisme på norsk - betrakninger om den norske sosialdemokratismens vesen " i Klausen, A.M (red) *Den norske væremåten*, Cappelen

UDI, Regionskontor Vest (2001): *Somaliaprosjektet. Om bosetting av somaliere i 12 kommuner på Vestlandet.*

Visapää, Catharina (1997): *Somaliska ungdomars livssituation i Helsingforsregionen. En intervjuundersökning med 30 somaliska ungdomar.* SSKH Helsingfors Universitet, Meddelanden Nr. 49, Universitetstryckeriet

Øvreliid, Bjarne (1997) "Innvandrarane sine vegar til fellesskapet i norske bygdesamfunn" i Brox, Ottar (red.): *Tett eller spredt. Om innvandrernes bosettingsmønster i Noreg.* Tano Aschehoug

Ålund, Aleksandra (1991): *Lilla Juga : etnicitet, familj och kvinnliga nätverk i kulturbrytningars tid,* Carlssons